

# **FFI RAPPORT**

**IRAK OG TERRORTRUSSELEN: Eit oversyn  
over terrorgrupper med tilknyting til det  
irakiske regimen**

LIA Brynjar

**FFI/RAPPORT-2003/00940**



FFISYS/828/161.1

Godkjent  
Kjeller 12. mars 2003

Jan Erik Torp  
Forskningsssjef

**IRAK OG TERRORTRUSSELEN: Eit oversyn over  
terrorggrupper med tilknyting til det irakiske regimet**

LIA Brynjar

FFI/RAPPORT-2003/00940

**FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT**  
**Norwegian Defence Research Establishment**  
Postboks 25, 2027 Kjeller, Norge



**FORSVARETS FORSKNINGSISTITUTT (FFI)**  
**Norwegian Defence Research Establishment**

**UNCLASSIFIED**

P O BOX 25  
 NO-2027 KJELLER, NORWAY  
**REPORT DOCUMENTATION PAGE**

**SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE  
 (when data entered)**

1) PUBL/REPORT NUMBER  FFI/RAPPORT-2003/00940	2) SECURITY CLASSIFICATION  UNCLASSIFIED	3) NUMBER OF PAGES  77
1a) PROJECT REFERENCE  FFISYS/828/161.1	2a) DECLASSIFICATION/DOWNGRADING SCHEDULE  -	
4) TITLE  IRAK OG TERRORTRUSSELEN: Eit oversyn over terrorgrupper med tilknyting til det irakiske regimet		
IRAQ AND THE TERRORIST THREAT: A survey of terrorist organisations with links to the Iraqi regime		
5) NAMES OF AUTHOR(S) IN FULL (surname first)  LIA Brynjar		
6) DISTRIBUTION STATEMENT  Approved for public release. Distribution unlimited. (Offentlig tilgjengelig)		
7) INDEXING TERMS IN ENGLISH:	IN NORWEGIAN:	
a) Terrorism	a) Terrorisme	
b) Islamism	b) Islamisme	
c) Asymmetric Warfare	c) Asymmetrisk krigføring	
d) Threats	d) Trusler	
e) Iraq	e) Irak	
THESSAURUS REFERENCE:		
8) ABSTRACT  The present report assesses the terrorist threats emanating from the current conflict in Iraq, focusing on terrorist organisations with past and/or present links to the Iraqi regime. Over the years, Bagdad has supported a variety of terrorist groups with a global reach. Although some of these organisations are currently seen as inactive, such as the Abu Nidal-organisation, some of them may be reactivated and utilised in an Iraqi campaign against international targets should the regime wish to do so. Available open source information about increased Iraqi intelligence activities overseas may suggest that Iraqi motivations for an international terrorist campaign exist. The report also studies the alleged relationship between Iraq and the al-Qaida-network. Despite many claims to the contrary, the Iraqi regime has most probably been in contact with and co-operated with a number of radical Islamist organisations, including al-Qaida and several al-Qaida-affiliated organisations. There are strong indications of co-operation in a number of fields, based on a convergence of interest in confronting and punishing the United States. The accepted wisdom that ideological hostility has prevented any meaningful contacts seems unfounded. The report also discusses the Iraqi-based Iranian opposition movement Mujahidin al-Khalq and warns that this large and well-armed group may present a considerable terrorist threat in the future. Armed pro-Iranian Iraqi opposition groups, such as the SCIRI and <i>al-Da'wa al-Islamiyya</i> , may also become a source of serious instability in a future post-Saddam Iraq.		
9) DATE  12. March 2003	AUTHORIZED BY  This page only  Jan Erik Torp	POSITION  Director of Research

ISBN 82-464-0692-2

**UNCLASSIFIED**

**SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE  
 (when data entered)**



**INNHOLD**

	<b>Side</b>
<b>1 INTRODUKSJON</b>	7
1.1 Militære intervensionar og internasjonal terrorisme	8
1.2 Lærdommar frå Golfkrigen i 1991	8
<b>2 IRAK OG INTERNASJONAL TERRORISME: GENERELLE BETRAKTNINGAR</b>	10
<b>3 IRAKISK ETTERRETNING</b>	14
3.1 Ei irakisk rolle i WTC 1993 og Oklahoma-bombinga?	15
3.2 Flyktingespionasje, trakkassering og attentat mot irakiske eksilmiljø	17
3.3 Planar for irakiske terroråtak i tilfelle krig?	19
<b>4 IRAK OG AL-QAIDA</b>	20
4.1 Ein taktisk allianse	21
4.2 Kort om Irak i al-Qaidas retorikk	21
4.3 Irakisk samarbeid med al-Qaida	22
4.4 Kontaktar	23
4.5 Opplæring i Salman Pak-leiren og i MEK-leiren Al-Uzaym	24
4.6 Andre samarbeidsaktivitetar	25
4.7 Tilfluktstad og operasjonsbase i Bagdad for Zarqawi-gruppa	25
4.8 Eit bindeledd i Nord-Irak: Ansar al-Islam?	29
4.8.1 Ansar al-Islam og al-Qaida	33
4.9 Kor truverdig er Powells tale?	36
4.10 Irakisk støtte til andre pro-Qaida islamistgrupper	37
4.10.1 Sipah-e Sahaba Pakistan	37
4.10.2 Abu Sayyaf-geriljaen	38
<b>5 ANDRE IRAKSTØTTA TERRORGRUPPER</b>	39
5.1 Den iranske opposisjonsrørsla Mujahidin al-Khalq	39
5.1.1 MEK sin væpna kamp	39
5.1.2 Militærbasar i Irak	41
5.1.3 MEKs eksterne støttenettverk og sympatisørar	43
5.1.4 Gerilja- og terroråtak på 1990-talet	45
5.1.5 Mot eit sluttspel for MEK?	45
5.2 Sekulære palestinske grupper	46
5.2.1 ANO - Abu Nidal Organisasjonen	47
5.2.2 PLF – Palestinas frigjeringsfront/Abu Abbas-fraksjonen	52
5.2.3 15. mai-organisasjonen	53
5.2.4 ALF - Den arabiske frigjeringsfronten	53

5.3	Hamas, Palestinsk Islamsk Jihad, og Hizbullah	54
5.4	PKK - Kurdistans arbeidsparti	55
6	IRAKISKE MOTSTANDSORGANISASJONAR	57
7	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	59
	Litteraturliste	60
	DOKUMENTASJON	63
A.1	Lydbandopptak med bin Ladin på TV-stasjonen al-Jazira 11 februar 2003	63
A.2	Utdrag av CIA brev til Kongressen, 7. november 2002	66
A.3	Utdrag av Colin Powell sin tale til FNs tryggingsråd, 5 februar 2003	66
A.4	Utdrag fra CIA briefing, 12. februar 2003	70
A.5	Memorandum fra "Iraqi Kurdistan Islamic Brigade" datert 11. august 2001	70
A.6	Dokument om den kurdisk-islamistiske gruppa Jund al-Islam	71
A.7	Kommuniké etter attentatet på Lawrence Foley i Amman, 28 oktober 2002	72
	FORKORTINGAR	72
	Fordelingsliste	74

## IRAK OG TERRORTRUSSELEN: Eit oversyn over terrorgrupper med tilknyting til det irakiske regimet

*“I think I ought not apologize for my actions. [...] Your government has killed two million children in Iraq [...] your government has sponsored the rape and torture of Muslims in the prisons of Egypt and Turkey and Syria and Jordan with their money and with their weapons. O.K.? [...] I don’t see what I done as being equal to rape and to torture or to the deaths of the two million children in Iraq.”<sup>1</sup>*

“Skobombaren” Richard Reid under rettsaka i Boston, januar 2003

*“While speaking about al-Qa ‘ida, I would like to say that one of the security agencies said in a statement that they apprehended a terrorist group. I hoped they did not use such a term. The reason is that terrorism [irhab] is not a shameful thing in Islam. On the contrary, this should be one of the qualities of the believer.”<sup>2</sup>*

— Uday Husayn, på irakisk statleg satellitt-TV, august 2002

*“Iraq has indeed sponsored terrorism in the past but always of the traditional variety: it sought to eliminate Iraqi opponents abroad or, when conspiring against others, to inflict enough harm to show the costs of confronting it. But Mr. Hussein has remained true to the unwritten rules of state sponsorship of terror: never get involved with a group that cannot be controlled and never give a weapon of mass destruction to terrorists who might use it against you.”<sup>3</sup>*

— Daniel Benjamin, forfattar av boka *The Age of Sacred Terror*

### 1 INTRODUKSJON

Eit sentralt tema i den tryggingspolitiske debatten er konsekvensane av ein USA-leia militærintervensjon i Irak med ei uttala målsetjing om å avvæpne regimet for masseøydeleggingsvåpen og eventuelt innsetje eit nytt styresett.<sup>4</sup> I denne samanhengen er det ei utbreidd oppfatning at det vil kome ei rekke terroråtak mot USA og allierte statar i kjølvatnet av ein intervensjon. Denne korte studien tek sikte på å gi eit kort oversyn over terrorgrupper som har eller har hatt kontaktar eller samarbeid med det noverande irakiske regimet. Rapporten er meint å vere eit bidrag til det generelle arbeidet med trusselvurderingar og forebygging i brukarmiljøa våre. Eit utkast av studien vart gjort tilgjengeleg for desse miljøa i desember 2002.

<sup>1</sup> Sitert i Pam Belluck, “Unrepentant Shoe Bomber Sentenced to Life,” *The New York Times* 31 januar 2003

<sup>2</sup> “Iraqi TV Reports Uday’s Remarks on Jund al-Islam Group, Terrorism (FBIS-tittel),” *Iraqi Satellite Channel Television* 0630 GMT 24 august 2002, via FBIS.

<sup>3</sup> Daniel Benjamin, “Saddam Hussein and Al Qaeda Are Not Allies,” *The New York Times* 30 september 2002.

<sup>4</sup> Forfattaren vil rette ein takk til Tore Bjørørgo, Thomas Hegghammer, Jan Erik Torp, Geir Espen Fossum, Mats Ruge Holte, Ellen Haugestad, Petter Nesser og Bjørn Olav Knutsen for nyttige kommentarar på tidlegare utkast av denne rapporten.

## 1.1 Militære intervensionar og internasjonal terrorisme

I kva grad kan ein miliær intervension mot Irak føre til internasjonale terroraksjonar? For å svare på dette spørsmålet kan det vere føremålstenleg å studere faktorane motivasjonar/interesser og kapasitetar til dei aktørane vi meiner er relevant å studere. Produktet av desse to faktorane (motivasjonar X kapasitetar) er ein svært enkel modell for vurdering av terrortrussel og gir ein viss struktur til analysen. Vidare kan vi studere tidlegare tilfelle av multilaterale militære intervensionar og undersøkje samanhengen mellom militære intervensionar og internasjonal terrorisme meir generelt ved bruk av case studier. Det synest klart at det ikkje finst nokon klar og eintydig samanheng mellom desse. Ein upublisert FFI-studie som samanliknar tre ulike multilaterale, men USA-leia militærintervensionar (Beirut 1982-84, Golfkrigen 1991 og NATO-intervasjonen i Det tidlegare Jugoslavia og Kosovo i våren 1999), viser at desse intervensionane hadde svært ulike konsekvensar for det internasjonale terrorbiletet.<sup>5</sup> Medan det var svært få aksjonar i kjølvatnet av krigen i Kosovo, hadde krigen mot Irak i 1991 betydeleg innverknad på internasjonal terrorisme.

## 1.2 Lærdommar frå Golfkrigen i 1991

På grunn av den relative likskapen med dagens scenario kan effekten av Golfkrigen i 1991 vere nyttig å gjennomgå i meir detalj.<sup>6</sup> I første omgang konsentrerer vi oss om dei kortvarige effektene av krigen, dvs i perioden august 1990 til desember 1992.

Under Golfkrigen var det **ein markant auke** i internasjonale terrorhendingar. I perioden januar til mars 1991 var det tre-fire gonger høgare førekommst av internasjonale Midtausten-relaterte terrorhendingar enn tilsvarannde periode året før og nesten fem gonger høgare enn gjennomsnittet for resten av 1991. Dei fleste aksjonane skjedde under sjølve krigsoperasjonen *Desert Storm* 17 januar til 28 februar 1991.

Eit interessant aspekt var at dei fleste aksjonane vart gjennomførte av **lokale ideologiske grupper** (dvs sosio-revolusjonære, ikkje-separatistiske). Vensteradikale grupper stod for dei fleste åtaka, medan islamistgrupper, og palestinske organisasjonar spela ei oppsiktvekkjande liten rolle (ca 7 % og 0-1 %). Dei sistnemnde gruppene opptok som kjent ein prominent plass i det internasjonale terrorbiletet på 1980-talet. Det var også relativt få aksjonar som kan tilbakeførast til irakiske grupper og/eller irakisk etterretning (ca 5 %).

Når det gjeld *mål* for aksjonane i denne perioden (frå august 1990 til desember 1992), var ikkje overraskande USA det hyppigst førekommende målet (ca 65 %). Dei europeiske allierte (ca 22 %) og allierte statar i Midtausten (8,3 %) vart noko mindre ramma. Åtaka retta seg i hovudsak mot interesser til desse statane i Midtausten-regionen, inkludert Tyrkia, i Latin-Amerika, og Europa. Det var langt færre åtak i Afrika og Asia og omtrent ingen i USA. Dei fleste åtaka var **mindre operasjonar**, dvs utplassering av små bomber, samt åtak med granatar, skytevåpen og brannbomber. Talet på døde ofre i samband med desse aksjonane var lågt (totalt 108 aksjonar og

<sup>5</sup> Dei følgjande avsnitta baserer seg på Hegghammer et al (2003), s.34ff. Sjå også Bjørgo (2003).

<sup>6</sup> For nøyaktig talmateriale og metodiske betraktingar, sjå Hegghammer et al (2003), s 34.

minst 8 døde). Dette kan kome av at dei involverte terrorgruppene ikkje rakk å planlegge aksjonane i lang tid i forvegen. Ei anna årsak var at venstreradikale grupper som stod bak mange av åtaka, tradisjonelt har hatt sterke ideologiske barrierer mot bruk av massevald.

Når det gjeld **overspill til Europa** av internasjonal terrorisme under Golfkrigen, er det verdt å merke seg at omtrent ingen av aksjonane vart gjennomførte av Midtausten-baserte grupper. Talet på aksjonar var også relativt lågt (19) og står i ein viss kontrast til det trusselsbiletet som media presenterte for publikum under krigen. Storparten av desse aksjonane var relaterte til lokale sosio-revolusjonære grupper som den venstreradikale *17 November* gruppa i Hellas. Den tyske *Rote Arme Fraktion* påtok seg ansvaret for fleire aksjonar mot amerikanske mål i Tyskland, blant anna mot den amerikanske ambassaden i Bonn. Den venstreradikale gruppa *Gracchus Babeuf* stod bak eit fåtals bombeåtak i Frankrike, og i Spania gjennomførte den marxistiske *1 Oktober/GRAPO* eit bombeåtak på ein militær oljerøyledning.

Det har vore mange spekulasjonar om kvifor Irak ikkje gjennomførte fleire terroraksjonar i Europa og USA under krigen i lys av dei mange truslane som det irakiske regimet kom med i forkant av krigen. Ei allment akseptert forklaring er at USA sin resolute respons på invasjonen kom noko uventa på Irak, som ikkje hadde lagt særleg grundige planar for terroråtak i stor skala mot vestlege mål. Vel så viktige var dei stramme tryggingstiltaka og åtgjerdene retta mot potensielle kjelder til irakisk terrorisme, som f eks storstilt utvisning av ambassadepersonell, overvaking av moglege agentar, frysing av irakiske konti og bombing av kommunikasjonsnettet i Irak.

Eit anna interessant moment er **den begrensa rollen til islamistgruppene** i terrorismen under Golfkrigen. Forklaringa her er mangesidig. Fram til 1990-talet var dei fleste islamistiske terrorgruppene fokuserte om den lokale kampen mot styresmaktene, jf islamisk jihad og al-Jama'a al-Islamiyya i Egypt mot Mubarak-regimet, Bouyali-gruppa i Algerie mot militærregimet, og Hamas-rørsla mot den israelske okkupasjonsmakta. Berre unntaksvise retta aksjonane seg mot internasjonale mål eller mot mål utanfor konfliktområdet. Etter den islamiske revolusjonen i Iran i 1977-79 vart radikal islam likevel ein viktig faktor i internasjonal terrorisme. Dette galdt spesielt den Iran-støtta shiamuslimske Hizbullah-rørsla som med utgangspunkt i borgarkrigen i Libanon gjennomførte ein serie terroraksjonar i Europa på midten av 1980-talet. Iran og Irak låg i krig i 1980-88, og det irakiske Ba'th-regimet vekte liten sympati blant radikale Iran-loyale islamistar. Ein siste faktor var truleg at mange islamistrørsler historisk sett har hatt og framleis har nære band til Golfstatane og derfor såg seg lite tent med pro-irakiske protestaksjonar.<sup>7</sup>

Til no har vi sett på kortvarige effektar av Golfkrigen. Dei **langvarige konsekvensane** for internasjonal terrorisme er vanskelegare å måle, men det synest klart at krigen la noko av grunnlaget for framveksten av al-Qaida. Ein av grunnane til det var at Golfkrigen i 1991 ikkje vart avslutta med ein endeleg fredsavtale, full tilbaketrekkjing av utanlandske militære styrkar og ei opphøring av militære operasjonar mot mål i Irak. Eit betydeleg amerikansk og alliert

---

<sup>7</sup> For fleire betraktnigar om islamistrørsla under og etter Golfkrigen, sjå Heghammar (2003) og Piscatori (1991).

militært nærvær fortsette å gjere seg gjeldande, både i Saudi-Arabia, i resten av Golf-regionen og i aktive luftoperasjoner inne på irakisk territorium. Saman med eit svært strengt sanksjonsregime som hadde vidtrekkjande humanitære følgjer for sivilbefolkinga i Irak, skapte dette **ei vedvarande inspirasjonskjelde** for radikale islamistar frå ei lang rekke land. USA framstod i større grad enn før som ei imperiemakt i Midtausten. Fokuset for islamistenes kamp var ikkje lenger berre tyranniske arabiske regime, men også USAs militære “okkupasjon” av landet til dei heilage stadene Mekka og Medina, “beleiringa” av Irak og den påtvunge “freden” i Palestina.

## 2 IRAK OG INTERNASJONAL TERRORISME: GENERELLE BETRAKTNINGAR

Det er ei rekke faktorar som gir grunn til å anta at Irak vil sjå på internasjonal terrorisme som eit legitimt og nødvendig verkemiddel i ein ny væpna konflikt med USA-leia koalisjon. Irakisk offisiell retorikk har ikkje vore særleg fordømmande når det gjeld internasjonal terrorisme som verkemiddel. Irakiske leiarar uttala f eks i statskontrollerte media at “terrorisme [irhab] er ingen skammeleg ting i Islam. Tvert imot, terrorisme bør vere ein av dei gode eigenskapane til muslimar.”<sup>8</sup> Irak sin offentlege reaksjon på åtaket mot World Trade Center og Pentagon i 2001 er også illustrerande. I kontrast til andre arabisk-muslimske statar, avstod Irak frå å fordømme åtaket. Ein kommentar i statleg irakisk media den 11 september uttala for eksempel at amerikanarane no “hausta fruktene av deira brotsverk mot menneskeslekta”.<sup>9</sup> Irak har ved fleire høve oppfordra til åtak mot amerikanske borgarar og eigedom i Midtausten. Den irakiske visepresidenten Taha Yasin Ramadan oppfordra til bruk “av alle middel” i denne kampen ved ein pressekonferanse i Jordan i september 2002.<sup>10</sup>

Denne irakiske retorikken om terrorisme er ikkje berre tomme ord. Irak har vore ein sentral støttespelar for fleire internasjonale terrororganisasjonar sidan 1970-talet, og har såleis ein tung tradisjon for å sjå terroråtak utanfor landets grenser som eit nyttig utanrikspolitisk og militært verkemiddel. Irak har rett nok redusert stønaden til terrorgrupper dei seinare åra, ein trend som samsvarar med den generelle nedgangen i statssponsa internasjonal terrorisme etter slutten på Den kalde krigen. Det er usemje om i kva grad det irakiske regimet har vore *direkte* involvert i anti-amerikanske terroraksjonar etter 1991 (sjå kapittel 3). Regimet har derimot oppretthalde **basar og/eller politiske kontor i Irak for ei rekke terror- og opprørsgrupper**, inkludert den iranske væpna opposisjonsrørsla Mujahidin al-Khalq (MEK)<sup>11</sup>, Det kurdiske arbeidarparti (PKK, no KADEK), samt nokre mindre palestinske grupper som Frigeringsfronten for Palestina

<sup>8</sup> “Iraqi TV Reports Uday’s Remarks on Jund al-Islam Group, Terrorism (FBIS-tittel),” *Iraqi Satellite Channel Television* 0630 GMT 24 august 2002, via FBIS.

<sup>9</sup> Sitert i “Overview of State-Sponsored Terrorism, Iraq,” *Patterns of Global Terrorism –2001* (US Department of State, Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), <http://www.state.gov/s/ct/rls/pgtrpt/2001/html/10249.htm>

<sup>10</sup> “We categorically believe that the aggression on Iraq is an aggression on all the Arab nation. It is the right of all the Arab people, wherever they are, to fight against the aggression through their representatives and on their soil ... by all means. [...] We call on all Arab and good people to confront the interests of the aggressors, their materials and humans wherever they are because this is a human right.” Sitert i “Iraq urges Arabs to attack US interests,” *The Guardian* 11 september 2002.

<sup>11</sup> MEK og dei ulike frontorganisasjonane til MEK står på US State Department si liste over forbudte terrorgrupper.

(PLF), Den arabiske frigjeringsfronten (ALF), Folkefronten for frigjering av Palestina (PFLP) og Abu Nidal organisasjonen (ANO) (sjå kapittel 5). Andre terrorgrupper som den filippinske Abu Sayyaf-geriljaen og den sunnifundamentalistiske anti-shiittiske *Sipah-e-Sahaba Pakistan* (SSP), har også motteke irakisk støtte. Det er også kome fram fleire nye opplysingar om eit samarbeid mellom Irak og al-Qaida (sjå kapittel 4).

Dersom vi samanliknar den politisk-militære konteksten for ein mogleg USA-leia intervension i dag med Golfkrigen i 1991, er det grunn til å tru på at Irak vil ha **langt større motivasjon** for bruk av alle type verkemiddel no enn tilfellet var i 1990-91. Årsaken til dette er at eit regimeskifte i Bagdad ikkje stod på agendaen i 1991, medan det er ei viktig, kanskje den viktigaste, målsetjinga for ein USA-leia intervension i dag. Frå fleire hald reknar ein med at auka irakisk involvering i internasjonal terrorisme er svært sannsynleg dersom det skulle kome til krig.<sup>12</sup> Analytikarar i den amerikanske etterretningstenesta CIA har vurdert at Saddam Husayn truleg vil vere “langt mindre etterhalden” med å gjennomføre eller bidra til internasjonale terroraksjonar dersom USA angrip landet, og at diktatoren truleg vil benytte både konvensjonelle og ikkje-konvensjonelle våpen som “ein siste sjanse til å ta hemn.”<sup>13</sup> Ein CIA-studie frå februar 2002 skal ha konkludert med at terroråtak av Irak-støtta grupper mot amerikanske eller allierte mål er svært sannsynleg.<sup>14</sup>

Ein annan viktig faktor i trusselbiletet er at ein krig mot Irak truleg vil føre til valdsaksjonar av einskildpersonar, lokale protestgrupper og terroristorganisasjonar utan nokon tilknyting til det irakiske regimet. Ein må truleg forvente valdelege anti-amerikanske åtak, tilsvarende det ein såg i kjølvatnet av den første Golfkrigen i 1991. I oktober 2002 la Oxford Research Group, ei uavhengig britisk forskargruppe, leia av professor Paul Rogers ved Bradford University, fram si vurdering av konsekvensane av ein krig mot Irak. Der blir det sagt at krigen kan medføre opptil 10 000 sivile krigsofre og betydeleg regional motstand mot USAs militærnærvar.<sup>15</sup> Andre ekspertutsegner reknar det som sannsynleg at dei sivile tapa kan bli høgare.<sup>16</sup> Dersom ein krig i Irak blir svært blodig og langvarig, og det irakiske regimet framstår i rolla som offer for vestleg

<sup>12</sup> Direktøren for FBI uttala i ei Senatshøyring i februar 2003 at det irakiske regimet kanskje ville utstyre al-Qaida med B- eller C-våpen og radiologisk bombemateriale før eller under ein krig med USA “to avenge the fall of his regime.” Sitert i Josh Meyer, “Al Qaeda Lurking in U.S., FBI Warns,” *Los Angeles Times* 12 februar 2003.

<sup>13</sup> CIA si vurdering i eit brev frå CIAs direktør George Tenet til Bob Graham, formann i Det amerikanske senatets etterretningskomité, datert 7 oktober 2002: “Should Saddam conclude that a U.S.-led attack could no longer be deterred, he probably would become much less constrained in adopting terrorist action. [...] Saddam might decide that the extreme step of assisting Islamist terrorists in conducting a WMD attack against the United States would be his last chance to exact vengeance by taking a large number of victims with him.” CIA vurderte også sjansene for irakisk bruk av masseøydeleggingsvåpen som låg dersom USA ikkje skulle gå til aksjon mot landet, ei vurdering som stod delvis i kontrast til synspunkta til Bush-administrasjonen som hevdar at å vente er “den mest risikable opsjonen” for USA. Sitert i Alison Mitchell & Carl Hulse, “C.I.A. Warns That a U.S. Attack May Ignite Terror,” *The New York Times* 9 oktober 2002; og “Chance of Saddam using WMD if attacked ‘pretty high’: CIA,” *Agence France Presse* 9 oktober 2002.

<sup>14</sup> Frank Gardner, “From war to terror attacks?” *BBC News* 7 mars 2003,  
[http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2831609.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2831609.stm)

<sup>15</sup> Rogers (2002).

<sup>16</sup> Sjå f eks Peter Bouckaert, “Iraq: Civilians Could Pay a High Price,” *Los Angeles Times* 3 november 2002; “U.S. Trying for Low Casualties in Iraq,” *NewsMax Wires/United Press International* 6 mars 2003; og George Belber, “Effects of Iraq war would haunt West for years,” 11 oktober 2002,  
[www.alertnet.org/thefacts/reliefresources/530406](http://www.alertnet.org/thefacts/reliefresources/530406);

aggresjon, er det grunn til å forvente ein auke i talet på terroraksjonar mot amerikanske og allierte mål. Slike åtak kan kome i form av fleire mindre aksjonar av einskildpersonar utan organisert tilknyting til ei terrorgruppe.<sup>17</sup> Denne type åtak er mindre alvorlege, men er naturleg nok vanskelegare å detektere på førehand. Vestlege interesser i Midtausten, Golfstatane og Asia kan bli særleg utsette for slike aksjonar.<sup>18</sup>

Den store skilnaden i høve til Golfkrigen i 1991 er likevel **det globale terrornettverket al-Qaida**. Dette nettverket har eit langt farlegare åtferdsmønster enn dei gruppene som gjennomførte terroråtak i protest mot krigen i 1991 og må forventast å ville gjennomføre massedrapsaksjonar. Det har vore mykje usemje om i kva grad det eksisterar nære band mellom det irakiske regimet og al-Qaida. Det er ingen tvil om at Gulf-krigen, sanksjonsregimet, og den generelle konflikten mellom USA og Irak er ein sentral motivasjonsfaktor for al-Qaida nettverket. Det blir ofte hevda at eit åtak på Irak “vil gjøre hatet enda større”.<sup>19</sup> På lang sikt er det ikkje usannsynleg at ein blodig krig mot Irak vil *auke rekrutteringa til al-Qaida*. Etter at krigsførebuingane byrja for alvor hausten 2002 har europeiske etterforskarar merka seg at rekrutteringa til radikale islamistgrupper synast å vere aukande, og ei lang rekke terrorplanar i Europa har blitt avdekkja.<sup>20</sup> På kort sikt er ikkje motivasjon avgjerande. Det er høgst usikkert om al-Qaida faktisk har kapasitet til å auke aktivitetsnivået sitt i lys av dei mange arrestasjonane av leiande medlemmer. Det er også tvilsamt om ein militæraksjon i Irak vil endre noko særleg på al-Qaidas målutveljing og operasjonsmønster. Det er lite sannsynleg at det irakiske regimet har særleg høve til å direkte påverke al-Qaida, jamvel om det er klare teikn på at **Irak har hatt eit begrensa samarbeid med al-Qaida**, bl a ved å utstyre sistnemnde med våpen, drive opplæring i nøkkelkompetanse, samt noko logistikkstøtte. Dette skal vi kome attende til i diskusjonen nedanfor.

Ein tredje faktor i vurderinga av terrortrusselbiletet er irakiske **masseøydeleggingsvåpen**. Det er svært lite sannsynleg at Irak har operative atomvåpen, men noko meir sannsynleg at landet framleis har ulike typar militære våpen med kjemiske og/eller biologiske ladningar. (Det er til dømes indikasjonar på at Irak har våpenprogram der bl a det smittsane kopperviruset inngår.<sup>21</sup>) Ein krig mot Irak vil truleg auke faren for at nokre av desse våpna kan bli brukt i terrorsamanheng utanfor landets grenser, anten ved at det irakiske regimet sjølv bruker våpna i ein aksjon organisert av irakisk etterretning eller ved å utstyre ei terrorgruppe med slike våpen. Eit tredje og vel så sannsynleg utfall, er at våpna blir stolne og kjem på avvegar i det kaoset som

<sup>17</sup> Sjå f eks vurderingane i “Iraq war would lead to increase in terrorism: French defence minister Sunday,” *Agence France Presse* 27 oktober 2002, og intervju med Magnus Randstorp ved Center for the Study of Political Violence and Terrorism ved St Andres University i Faye Bowers and Peter Ford, “Bin Laden is back, now as defender of Iraq,” *The Christian Science Monitor* 14 november 2002.

<sup>18</sup> Dei siste åra har det f eks vore ei lang rekke episodar av skyte- og bombeattentat mot vestleg personell i Saudi Arabia, og det er rimeleg å anta at desse vil auke under ein krig mot Irak. “Saudi Arabia: Vulnerable Expatriates and a Fragile Regime,” *Stratfor.com* 14 oktober 2002.

<sup>19</sup> I følgje “terrorekspert”, intervju av Associated Press. Sitert i Klaus Børringbo, “Europa kan bli terrormål ved angrep på Irak,” *Aftenposten* 6 november 2002. Sjå også “Europe could be at special risk if Iraq war triggers terror attacks, activate al-Qaida sympathizers,” *AP* 6 november 2002.

<sup>20</sup> Åsne Gullikstad, “Terrorfare øker i Europa,” *Dagsavisen* 31 januar 2003; Peter Finn, “Europe is warning of terrorist threat: Officials on Continent echo U.S. alarm,” *The Washington Post* 15 november 2002.

<sup>21</sup> Sjå bl a intervju med Jonathan Tucker & Ken Alibek i “Experts: Iraq May Have Smallpox,” *AP* 8 oktober 2002.

nødvendigvis vil oppstå etterkvert som militærintervensjonen avanserer og regimets kontroll over territorium og statskontrollerte militärfasilitetar gradvis blir svekka. Ei slik “privatisering” av irakiske våpenlagre, både av konvensjonelle og ikkje-konvensjonelle våpen, vil utgjere ein alvorleg terrortrussel på lengre sikt.

Når dette er sagt, må det understrekast at ein militærintervensjon som bidreg til eit regimeskifte i Bagdad også kan ha **ein langsiktig positiv innverknad** når det gjeld å redusere motivasjonsfaktorane for internasjonal terrorisme, trass i kostnadene ved ein krig. Dette resonnementet er ein *optimistisk* analyse og har mange kritikarar. Det bygger på fleire faktorar. Det irakiske folks lidingar under sanksjonsregimet figurerer i bin Ladins kommunikéer og i utsegner til al-Qaida tilhengjarar.<sup>22</sup> *Status-quo* som inneber eit fortsatt sanksjonsregime er på mange måtar ein utóleleg situasjon dersom ein skal tenke langsiktig terrorismeførebygging. Eit regimeskifte og fjerning av sanksjonane vil underminere påstandene om at USA og vesten begår eit regelrett folkemord mot den irakiske befolkninga. Ein noko overraskande observasjon som fleire studiar har gjort, er at befolkninga i Bagdad-kontrollert Irak synest også å vere *langt meir positivt innstilt til ein USA-leia militærintervensjon* enn resten av araberverda og opinionen i Europa.<sup>23</sup> Anklagene mot USA frå irakisk og arabisk hald har ofte vore at USA har eigeninteresse i at Saddam Husayns regime sit ved makta. Eit regimeskifte i Bagdad vil også mogleggjere ei tilbaketrekking av alle amerikanske militære styrkar frå Saudi Arabia. USAs ‘okkupasjon’ av landet til dei to mest heilage stadene i islam, Mekka og Medina, er hovudpunktet i bin Ladins anklageskrift mot USA. Det amerikanske militære nærværet er også ei sterk irritasjonskjelde for saudiske så vel som religiøse muslimar verda over.<sup>24</sup> Eit tredje moment som den noverande amerikanske administrasjonen synast å tillegge stor vekt, er at eit demokratiske regime i Irak vil *fremje vidare demokratisering og politiske reformar i regionen*.<sup>25</sup> Denne argumentasjonen går på at eit regimeskifte i Irak vil setje i gang ein regional prosess som på sikt vil skape større rom for politiske alternativ til eksisterande autoritære styreformer og islamsk ekstremistisk opposisjon. På lang sikt vil det verke forebyggjande mot internasjonal terrorisme. Eit siste moment er at *USA sannsynlegvis vil måtte engasjere seg tyngre i*

<sup>22</sup> Sjå f eks utsegnene til Richard Reid då domen fell i rettsaka mot han i Boston i slutten av januar 2003 i Pam Belluck, “Unrepentant Shoe Bomber Sentenced to Life,” *The New York Times* 31 januar 2003.

<sup>23</sup> “Voices From The Iraqi Street,” Iraq Briefing 4 desember 2002, [www.crisisweb.org/projects/showreport.cfm?reportid=837](http://www.crisisweb.org/projects/showreport.cfm?reportid=837), og Riadh Abed, “Iraq: disarmament versus regime change,” *Middle East International* No. 692 (24 januar 2003), s.28-30.

<sup>24</sup> Fleire arabiske analytikarar gjer dette poenget. Nawaf Obaid, forfattaren av boka *Saudi Arabia after 9/11*, skriv til dømes i Washington Post at “The withdrawal of American troops would sit well with Saudis from all walks of life who resent their presence, removing one of the main irritants between the American and Saudi governments. It would also belie the fringe but persistent belief that these 3,000 soldiers remain to protect the royal family against domestic opposition. [...] [S]uch a policy would undermine extremists by strengthening the kingdom and its partnership with the United States. It also would undermine to a certain extent bin Laden’s critique of the Saudi government as dependent on the U.S. military. Finally, a withdrawal would improve America’s relations not only with Saudi Arabia but also with the entire Muslim world. The presence of U.S. troops on the land that hosts Islam’s two holiest sites, in Mecca and Medina, has long rankled Muslims. Defanging Hussein will bring relief to his neighbors and a semblance of normality to the long-suffering Iraqis.” Sitert frå “Success in Iraq Means U.S. Out Of Saudi Arabia,” *Washington Post*, via *The Hartford Courant* 9 oktober 2002.

[www.ctnow.com/news/opinion/op\\_ed/hc-saudi1009.artct09\\_0,1707614.story?coll=hc%2Dheadlines%2Doped](http://www.ctnow.com/news/opinion/op_ed/hc-saudi1009.artct09_0,1707614.story?coll=hc%2Dheadlines%2Doped).

<sup>25</sup> Ein indikasjon på dette er at Saudi Arabia allereie har signalisert politiske reformar. Sjå Patrick E. Tyler, “Saudis Plan to End U.S. Presence,” *NYTimes* 9 februar 2003, <http://www.nytimes.com/2003/02/09/international/middleeast/09SAUD.html?th=&pagewanted=print&position=top>

*Palestinakonflikten* i etterkant av ein krig mot Irak. Til liks med etterspelet etter Golfkrigen i 1991 vil det truleg medføre sterke amerikansk press på begge partar for å gjenopplive fredsforhandlingane. På lengre sikt vil dette redusere spelerommet for terrorgrupper med tilknyting til den arabisk-israelske konflikten. USA-s president George Bush sin manglande vilje til å kritisere Israels koloniserings- og okkupasjonspolitikk og dei tette banda han har knytt med Israels høgreorienterte statsminister Ariel Sharon – er rein ønsketenking.

Det er fleire faktorar som peikar i retning av **langsiktige negative verknader** av ein USA-leia intervension når det gjeld den internasjonale terrortrusselen. Omrent uansett politisk kontekst vil militær maktbruk og krig alltid verke forråande på både deltarar og tilskodar. Det vil lett skape sterke hemmotiv. Dersom ein USA-leia intervension skulle dra ut i langdrag, og dei sivile tapa skulle bli svært store, er det liten tvil om at dette vil legge grunnlaget for nyrekrytting for anti-amerikanske og anti-vestlege terrorgrupper. Hovudfaktoren er likevel *kva slags styre Irak får på lengre sikt*. Dersom landet skulle bli ramma av mykje intern uro og konfliktar og eit USA-støttet autoritært regime kjem til makta, er det grunn til å frykte at desse spenningane får valdelege ringverknader i form av terroraksjonar mot amerikanske og allierte styrkar. Ein langvarig USA-dominert “okkupasjon” av Irak vil kunne skape grunnlag for nye terrorgrupper på same måte som USA-s militære nærvær i Saudi-Arabia bidrog til å danne det ideologiske grunnlaget for al-Qaida.<sup>26</sup> I denne konteksten er det viktig å merke seg at fleire av Shia-islams mest heilage stader er i Irak (Karbala, Najjaf), og dei mest aktive shiamuslimske opprørsgroupene i Irak, *al-Da'wa al-Islamiyya* og SCIRI hører til dei mest USA-kritiske groupene i den irakiske opposisjonen og har nære band til Iran (sjå kapittel 6). Radikale kurdiske opprørsgupper kan også tenkast å innleie valdsaksjonar mot dei nye makthavarane, spesielt dersom det kurdiske sjølvstyret blir kraftig innskrenka, og Tyrkias politiske rolle og militære nærvær i Nord-Irak blir dominerande. Det er likevel grunn til å tro at *desse potensielle truslane først og fremst vil forbli lokale* og ikkje finne særleg tilhørsle i al-Qaidas internasjonale jihad.<sup>27</sup>

Til no har vi presentert ei rekke generelle betraktingar om motivasjonar for internasjonal terrorisme i samband med ein krig mot Irak. I det følgjande skal vi sjå nærmare på kapasitetssida av likninga. Kva type grupper og aktørar finst som kunne tenkast å agere på vegne av det irakiske regimet eller i protest mot eit USA-leia åtak? Kva er deira motivasjonar og moglegheiter til å gjennomføre terroraksjonar utanfor Irak?

### 3 IRAKISK ETTERRETNING

Det irakiske regimet har tidlegare anvendt eigne etterretningsorgan til gjennomføring av

<sup>26</sup> Sjå f eks Thomas Hegghammer, “Mer terror etter en krig mot Irak?” *Aftenposten* kronikk 20 februar 2003, <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article.jhtml?articleID=493939>

<sup>27</sup> Til no har f eks ingen shiamuslimske grupper delteke i al-Qaida nettverket. Det er berre Ansar al-Islam, ei av dei minste sunnimuslimske kurdiske groupene i Nord-Irak, som kan seiast å ha noko ideologisk fellesskap med al-Qaida.

terroraksjonar mot mål utanfor landets grenser. I mange tilfelle vil det likevel vere svært problematisk for Irak å anvende si eiga etterretningsteneste i slike aksjonar bl a på grunn av streng overvaking mot irakisk diplomatisk personell i utlandet. Vidare vil ei direkte irakisk involvering i terroraksjonar gjere hemmeleghald vanskelegare dersom det irakiske regimet skulle ynskje å unngå å påta seg ansvaret for slike aksjonane.

Omfanget av irakisk etterretning sine “sikkerhetsoperasjonar” i utlandet er usikkert. Utanriksminister Colin Powell sa i talen sin til tryggingsrådet 5 februar 2003 at irakisk etterretning har stått bak “eit dusinvis attentat eller forsøk på attentat i løpet av 1990-talet”.<sup>28</sup> Under Golfkrigen i 1990-91 vart det avdekka fleire forsøk på terroraksjonar der irakisk etterretning og irakisk diplomatisk personell i utlandet var involverte. Til dømes vart den irakiske generalkonsulen på Filippinane utvist på grunn av deltaking i eit forsøk på å plante ei bombe utanfor eit amerikansk kultursenter. I Nederland vart det avslørt at ein person ved den irakiske ambassaden hadde drive rekognosering mot oljeterminalen i Rotterdam.<sup>29</sup> Før Golfkrigen var irakisk etterretning også skulda for å ha stått bak fleire terroraksjonar i nabolanda.<sup>30</sup>

Den irakiske etterretninga vart mykje svekka som følgje av allierte mottiltak under og etter Golfkrigen og som resultat av det påfølgjande sanksjonsregimet. Evna til å understøtte operasjonar i utlandet har såleis blitt redusert. Det er berre eitt bevist tilfelle på direkte irakisk involvering i *internasjonal* terrorisme utanfor landets grenser etter 1991.<sup>31</sup> Det irakiske regimet gav direkte ordre om **eit attentatforsøk på eks-president George Bush** under besøket hans i Kuwait i april 1993. 13 irakarar vart arresterte og dømde for aksjonen i Kuwait. USA hemna dette attentatforsøket med å bombe ein irakisk etterretningsbase natta til den 24 juni 1993.<sup>32</sup> Det irakiske regimet har imidlertid stått bak ei lang rekke blodige terroraksjonar og attentat mot både utanlandske og irakiske (kurdiske) mål i Det sjølvstyrte Nord-Irak, blant anna ein bombeaksjon mot eit av tryggingskontora til INC i 1995 der 25 personar vart drepne.<sup>33</sup>

### **3.1 Ei irakisk rolle i WTC 1993 og Oklahoma-bombinga?**

Påstanden om at Irak var involvert i bombeåtaket mot World Trade Center i New York 26 februar 1993, der seks menneske mista livet og over 1 000 vart skadde, er blitt tilbakevist av FBI. Det er likevel ei rekkje indisier, framlagt i første rekkje av Midtaustenforskaren Laurie

---

<sup>28</sup> “Text of Powell speech to the UN Security Council ,” 5 februar 2003,  
[http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2729525.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2729525.stm)

<sup>29</sup> Bjørgo (2003), s.4.

<sup>30</sup> F eks hevda syriske styresmakter at Irak var direkte involvert i ein blodig terroraksjon på Abbaside-plassen i Damaskus i mars 1986 der ei bilbombe eksploderte nær bygningen til dei sovjetiske rådgivarane i landet og drap 60 personar. Quillen (2002b), s.296.

<sup>31</sup> I følgje US State Department sin årlege rapport om internasjonal terrorisme har det irakiske regimet “not attempted an anti-Western terrorist attack since its failed plot to assassinate former President Bush in 1993 in Kuwait.” Sjå US State Department, “Overview of State-Sponsored Terrorism,” *Patterns of Global Terrorism 2000* (April 2001), <http://www.usis.usemb.se/terror/rpt2000/overviewstate.html>

<sup>32</sup> Thomas Friedman, “The Missile’s Message,” *The New York Times* 25 juni 1993 og Mylroie (2001).

<sup>33</sup> U.S. Department of State, “Iraq,” *Patterns of Global Terrorism 1995* (April 1996),  
<http://nsi.org/Library/Terrorism/terror95.html>

Mylroi, som gjer at ein ikkje definitivt kan utelukke at irakisk etterretning spela ei rolle i plottet. Bombeaksjonen mot WTC fell saman med toårsdagen for avslutningen av Golfkrigen. To av hovudmennene som vart sikta for medverknad og deltaking i terroraksjonen, ‘Abd al-Rahman Yasin og Ramzi Ahmad Yusuf alias ‘Abd al-Basit Karim, ankom USA på irakiske pass.<sup>34</sup> Yasin og Yusuf etablerte raskt kontakt med ei lokal islamistgruppe som hadde byrja å planlegge ein mindre terroraksjon. Ryktene om desse planane vart sannsynlegvis overhøyrd av irakisk etterretning via dei personlege kontaktane som eit medlem av den opprinnelege gruppa hadde til ein palestinsk offiser i Irak. Yasin og Yusuf bidrog til å oppgradere aksjonsplanane “from a pipe bombing plot to an audacious attack on the World Trade Center,” i følgje Mylroi.<sup>35</sup> ‘Abd al-Rahman Yasin flykta attende til Bagdad kort tid etter terroraksjonen. Han er framleis ettersøkt av FBI, oppheld seg i Irak og er tilsett i eit av dei statlege tryggingsorganana, i følgje vitneutsegn.<sup>36</sup> (Irakiske styresmakter hevda i eit brev til FNs generalsekretær i februar 2003 at dei har tilbuddt å utlevere ‘Abd al-Rahman Yasin, men at USA skal ha avslått dette tilbodet.<sup>37</sup>) Ramzi Yusuf vart seinare involvert i fleire terroraksjonar og planlegginga av ei lang rekke andre operasjonar bl a i Iran, Pakistan og Filippinane fram til han vart arrestert i 1995. I Søraust-Asia samarbeidde Ramzi Yusuf nært med onkelen sin, Khalid Shaykh Muhammad, som då opererte under aliaset Munir Madni. Sistnemnde vart seinare sjef for al-Qaida sin militærkomité før han vart arrestert tidleg i mars 2003. Mykje tyder på at Ramzi Yusuf var ein del av eller i kontakt med al-Qaida-nettverket. Yusuf samarbeidde også nært med fleire personar i Sipah-e-Sahaba, ei anti-iransk ekstremistgruppe i Pakistan som Irak også har støtta (sjå kapittel 5).<sup>38</sup>

Det finst også indisier på eit irakisk spor til bombinga av den føderale Alfred P Murrah bygningen i Oklahoma, USA i april 1995 der over 160 personar mista livet.<sup>39</sup> Desse indisiene er framskaffa blant anna av dåverande TV-reportar Jayna Davis i Oklahoma City, og av forsvarsadvokatane for Terry Nicolas. Nicolas og Timothy McVeigh, ein amerikansk Golfkrigs-veteran, var dei einaste som vart dømde for den største terroraksjonen på amerikansk jord før 9/11. Massedrapsaksjonen stod i skarp kontrast til dei typiske aksjonsformene til høgreekstreme amerikanske grupper. Forsvarsadvokatane til Terry Nicolas presenterte sterke indisier på at Nicolas hadde erverva seg kunnskapane om bombkonstruksjon i Cebu City på Filippinane der han blant anna skal ha møtt Ramzi Yusuf og medlemmer av Abu Sayyaf-

<sup>34</sup> B Raman, “Iraq-inspired terror: The odds of reprisal,” *Asia Times Online* 18 januar 2003, [http://www.atimes.com/atimes/Middle\\_East/EA18Ak03.html](http://www.atimes.com/atimes/Middle_East/EA18Ak03.html)

<sup>35</sup> Mylroi sitert i Micah Morrison, “The Iraq Connection,” *The Wall Street Journal Online* 5 september 2002, [http://online.wsj.com/article\\_email/0,,SB1031184073773956835,00.html](http://online.wsj.com/article_email/0,,SB1031184073773956835,00.html)

<sup>36</sup> Påstanden om ei irakisk rolle i dette åtauet er framsett av bl a Laurie Mylroi. Sjå boka hennar Mylroi (2002) og (2001).

<sup>37</sup> Salah Awad, “Baghdad Tells the United Nations: We Helped Talabani Against Ansar al-Islam and We have Officially Informed Jordan that Al-Zarqawi Is Not in Iraq (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* (internettversjon) 21 februar 2003, via FBIS.

<sup>38</sup> Sjå bl a Gunaratna (2002); Reeve (1999), og Kamran Khan, “Ramzi’s Terror Network,” *The News* (Islamabad) 27 mars 1995, s.1, 10, via FBIS.

<sup>39</sup> Teoriane til Davis og Mylroi har tydelegvis tilhengjarar innan det amerikanske etterretningsmiljøet. Tidlegare CIA sjef James Woolsey uttala til Wall Street Journal at “when the full stories of these two incidents are finally told, those who permitted the investigations to stop short will owe big explanations to these two brave women. And the nation will owe them a debt of gratitude.” Sitert i Micah Morrison, “The Iraq Connection,” *The Wall Street Journal Online* 5 september 2002, [http://online.wsj.com/article\\_email/0,,SB1031184073773956835,00.html](http://online.wsj.com/article_email/0,,SB1031184073773956835,00.html)

geriljaen.<sup>40</sup> FBI har ikke funne noko fellande bevis på at Irak eller Midtausten-baserte grupper var involvert. McVeigh var djupt desillusjonert over USAs krig mot Irak og hadde kontaktar og vene i det irakiske eksilmiljøet i USA. Den omfattende privatetterforskninga til Davis har framskaffa indisier om at ein tidlegare irakisk soldat og politisk flyktning til USA, Hussain al-Hussaini, kan knytast til åstaden og til den første etterlysinga ("John Doe No.2") som Oklahomapolitiet sende ut rett etter åtaket. Indisiemateriale til Davis er blitt undersøkt av fleire amerikanske etterretningsspesialistar som meiner det gir grunnlag til å undersøke det irakiske sporet vidare.<sup>41</sup> Etter ei høyring med privatetterforskarane har fleire Kongressrepresentantar teke til orde for ei ny etterforskning.<sup>42</sup>

Det finst altså indisier om ei eventuell irakisk rolle i den første WTC-aksjonen og Oklahomabombinga. Leitinga etter eit irakisk spor er naturleg nok politisk motivert, men indisiene er såpass mange at dei ikkje bør avvisast utan vidare.

### **3.2 Flyktningespionasje, trakassering og attentat mot irakiske eksilmiljø**

Det er meir handfaste bevis på at det irakiske regimet har vore aktivt når det gjeld overvaking, trakassering og vald retta mot irakiske opposisjonelle og avhopparar i eksil.<sup>43</sup> I løpet av 2000 opna den irakiske etterretningstenesta ei rekke nye stasjonar i utlandet med det føremål å drive meir effektiv kampanje vis-a-vis eksilmiljøa. Ei rekke "expatriate associations" vart etablert som frontorganisasjonar for irakisk etterretning.<sup>44</sup> Det er mange døme på slik aktivitet. Blant anna har det kome ei rekke truslar mot den USA-sponsa Radio Free Europe/RadioLiberty i Praha, der sendingane til Radio Free Iraq blir produserte av eksil-irakarar.<sup>45</sup> I følgje tsjekkiske etterretningskjelder skal den irakiske ambassaden i Praha også ha vore involvert i smugling av irakiske agentar inn i Tyskland sidan 1999 under dekke av at dei var asylsøkjarar.<sup>46</sup> Det er grunn til å anta at irakisk etterretning har vore involvert i flyktningespionasje i ei lang rekke land i Europa, inkludert dei skandinaviske landa.<sup>47</sup>

---

<sup>40</sup> Micah Morrison, "The Iraq Connection," *The Wall Street Journal Online* 5 september 2002, [http://online.wsj.com/article\\_email/0,,SB1031184073773956835,00.html](http://online.wsj.com/article_email/0,,SB1031184073773956835,00.html)

<sup>41</sup> Bl a Patrick Lang, ein Midtaustenspesialist og tidlegare sjef for Defense Intelligence Agency's human intelligence collection section og Larry Johnson, tidlegare visesjef for US State Department's Office of Counter Terrorism.

<sup>42</sup> James Langton, "Iraqis linked to Oklahoma atrocity," *Evening Standard* 22 oktober 2002, via [www.thisislondon.co.uk/news/articles/1678779](http://www.thisislondon.co.uk/news/articles/1678779)

<sup>43</sup> For tidlegare døme på at irakiske etterretning har vore involvert i attentat mot eksil-irakarar og understøtting av internasjonale terroraksjonar, sjå Makiya (1998), s.13f.

<sup>44</sup> US State Department, "Overview of State-Sponsored Terrorism," *Patterns of Global Terrorism 2000* (April 2001), <http://www.usis.usemb.se/terror/rpt2000/overviewstate.html>

<sup>45</sup> Ein irakisk etterretningsoffiser vart utvist i april 2001 i samband med desse truslane. "Overview of State-Sponsored Terrorism, Iraq," *Patterns of Global Terrorism –2001* (US Department of State, Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), <http://www.state.gov/s/ct/rls/pgtrpt/2001/html/10249.htm>

<sup>46</sup> Jan Hrbacek & Joachim Weidemann, "Counterintelligence Is Checking Up on Further Trails of Terrorists; Islamic Radicals Are Interested in Illegal Export of Czech Arms to Countries Supporting Terrorism But Also in Legal Commodities (in Czech)," *Hospodarske Noviny* (Prague) (internettversjon) 15 november 2001, s.2, via FBIS.

<sup>47</sup> Den prisbelønte boka til eksil-irakaren og Harvardforsken Kanan Makiya, *Republic of Fear*, viser til at innsamling av etterretning om kurdiske flyktningar ei prioritert oppgåve for utanlandsoperasjonane til den irakiske etterretningsa *Istikhbarat*, i følgje eit irakisk etterretningsdokument frå 1979. Makiya skriv også at ein framståande svensk tenestemann, Hans Melin, vart arrestert i 1979 for å ha overlevert gradert informasjon til irakiske

I Libanon har ein også sett ein auke i irakisk etterretningsverksemd. Drapet på den irakiske opposisjonspolitikaren Walid Ibrahim al-Mayahi (35) i desember 2002 vart sett i samanheng med ein ny offensiv frå irakisk etterretning si side. Al-Mayahi var sjef for databaseksjonen i "Imam al-Sadr Islamic Academy" etablert i Tyre i 1997. Akademiet hadde som offisiell målsetjing å forvalte den akademiske arven til den shiitiske leiaren Ayatollah Muhammad Sadiq al-Sadr som vart drepen i 1999, høgst sannsynleg av det irakiske regimet. Akademiet var ein populær møtestad for irakiske opposisjonelle. Det samla informasjon om irakiske flyktningar i Libanon og rekrutterte irakarar til INC, inkludert til dei væpna aktivitetane til eksilrørsla ("Det irakiske militære råd"). Det faktum at Al-Mayahi vart kidnappa, brutal torturert og drepen, og at datafiler og arkivmateriale frå kontoret hans forsvann med drapsmennene, styrka mistanken om at irakisk etterretning stod bak.<sup>48</sup> Irakiske styresmakter har nekta for at dei stod bak attentatet.<sup>49</sup> Irakiske opposisjonskjelder i London hevdar attentatet på al-Mayahi var utført at ei gruppe profesjonelle attentatmenn (den såkalla "Al-Qari'ah Gruppa") som irakisk etterretning anvender for å likvidere fiendane til regimet i utlandet.<sup>50</sup> Den same gruppa skal ha teke livet av ein annan eksil-irakar i midten av 2002. Vedkomande var ein irakisk fysikkprofessor i Moskva og vart drepen i eit attentat då han besøkte familien sin i Jordan.<sup>51</sup>

I Jordan har frykta for terroråtak av irakisk etterretning auka i takt med opptrappinga av krigsførebuingane i 2002. I oktober 2002 arresterte jordanske tryggingstyrkar fleire dusin irakarar og deporterte desse. Formelt vart dette gjort på grunnlag av manglande opphaldsløyve, men i realiteten for å førebygge faren for terroråtak. Bekymringa over ulovlege irakiske etterretningssaktivitetar i Jordan heng også saman med våpenfunn blant irakarar utan opphaldsløyve.<sup>52</sup> I oktober 2002 gav den jordanske regjeringa ordre om å forby innreise for irakiske menn under 45 år og annonserte planar for ein "søk og etterforskingskampanje" mot alle irakarar busette i landet.<sup>53</sup>

Bekymringa for terroraksjonar og attentat av irakisk etterretning har også auka i Europa, spesielt i Storbritannia der dei fleste irakiske opposisjonsgruppene har ein tung representasjon. Blant

representantar. Melin hadde tilgang til sensitiv informasjon om politiske flyktningar i Sverige. Sjå Makiya (1998), s.14.

<sup>48</sup> Dei tre drapsmennene skal ha gitt seg ut for å vere irakiske flyktningar.

<sup>49</sup> Eit framståande medlem av den irakiske opposisjonsrørska SCIRI, Muhammad al-Hariri, meiner Akademiet hadde blitt infiltrert av irakisk etterretning. Sjå Tha'ir 'Abbas, "Assassination of Iraqi Oppositionist in Lebanon Reveals Recruitment Campaign for the Military Council (in Arabic)," *Al-Sharq al-Awsat* 14 Dec 2002, s.9, via FBIS; Ibrahim Awad, "Baghdad denies connection with the killing of a dissident in Lebanon (in Arabic)," *Al-Sharq al-Awsat* (internettversjon) 8 desember 2002, via FBIS; og Kamal Qubaysi, "Iraqi Opposition Sources: Al-Qari'ah Group Affiliated to the Baghdad Regime Planned the Assassination of Iraqi National Al-Mayahi in Tyre (in Arabic)," *Al-Sharq al-Awsat* 6 desember 2002, s.6, via FBIS.

<sup>50</sup> Kamal Qubaysi, "Iraqi Opposition Sources: Al-Qari'ah Group Affiliated to the Baghdad Regime Planned the Assassination of Iraqi National Al-Mayahi in Tyre (in Arabic)," *Al-Sharq al-Awsat* 6 desember 2002, s.6, via FBIS.

<sup>51</sup> Kamal Qubaysi, "Iraqi Opposition Sources: Al-Qari'ah Group Affiliated to the Baghdad Regime Planned the Assassination of Iraqi National Al-Mayahi in Tyre (in Arabic)," *Al-Sharq al-Awsat* 6 desember 2002, s.6, via FBIS.

<sup>52</sup> "Report: Jordanian authorities to deport Iraqi nationals ahead of U.S. strike," *al-Bawaba* 8 oktober 2002,

[www.albawaba.com](http://www.albawaba.com)

<sup>53</sup> "Jordan Bans Iraqi Men From Entering Country..." *Radio Free Europe/Radio Liberty* Iraq Report Vol. 5, No. 37, 8 november 2002

anna ligg hovudkvarteret til Den irakiske nasjonale kongressen i Kensington og er beskytta av (relativt) bombesikre dører og vindu. På 1970- og tidleg 80-talet var irakiske terrorgrupper aktive i Storbritannia og gjennomførte fleire attentatforsøk i London mot irakiske dissidentar og israelske mål. I november 2002 var det truverdige rapportar om at det irakiske regimet planla attentat på fleire irakiske opposisjonelle i Storbritannia i eit forsøk på å vanskeleggjere danninga av ei levedyktig irakisk eksilregjering i etterkant av eit USA-leia åtak på Irak. Det irakiske regimet skal ha forsøkt å få bistand av libysk etterretning i desse planane, angivelig fordi Libya har eit betre agentnettverk i Storbritannia og Europa enn Irak. Rapportane om dei irakiske attentatplanane førte bl a til at tryggingstiltaka for familiene til dei irakiske opposisjonsleiarane vart styrka.<sup>54</sup>

### **3.3 Planar for irakiske terroråtak i tilfelle krig?**

Andre moglege terrormål for irakisk etterretning er britiske og amerikanske mål i Europa, samt i Golfstatane Qatar og Bahrayn der dei viktigaste basane for amerikanske styrkar i regionen er plasserte. I oktober og november 2002 vart det registrert ein auke i irakisk overvaking av amerikanske ambassader og militære installasjonar i Europa, Asia og i Midtausten.<sup>55</sup> I mars 2003 vart det kjent at USA hadde namngitt ca 300 irakarar i 60 land som mistenkte agentar utpeikt av det irakiske regimet til å angripe amerikanske mål i utlandet i tilfelle krig. Vertslanda vart sterkt oppfordra til å utvise desse. Fleire av dei 300 irakarane skal ha operert under dekke av å vere diplomatar ved irakiske ambassader.<sup>56</sup> I etterkant av dette utviste Romania 20 irakarar, blant dei fire diplomatar, på bakgrunn av uspesifiserte “interne tryggingsårsaker”.<sup>57</sup>

I mars 2003 refererte den irakiske London-baserte avisa *al-Zaman* til eit konfidensielt irakisk dokument som skal ha kome avisa i hende via kontaktar ved ei irakisk ambassade i Aust-Europa. I følgje avisa stadfestar dokumentet at det irakiske regimet har gitt ordre om å utplassere irakiske offiserar og agentar verda over for å førebu åtak på ulike amerikanske interesser. Våpen og sprengstoff skal allereie vere utplassert ved fleire irakiske ambassader.<sup>58</sup>

I midten av februar 2003 vart ein irakisk diplomat, Husham Hussayn, utvist frå Filippinane etter at etterretningsrapportar viste at han hadde vore i kontakt med Abu Sayyaf-geriljaen hausten

<sup>54</sup> Opplysingane om attentatplanane stammar frå eit presidentdekret kommunisert frå Saddam Husayn til irakiske offiserar i Europa og som britiske og amerikanske lyttestasjonar var i stand til å oppfange. Informasjonen om ei eventuell libysk rolle blir sagt å stamme, blant anna, frå eit lengre møte mellom Ali Hasan al-Majid (Saddam Husayn's nevø) og oberst Mu'ammar Qaddafi der slike planar skal ha blitt diskutert. Con Coughlin, “Saddam orders agents to assassinate Iraqi opposition leaders sheltering in Britain,” *The Telegraph* 3 november 2002; og “Vil fjerne opposisjonelle: Saddam skal ha beordret drap,” *Nettavisen* 3 november 2002.

<sup>55</sup> Ian Bruce, “Heathrow named as al Qaeda target,” *The Herald* (UK) 14 november 2002.

<http://www.theherald.co.uk/news/archive/14-11-19102-0-11-2.html>

<sup>56</sup> “USA ber 60 land utvise irakere,” *Aftenposten* 7 mars 2003, s.6.

<sup>57</sup> Romania hadde tidlegare utvist den irakiske etterretningsoffiseren og konsulen i Bukarest, Mohammad Abd al-Raziq i 2001 etter samråding med vestlege tryggingstenester. Sjå “Romania Gives ‘Approximately’ 20 More Iraqis 48 Hours To Leave Country (FBIS-tittel),” *Agence France Presse* 2009 GMT 10 mars 2003, via FBIS; og Radu Tudor, “Iraqis To Be Expelled (in Romanian),” *Ziua* (internettversjon, Bucharest) 10 mars 2003, via FBIS.

<sup>58</sup> “Iraqi Agents Prepare to Attack US Interests Abroad (in Arabic),” *Al-Zaman* (London) 4 mars 2003, s.3, via FBIS.

2002.<sup>59</sup> Husham Hussayn skal ha blitt oppringt at Abu Sayyaf-geriljaen kort tid etter ein terroraksjon i byen Zamboanga 2. oktober 2002, der fire personar, inkludert ein amerikansk soldat vart drepen. Husayn skal også ha halde møter på den irakiske ambassaden med representantar for ein av frontorganisasjonane til den kommunistiske opprørsgruppa (New People's Army) i landet.<sup>60</sup> Filippinske styresmakter arresterte også fleire andre irakiske statsborgarar mistenkte for å planlegge terroraksjonar på vegne av det irakiske regimet.<sup>61</sup>

#### 4 IRAK OG AL-QAIDA

I lys av vanskane med å benytte eige etterretningspersonell i operasjonar mot amerikanske og allierte mål utanfor Irak er det grunn til å anta at det irakiske regimet kan oppmuntre og understøtte internasjonale terrorgrupper i framtidige aksjonar.<sup>62</sup> I ein diskusjon om Iraks evne til å ramme USA og dei allierte med terroraksjonar vil naturleg nok al-Qaida måtte stå sentralt, først og fremst på grunn av nettverket si globale rekkevidde og vilje til massedrapsaksjonar.

Det er stor strid om i kva grad det har vore kontaktar og samarbeid mellom al-Qaida og Irak. Moglegheitene for eit samarbeid er ikkje det beste. Det er relativt få irakiske medlemmer i al-Qaida-nettverket medan andre nasjonalitetar (Saudi-Arabia, Jemen, Egypt, Sudan, Algerie, palestinarane) har vore langt betre representerte.<sup>63</sup> Sameleis har det vore få irakarar i leiarsjiktet i al-Qaida.<sup>64</sup> Irak er styrt av ein sekulær diktator. Regimet har støtta ei rekke terrorgrupper, hovudsakleg grupper med sekulær ideologisk orientering, ikkje radikale islamistgrupper. Det irakiske folkemordet i Nord-Irak i 1988 der mellom 150 000 til 200 000 (hovudsakleg muslimske) kurдарar mista livet, okkupasjonen av Kuwait i 1990-91 og Iraks samarbeid med USA under Iran-Irak-krigen har ikkje gjort regimet særleg populært i radikale islamistkrinsar. al-Qaida har aldri uttrykt særleg sympati for det irakiske *regimet*; berre med det irakiske folket

<sup>59</sup> På 1980-talet skal den filippinske kommunistorganisasjonen New People's Army ha hatt kontaktar med ei rekke "revolusjonære" regimer og rørsler, inkludert Jugoslavia, Libya, Nord-Korea, Irak, PLO, Sandinistane og Japanske Raude Armé. Sjå Nathan Gilbert Quimpo, "Red leaders afraid Kintanar knew too much," *Philippine Daily Inquirer* (Manila, internettversjon) 28 januar 2003, via FBIS.

<sup>60</sup> "AFP: Iraqi Diplomat Linked To Terror Group Leaves Philippines (FBIS-tittel)," *Agence France Presse* (Hong Kong) 1623 GMT 13 februar 2003, via FBIS; "AFP: Philippines President Says Iraq Should Respect Decision to Expel Diplomat (FBIS-tittel)," *Agence France Presse* (Hong Kong) 0855 GMT 13 februar 2003, via FBIS; og "Xinhua: Philippines TV Says Two Arrested Iraqis May Have Had Terror Agenda (FBIS-tittel)," *Xinhua* in English 1150 GMT 16 februar 2003, via FBIS. Sjå også Julie S. Alipala, Rosa-May V. de Guzman & TJ Burgonio, "Iraqis aiding us, Abu leader admits," *Philippine Daily Inquirer* (internettversjon) 2 mars 2003, via FBIS.

<sup>61</sup> "Indonesian daily reports arrest of Iraqi, Somali citizens in Philippines (FBIS-tittel)," *Suara Pembaruan* (Jakarta) (internettversjon) 18 februar 2003, via FBIS; og "Xinhua: Philippines TV Says Two Arrested Iraqis May Have Had Terror Agenda (FBIS-tittel)," *Xinhua* in English 1150 GMT 16 februar 2003, via FBIS.

<sup>62</sup> Sjå f eks vurderingane til Paul Wilkinson i Gavin Cordon, "United Kingdom: Britain Prepares Against Possible Iraqi Terror Attack (FBIS-tittel)," *Press Association News* (London) in English 1118 GMT 16 februar 1998, via FBIS.

<sup>63</sup> I følgje boka til al-Jazira journalisten Ahmad Zaydan bestod al-Qaidas styrker i Afghanistan av 80 irakarar. Til samanlikning var fleire enn 1.660 fra nordafrikanske land, 680 fra Saudi-Arabia, 480 fra Jemen, 430 palestinere, 270 fra Egypt, 520 fra Sudan, 33 fra Tyrkia, og 180 fra Filippinene. Sjå Zaydan (2003).

<sup>64</sup> To unntak er 'Abd al-Hadi al-Iraqi, ein av al-Qaida leiar med ansvar for treningsleirane i Afghanistan, arrestert våren 2002, og Mamduh Mahmud Salim alias Abu Hajir al-Iraqi som var ein høgtståande rådgivar for bin Laden med ansvar for anskaffing av våpen og kommunikasjonsutstyr. Abu Hajir vart arrestert i september 1998 i Tyskland og seinare utlevert til USA, mistenkt for å ha delteke i ambassadebombingane i Aust-Afrika i august 1998.

og deira lidingar under sanksjonsregimet. USAs beleiring av Irak er eit sentralt tema i al-Qaidas kommuniké og har stadig blitt viktigare sidan hausten 2002.

#### **4.1 Ein taktisk allianse**

Al-Qaida har valt å fokusere på kampen mot den ‘fjerne fienden’/‘alliansen av sionistar og korsfararar’, ikkje dei sekulære arabiske regima. Sidan denne krigen har førsteprioritet, kan eit samarbeid med personar som ikkje er rettruande og gode muslimar, godtakast som eit midlertidig naudtiltak for å bekjempe eit større vonde. Al-Qaida har hatt eit pragmatisk tilhøve til sine samarbeidspartnarar og lét ikkje ideologiske omsyn stå i vegen. Ein ny studie av al-Qaida skriv til dømes at bin Ladin har samarbeidd og/eller vore i kontakt med

“an eclectic assortment of nominal Muslims; heretics; atheists; Europeans, Russians and South Asian gangsters; gray-market arms dealers; and narco-traffickers – each of whom has potential for helping facilitate al Qaeda’s anti-American activities.”<sup>65</sup>

Denne viljen til å inngå pragmatiske alliansar ser vi også i Usama bin Ladin sitt nyaste lydbandopptak offentleggjort 11. februar 2003, der han gir ideologisk dekning for kvifor det i denne situasjonen er legitimt å kjempe på same side som det “vantru” irakiske regimet.

“Under these circumstances, there will be no harm if the interests of Muslims converge with the interests of the socialists in the fight against the crusaders, despite our belief in the infidelity of socialists. The jurisdiction of the socialists and those rulers has fallen a long time ago. Socialists are infidels wherever they are, whether they are in Baghdad or Aden. The fighting, which is waging and which will be waged these days, is very much like the fighting of Muslims against the Byzantine in the past. And the convergence of interests is not detrimental. The Muslims’ fighting against the Byzantine converged with the interests of the Persians. And this was not detrimental to the companions of the prophet.”<sup>66</sup>

Ut frå denne tankegangen er derfor **ein kortvarig taktisk allianse** mellom Irak og al-Qaida slettes ikkje utenkjeleg.<sup>67</sup>

#### **4.2 Kort om Irak i al-Qaidas retorikk**

I lydbandopptaket frå 11. februar 2003 viar bin Ladin langt meir plass til Irak-konflikten enn i noko tidlegare al-Qaida fråsegn, noko som tydeleg innevarslar at al-Qaida ynskjer å plassere seg sjølv på kartet i konflikten mellom USA og Irak (sjå Appendix 1).<sup>68</sup> Dette kan innevarsle ei

<sup>65</sup> Sitert i Anonymous (2002), s.56.

<sup>66</sup> Sjå “Bin Laden tape: Text,” BBC News 12 februar 2003, [http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2751019.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2751019.stm)

<sup>67</sup> Den kanskje mest framståande ideologen for radikale islamistar i moderne tid, egyptaren Sayyid Qutb, var heller ikkje framand for at den “islamske avantgarden” kunne ha kontaktar og band med det vantru samfunnet (jahiliyya) og at det til tider var nødvendig å samarbeide med andre partar i jahiliyya. Sjå følgjande sitat frå innleiinga til Sayyid Qutbs Milestones: “During its [the vanguard’s] course it should keep itself somewhat aloof from this all-encompassing Jahiliyyah and should also keep some ties with it [...] [This vanguard] ought to be aware of their position vis-a-vis this Jahiliyyah, which has struck its stakes throughout the earth; [they should know] when to cooperate with others and when to separate from them ...” Sitert i Qutb (1978), s.17.

<sup>68</sup> al-Qaidas retorikk om Irakkonflikten er analysert i Hegghammer (2003).

**reorientering** ved at Irak no blir gjort til ei viktigare sak for nettverket.<sup>69</sup> Medan Palestinakonflikten og USAs “okkupasjon av Landet til dei to heilage stadene” (Saudi Arabia) tidlegare figurerte øverst på lista over anklager mot USA, synast det no som kampen mot den føreståande amerikanske invasjonen av Irak er blitt vel så viktig.<sup>70</sup> Sidan hausten 2002 har dei amerikanske krigsførebuingane naturleg nok overskygga alle andre stridsspørsmål i Midtausten, og al-Qaida ville stå i fare for å bli oppfatta som noko irrelevant dersom organisasjonen ikkje markerte seg i Irakspørsmålet, både i tale og handling. Åtaka mot den franske tankbåten Limburg utanfor kysten av Jemen, og skyteåtaka på amerikanske soldatar i Kuwait i oktober 2002, vart sett i samanheng med USAs nye Irakpolitikk.<sup>71</sup> I oktober 2002 vart eit nytt lydbandopptak offentleggjort der Ayman al-Zawahiri, nestkommanderande i al-Qaida-nettverket, på det sterkeste fordømte dei amerikanske krigsplanane.<sup>72</sup> I følgje ei engelsk omsetjing av opptaket, uttala al-Zawahiri at

“the campaign against Iraq was goals that go beyond that country to cover the Arab and Islamic worlds. It aims at destroying any effective military power that neighbors Israel. It also aims at confirming Israel's monopoly of the weapons of mass destruction in the region without any competitors to ensure that the Arab and Islamic countries yield to its wishes and ambitions . [...] As it was said in Congress, it is the aim to divide Saudi Arabia into several regions including an eastern zone that includes most of the oil wells and will be under direct American supervision.”<sup>73</sup>

#### 4.3 Irakisk samarbeid med al-Qaida

Rapportane om eit samarbeid mellom Irak og al-Qaida stammar i all hovudsak frå *lekkasjar til media av amerikansk etterretningsinformasjon som er vanskeleg å etterprøve*. Ei samla vurdering i CIA av kontaktane mellom al-Qaida og det irakiske regimet vart offentleg kjend for første gong i eit brev datert 7. oktober 2002 frå CIA direktøren George Tenet til Bob Graham, formannen i Det amerikanske senatets etterretningskomité (sjå Appendix 2). Utanriksminister Colin Powell sin tale til FNs tryggingsråd 5. februar 2003 gav langt fleire detaljar om kontaktar og samarbeid mellom al-Qaida og Irak (sjå Appendix 3).<sup>74</sup> Powells tale viste også til noko av

<sup>69</sup> Lydbandopptaken er gjengitt i “Text of reputed Bin Laden audiotape broadcast by al Jazeera,” *Agence France Presse* 12 november 2002. For omtale av lydbandopptaket, sjå David Stout, “Voice on Tape Portrayed as bin Laden's Praises Recent Attacks,” *The New York Times* 12 november 2002; James Risen with Neil Macfarquhar, “New Recording May Be Threat From bin Laden,” *The New York Times* 13 november 2002; og Faye Bowers & Peter Ford, “Bin Laden is back, now as defender of Iraq,” *The Christian Science Monitor* 14 november 2002.

<sup>70</sup> Al-Qaidas fokusering på Irak er likevel ikkje ny. I eit tidlegare lydbandopptak hausten 2002 Bin Ladin viser til den siste rekkja av al-Qaida åtak og seier at desse operasjonane er “berre ein reaksjon som kjem som tilsvart til det Bush, vår tids farao, gjer når han drep sønene våre i Irak og det Amerikas allierte, Israel, gjer når det bomber hus med kvinner, barn og gamle med amerikanske fly”. Vidare fordømmer bin Ladin USA's allierte og trugar med at “dersom de ikkje likar å sjå på dykker døde, så hugs våre døde, inkludert borna i Irak.” Sitert i “Text of reputed Bin Laden audiotape broadcast by al Jazeera,” *Agence France Presse* 12 november 2002.

<sup>71</sup> Don Van Natta Jr & David Johnston, “Officials See Signs of a Revived Al Qaeda,” *The New York Times* 13 oktober 2002.

<sup>72</sup> Sjå omtale av lydbandopptaket i Dafna Linzer, “Al-Qaida Message Focuses on Iraq,” *AP* 10 oktober 2002.

<sup>73</sup> “A Message To The American People,” by UBL translated by Ayman al-Zawahiri, <http://www.freedomation.org/free/forum/images/statss/index.php?subject=1&rec=863&tit=tit&pa=0>

<sup>74</sup> Brevet er omtala og sitert i Alison Mitchell & Carl Hulse, “C.I.A. Warns that a U.S. Attack May Ignite Terror,” *The New York Times* 9 oktober 2002; og i “Chance of Saddam using WMD if attacked ‘pretty high.’ CIA,” *Agence*

kjeldegrunnlaget for dei amerikanske opplysingane. Det skal blant anna dreie seg om informasjon frå avhøyr av tilfangetakne al-Qaida-leiarar, opplysingar frå samarbeidande etterretningstenester og høytståande offiserar i den irakiske etterretningstenesta. Colin Powell sin tale var også basert på ferske opplysingar som stamma frå arrestasjonen og avhøyra av eit leiande medlem av ei al-Qaida-alliert gruppe med base i Bagdad.<sup>75</sup>

#### 4.4 Kontaktar

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av desse opplysingane. I følgje amerikansk etterretning kjenner ein til ulike nivå av *kontaktar* mellom al-Qaida og det irakiske regimet og som går tilbake til bin Ladins tid i Sudan tidleg på 1990-talet. (Desse tidlege kontaktane er også omtala i arabisk og europeisk presse ved ei rekkje høve på 1990-talet.<sup>76</sup>) Samtalane dreidde seg om ei ikkje-angrepssakt og moglege tilfluktstader for al-Qaida i Irak, samt om anskaffing og konstruksjon av ikkje-konvensjonelle våpen. I brevet til Bob Graham heiter det at CIA har “solid reporting” om høgnivå kontaktar mellom Irak og al-Qaida i løpet av det siste tiåret. I følgje Powells tale oppnådde Irak ei forståing med al-Qaida om ei ikkje-aggresjonssakt i første halvdel av 1990-talet. CIA kjenner til minst åtte møter på svært høgt nivå, inkludert eit møte i 1996 mellom bin Ladin og ein høgtståande irakisk etterretningsoffiser i Khartoum, og eit påfølgjande møte mellom bin Ladin og sjefen for (ei av) den irakiske etterretningstenestene. Ei etterforsking i regi av National Security Council i 1998 skal ikkje den gongen ha funne særleg handfaste bevis på *eit utvikla samarbeid*, men merka seg at eit sudanesisk prosjekt om konstruksjon og anskaffing av kjemiske våpen, og som bin Ladin hadde investert i, benytta seg av ein velkjent irakisk produksjonsmetode.<sup>77</sup> I følgje Bob Baer som tenestegjorde for CIA i Midtausten på 1990-talet, var det kontaktar mellom bin Ladin og Irak i Sudan og i 1998, men ein ikkje fann bevis for noko “strategisk partnerskap”.<sup>78</sup>

I Powell sin tale blir det nemnt at det irakiske regimet fatta auka interesse for al-Qaida etter bombeåtaka mot dei amerikanske ambassadane i Aust Afrika i august 1998 og angrepet på USS Cole i oktober 2000. Medan al-Qaida hadde hovudsete sitt i Afghanistan (1997-2001), var det fleire møter mellom al-Qaida-leiinga og representantar for det irakiske regimet. Den irakiske ambassaden i Pakistan var det sentrale kontaktpunktet. Andre, men berre delvis uavhengige kjelder støtter opp om dette. I følgje opplysingar frå eksilorganisasjonen Iraqi National Congress (INC) og ein tidlegare sjef for forskingsavdelinga i indisk etterretning, skal kontaktane mellom Irak og al-Qaida ha auka i omfang etter ambassadebombingane i august 1998. Ein irakisk utsending besøkte al-Qaida leiarskapet i Kandahar og tilbaud Usama bin Ladin *vern og tilfluktstad* i Irak dersom sterkt amerikansk press skulle føre til at Pakistan og Taliban gjekk

*France Presse* 9 oktober 2002. For Powells tale, sjå “Text of Powell speech to the UN Security Council,” 5 februar 2003, [http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2729525.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2729525.stm)

<sup>75</sup> Patrick E. Tyler, “Intelligence Break Led U.S. to Tie Envoy Killing to Iraqi Qaeda Cell,” *The New York Times* 6 februar 2003.

<sup>76</sup> F eks *Corriere della Sera* og *al-Watan al-Arabi*, sjå Anonymous (2002), s.188ff og 322f. Sjå også Goldberg (2003).

<sup>77</sup> Daniel Benjamin, “Saddam Hussein and Al Qaeda Are Not Allies,” *The New York Times* 30 september 2002.

<sup>78</sup> Sitert i Julian Borger, “White House ‘exaggerating Iraqi threat’: Bush’s televised address attacked by US intelligence,” *The Guardian* 9 oktober 2002.

med på å utvise al-Qaida-leiarskapet. Dette tilbodet vart avslått.<sup>79</sup> I følgje Powells tale gjentok Irak tilbodet i 2000 og etter Talebans fall i Kabul skal fleire al-Qaida medlemmer søkt tilflukt både i Bagdad og i Nord-Irak i eit område kontrollert av Ansar al-Islam (sjå nedanfor).

Powell sin tale gjorde ingen forsøk på å knyte Irak til åtaka på WTC og Pentagon. I tida etter 11. september var det ei utbreidd oppfatning i USA at al-Qaida måtte ha hatt bistand frå ein stat for å kunne gjennomføre ein så omfattande aksjon. Mykje merksemd vart via til rapportar frå INC og tsjekkisk etterretning om at Muhammad ‘Atta, leiaren for dei 19 kaprarane, hadde møtt den irakiske diplomaten og etterretningsoffiseren Ahmed Khalil Ibrahim Samir al-Ani i Praha 8 april 2001. Al-Ani vart utvist for spionasje kort tid etterpå. I ettertid har både amerikanske og tsjekkiske tenestemenn sett spørsmålsteikn ved dette, ikkje minst fordi opplysingane stamma frå berre ein informant.<sup>80</sup>

#### **4.5 Opplæring i Salman Pak-leiren og i MEK-leiren Al-Uzaym**

Andre indisier om eit mogleg irakisk samarbeid med al-Qaida og eventuelt ei irakisk rolle i 9/11, er vitneutsegn om opplæring i flykapring ved den store militærleiren Salman Pak, sør for Bagdad. Irak hevda overfor FN-inspektørane at leiren vart anvendt blant anna til antiterrortrening for irakiske spesialstyrkar. I følgje to irakiske avhopparar som skal ha tenestegjort ved Salman Pak, gjennomgjekk irakiske spesialstyrkar (*Fida 'yyin Saddam*) opplæringskurs i flykapring, attentat, planting av bomber etc. Tilsvarande trening vart også gitt i separate kurs til fleire titals “islamske terroristar” frå andre arabiske land, spesielt frå Saudi Arabia og Jemen. Treninga inkluderte metodar for kapring av fly utan bruk av skytevåpen. Denne opplæringa foregjekk blant anna ombord på eit Boeing 707-flyskrog som var utplassert i leiren. Eksistensen av eit flyskrog i leiren blir stadfest av kommersielle satellittfoto og av andre uavhengige vitneutsegn. Opplæringa skal ha pågått sidan 1995 og var framleis i gang så seint som i september 2000. I følgje det respekterte amerikanske reportasjeprogrammet PBS *Frontline*, har amerikanske tenestemenn hatt tiltru til vitnesutsegnene om at islamistiske og andre terroristar vart trena i Salman Pak-leiren, men meiner det ikkje er grunnlag til å knyte Irak direkte til 9/11.<sup>81</sup> Fleire fangar i fengsel i Det austlege Nord-Irak, som er kontrollert av Patriotic Union of Kurdistan (PUK), har også fortalt om irakisk opplæring av al-Qaida-medlemmer i Bagdad.<sup>82</sup> PUK-lojale kjelder har også hevda at tilsvarande treningsprogram for al-Qaida

<sup>79</sup> Denne irakiske utsendingen var Faruq Hijazi, som då var sjef for divisjonen for hemmelege operasjonar i *Mukhabarat*, ein av dei irakiske etterretningsorganisasjonane. David Stout, “Rumsfeld Speaks of Evidence Linking Iraq and Al Qaeda,” *The New York Times* 26 september 2002; B Raman, “Iraq-inspired terror: The odds of reprisal,” *Asia Times Online* 18 januar 2003, [www.atimes.com/atimes/Middle\\_East/EA18Ak03.html](http://www.atimes.com/atimes/Middle_East/EA18Ak03.html); “INC Press Statement: Iraqi National Congress Exposes Saddam Hussein’s Links to International Terrorism and Demand Saddam’s Removal as Part of Any Anti-Terror Strategy,” *INC Presseerklärung* 24.09.01, [www.kurds.dk/english/2000/news78.html](http://www.kurds.dk/english/2000/news78.html); og John J Lumpkin, “U.S.: Top al-Qaida Aide Visited Iraq,” *Associated Press* 2 oktober 2002.

<sup>80</sup> James Risen, “Prague Discounts an Iraqi Meeting,” *The New York Times* 20 oktober 2002.

<sup>81</sup> “Interview with Sabah Khodada,” *PBS Frontline* [www.pbs.org/wgbh/pages/frontline/shows/gunning/interviews/khodada.html](http://www.pbs.org/wgbh/pages/frontline/shows/gunning/interviews/khodada.html); og “Salman Pak / Al Salman,” Global Security.org [www.globalsecurity.org/wmd/world/iraq/salman\\_pak.htm](http://www.globalsecurity.org/wmd/world/iraq/salman_pak.htm)

<sup>82</sup> Ein tidlegare irakisk etterretningsoffiser fortalte ein ABC journalist at “There is a relationship between the governments of al Qaeda and the Iraqi government, [...] It began after the events of Kuwait approximately. That is when the relationship developed and many delegations came to Baghdad. There are elements of al Qaeda training

aktivistar blir gjennomført i Al-Uzaym, ein treningsleir nær Khalis i Sør-Irak som den iranske "motstandsrørsla" *Mujahidin al-Khalq* (MEK) kontrollerer i samarbeid med Bagdad (sjå kapittel 5).<sup>83</sup>

#### **4.6 Andre samarbeidsaktivitetar**

Når det gjeld konkrete samarbeidsaktivitetar, skal det ha kome fram fleire nye opplysingar under avhøyr av to sentrale al-Qaida leiarar som vart tilfangetekne i mars 2002.<sup>84</sup> I separate avhøyr skal desse ha gitt detaljar om korleis al-Qaida medlemmer har søkt og motteke *irakisk bistand og trening i blant anna å utvikle, konstruere og anvende kjemiske våpen*.<sup>85</sup> USAs forsvarsminister Donald Rumsfeld og den nasjonale tryggingsrådgivaren Condoleezza Rice uttala ved fleire høve i september 2002 at dei no sat på "svært truverdig informasjon om seniornivå kontaktar" mellom Irak og al-Qaida som innebar irakisk bistand til anskaffing av masseøydeleggingskapasitetar.<sup>86</sup> CIA-brevet til Bob Graham nemner i tillegg *hjelp til produksjon av konvensjonelle bomber*. Colin Powells presentasjon for FNs tryggingsråd viser til ei rekke samarbeidsaktivitetar, blant anna *opplæring i forfalsking av dokument* ved leirane i Afghanistan på 1990-talet.<sup>87</sup> Han gav også fleire detaljar om irakisk bistand til al-Qaida når det galdt kjemiske våpen. I følgje informasjon frå eit sentralt plassert al-Qaida-medlem skal ein anna aktivist med tilnamnet Abu 'Abdullah al-Iraqi ha blitt sent til Irak fleire gonger i perioden 1997-2000 som eit ledd i arbeidet med å anskaffe av giftstoff og gassar til al-Qaida. Irak skal deretter ha tilbudt kjemisk/biologisk våpentrenering til to al-Qaida-medlem i desember 2000.

#### **4.7 Tilfluktstad og operasjonsbase i Bagdad for Zarqawi-gruppa**

Mykje av Colin Powells tale om Irak si tilknyting til al-Qaida dreidde seg om at Irak gav husly og vern til ei al-Qaida celle. Før Powells tale vart det kjent at Irak til liks med ei rekke landa i regionen fungerte som tilfluktstader for al-Qaida-medlem på flukt frå krigen i Afghanistan, og styresmaktene vart kritiserte for ikkje å ta meir effektive åtgjerder mot mistenkte al-Qaida-aktivistar. Iran og Irak vart skulda for å ha tillate al-Qaida-aktivistar fri passasje. Det har også

on suicide operations, assassinations, explosions, and the making of chemical substances, and they are supervised by a number of officers, experts from the Iraqi intelligence, the Explosives Division, the Assassinations Division, different specialties." Sitert i Don Dahler, "Direct Links Detailed: Three Prisoners in N. Iraq Outline Links Between Al Qaeda and Iraq," *Reporter's Notebook*, ABCNews.com 27 september 2002.

<sup>83</sup> "Al-Qa'ida militants reportedly training with Iranian MKO in southern Iraq (FBIS-tittel)," *Kurdistani Nuwe* (in Sorani Kurdish) 0000 GMT 21 oktober 2002, via FBIS.


<sup>84</sup> Abu Zubaydah, al-Qaida tidlegare toppleiar for operasjonar og hans nestkommanderande og militærkommandant for Khalden treningsleir i det austlege Afghanistan, Ibn Shaykh al-Libi.

<sup>85</sup> "US trace al Qaeda operative to Iraq," PTI 30 september 2002; "Rice: Iraq trained al Qaeda in chemical weapons," CNN website 26 september 2002; og "Saddam is sheltering al-Qa'ida terrorists, claims Rice," *The Independent* 27 september 2002.

<sup>86</sup> "We have what we consider to be credible contacts in Iraq who could help them acquire weapons-of-mass-destruction capabilities." Sitert i Rowan Scarborough, "U.S. tracked top al Qaeda planner's visit to Baghdad," *The Washington Times* 4 Oct. 2002. Sjå også "An al-Qaida/Hussein link?" *Milwaukee Journal Sentinel* 30 september 2002; og David Stout, "Rumsfeld Speaks of Evidence Linking Iraq and Al Qaeda," *The New York Times* 26 september 2002.

<sup>87</sup> I følgje CIA briefing for US Armed Forces Committee 12 februar 2003 skal denne informasjonen ha kome frå Mahmud Salim som vart arrestert i Tysklad og utlevert til USA i samband med ambassadebombingen i Aust-Afrika i august 1998.

blitt rapportert i media at leiande al-Qaida aktivistar vart verande i Bagdad i kortare eller lengre tidsrom. I denne samanhengen var namnet Ahmad Fadil al-Khalaylah, mest kjend under aliaset **Abu Musab al-Zarqawi**, mykje framme. Allereie hausten 2002 var han ein mykje omtala al-Qaida figur i opne kjelder. Abu Musab al-Zarqawi er ein 36 år gammal palestinar fødd i Jordan, i byen Zarqa' (derfor tilnamnet Zarqawi).



*Abu Musab al-Zarqawi. Petra via Associated Press*

Han står nær den palestinske al-Qaida-ideologen Abu Qatada, og blir betrakta som kanskje den mest sentrale personen i al-Qaida nettverket i Europa.<sup>88</sup> Zarqawi har tidlegare budd i Tyskland. Han deltok i Afghanistankrigen på 1980-talet, og returnerte til Afghanistan i 2000. Der hadde han kommandoen over ein treningsleir nær Herat der hovudsakleg palestinske og jordanske aktivistar fekk opplæring.<sup>89</sup> I følgje etterretningskjelder skal ha reist til Iran og seinare til Irak etter Talebans fall i Kabul hausten 2001. I Bagdad fekk han medisinsk behandling i mai 2002 for skadar han pådrog seg under krigshandlingane i Afghanistan.<sup>90</sup> al-Zarqawi forlét Bagdad og reiste truleg til Syria i midten av 2002.<sup>91</sup> Europeiske etterretningskjelder seier al-Zarqawi også har besøkt Pakistan, Libanon, Tyrkia, Nord-Irak og Georgia det siste året. Han skal ha vore tilstades på eit møte i Sør-Libanon i august 2002 med representantar for Hizbulah, Iran og den sunnifundamentalistiske gruppa 'Asbat al-Ansar'.<sup>92</sup> al-Zarqawi skal også ha møtt al-Qaida-aktivistar som trenar med tsjetsjenske geriljasoldatar i Pankisi Gorge. Han har også hatt møter med og søkt tilflukt ei tid hjå *Ansar al-Islam* i Nord-Irak (sjå nedanfor).<sup>93</sup>

<sup>88</sup> Tony Allen-Mills, "One-legged terror leader 'proves' Iraq links to Al-Qaeda," *The Sunday Times* 13 oktober 2002.

<sup>89</sup> "Palestine: Al-Tawhid," *Rantburg.com* - organizations, oktober 2002, <http://bs2000.net/qrmapps/thugburg/dOrg.asp?ID=115>

<sup>90</sup> Susan Schmidt & Douglas Farah, "Al Qaeda's New Leaders: Six Militants Emerge From Ranks to Fill Void," *Washington Post* 29 oktober 2002, s.A01.

<sup>91</sup> Tony Allen-Mills, "One-legged terror leader 'proves' Iraq links to Al-Qaeda," *The Sunday Times* 13 oktober 2002.

<sup>92</sup> For meir detaljar om 'Asbat al-Ansar, sjå *Rantburg.com* website/organizations/Lebanon-Asbat al-Ansar, datert februar 2002, <http://bs2000.net/qrmapps/thugburg/dOrg.asp?ID=102>

<sup>93</sup> Peter Finn, "Europe is warning of terrorist threat: Officials on Continent echo U.S. alarm," *The Washington Post* 15 november 2002; "Terrorists: Man on The Run: Zarqawi has been linked to recent Qaeda activity and possibly even Iraq," *Newsweek* 3 februar 2003; og C J Chivers, "Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank," *The New York Times* 13 januar 2003.

al-Zarqawi skal ha delteke i planlegginga av terroraksjonar sidan slutten på 1990-talet. Ein jordansk domstol har dømd al-Zarqawi til døden in absentia for eit planlagt bombeåtak mot Radisson SAS Hotel i Amman under tusenårsfeiringa. al-Zarqawi blir også mistenkt for å ha ei leiande rolle i planlegginga av nye terroråtak i Europa med gift/kjemiske våpen det siste året.<sup>94</sup> al-Zarqawi er mistenkt for å forsøke å smugle giftige kjemikalier, inkludert ricin, via Tyrkia inn i Europa til terrorføremål.<sup>95</sup> al-Zarqawi skal ha spesialkompetanse i bruk av gift og gass som terrorvåpen, og treningsleiren han leia i Herat, Afghanistan skal ha spesialisert seg på produksjon og bruk av alle typer gift.

al-Zarqawis rolle i al-Qaida er noko omstridd. I følgje ulike etterretningskjelder, er al-Zarqawi blant av al-Qaidas “top 20” leiarar og blir beskrive som ein “svært mobil sjefsoperatør og tilretteleggar” og var ein nær medarbeidar av Abu Zubayda.<sup>96</sup> Andre kjelder betraktar al-al-Zarqawi som ein uavhengig figur. Tidlegare på 1990-talet skal han ha hatt nære kontaktar med den egyptiske Islamsk Jihad-rørsla.<sup>97</sup> I dag blir han betrakta som leiaren av *Tawhid* (arabisk for “Guds einskap”), ei lausleg organisert palestinsk-jordansk gruppe, gjerne beskrive som ei “logistisk støttegruppe” for al-Qaida. Gruppa tek mål av seg å styre det pro-vestlege monarkiet i Jordan og har til ein viss grad divergerande interesser med al-Qaidas globale kamp. Eit sentralt vitneutsagn av ein tidlegare al-Zarqawi-medarbeidar i ei rettsak i Tyskland hevdar at berre palestinrarar og jordarrarar vart rekryterte til Tawhid, at al-Qaida og Tawhid samarbeidde, men hadde ulike målsetjingar. Tawhid-medlemmene måtte avlegge truskapdeid til al-Zarqawi.<sup>98</sup> Powell beskriv også al-Zarqawi som “an associate and collaborator of Osama bin Laden and his al-Qaeda lieutenants”. Han bruker nemninga “Zarqawi nettverket” og “al-Qaida affilierte” om al-Zarqawis gruppe, som også understrekar at gruppa er ein eigen separat organisasjon under al-Qaida-paraplyen.

Det er mogleg at Irak har betrakta al-Zarqawi-gruppa som ei av dei mange mindre palestinske terrorgruppene som Bagdad har lang tradisjon i å gi husly og støtte til. Tyske etterforskarar som kjenner Tawhid gruppa godt etter å ha gjort ei rekke arrestasjonar av gruppas medlem i april 2002 og fullført ei omfattande etterforskning mot Tawhid, seier ein ikkje har kome over truverdig informasjon om at al-Zarqawi og Tawhid har samarbeidd med det irakiske regimet, men utelukkar ikkje at amerikansk etterretning sit på ny informasjon.<sup>99</sup> Ein tidlegare al-Zarqawi-medarbeidar, Shadi Abullah, har hevdha under ei rettsak i Tyskland at al-Zarqawis framste

---

<sup>94</sup> “Terrorists: Man on The Run: Zarqawi has been linked to recent Qaeda activity and possibly even Iraq,” *Newsweek* 3 februar 2003.

<sup>95</sup> Sitert i Peter Finn, “Europe is warning of terrorist threat,” *International Herald Tribune* 15 november 2002. Sjå også William Safire, “Clear Ties of Terror,” *The New York Times* 27 januar 2003.

<sup>96</sup> Susan Schmidt & Douglas Farah, “Al Qaeda’s New Leaders: Six Militants Emerge From Ranks to Fill Void,” *Washington Post* 29 oktober 2002, s.A01

<sup>97</sup> Eric Leser, “Despite Efforts by Bush Administration, Link Between Al-Qa‘ida and Baghdad Not Formally Proven (in French),” *Le Monde* (Internettversjon) 15 februar 2003, via FBIS.

<sup>98</sup> Sjå f eks “Qaeda Informant Helps Trace Group’s Trail,” *The New York Times* 17 februar 2003.

<sup>99</sup> “German Interior Minister, Intelligence and Counter-Terrorism Officers, Question Colin Powell’s Evidence of Iraq-Al-Qaeda Links,” *The Wall Street Journal* 7 februar 2003, s.A6; og Don Van Natta Jr. med David Johnston, “A Terrorist With a Deadly Past,” *The New York Times* 10 februar 2003.

allierte var Iran, ikkje Irak.<sup>100</sup> Det er verdt å merke seg at den tyske etterforskningen berre omhandla forhold i tida før opprullinga av Tawhid-cellia i april 2002 medan al-Zarqawi skal ha kome til Bagdad i mai 2002.

Tawhid har eit visst nærvær i Tyskland, Storbritannia og Jordan, men har truleg gode kontaktar og allierte i Iran dit al-Zarqawi flykta etter at Taleban-regimet i Kabul vart styrt.

Nestkommanderande i Tawhid er ein iranar ved (alias)namnet Abu Harun, og i følgje arresterte Tawhid-medlemmer, sende gruppa sitt nettverk i Tyskland opptil US\$ 40 000 i månaden til al-Zarqawi i Iran.<sup>101</sup> Ei gruppe på 13 Tawhid-medlem vart arresterte i Tyskland i april 2002 mistenkt for å ha planlagt terroråtak mot jødiske og amerikanske mål, samt å organisere logistisk støtte til al-Qaida. (9 av desse vart seinare sikta).<sup>102</sup>

Ein annan al-Qaida-aktivist som har søkt tilflukt i Irak, er *Ahmad Hikmat Shakir* som er av irakisk opphav og kan ha vald Irak som tilfluktsstad av den grunnen. Shakir vart arrestert fleire gonger av politiet i Jordan og Qatar, men har av ukjende grunnar blitt sett på frifot. Ei husransaking av Shakir sin bustad i Duha, hovudstaden i Qatar, der Shakir arbeidde ei tid i statsadministrasjonen, avdekkja blant anna telefonsamtalar med mistenkte bak WTC-aksjonen i 1993 og det såkalla Bojinka-prosjektet. Sistnemnde var ein planlagd sprengingsaksjon mot 11 amerikanske passasjerfly over Stillehavet. Shakir skal også ha vore til stades på eit al-Qaida toppmøte i Malaysia i januar 2000 der to av 9/11 kaprarane deltok. Dette var truleg eit planleggingsmøte for WTC/Pentagon-aksjonane og for åtaket på det amerikanske krigsskipet USS Cole i Jemen i oktober 2000.<sup>103</sup>

al-Zarqawi og Tawhid sitt tilhøve til det irakiske regimet er noko uklart. CIA-sjefen George Tenet har vore forsiktig med å overdrive graden av irakisk samarbeid med al-Zarqawi si gruppe: "I am not suggesting the existence of operational management and control of al-Zarqawi by Iraq. He seems like somebody who is independent but who obtained assistance."<sup>104</sup> Powell sin tale til tryggingsrådet gir fleire detaljar om al-Zarqawi sine aktivitetar i Irak. Medan han mottok medisinsk behandling i Bagdad i midten av 2002, vart det etablert ein operasjonsbase i Bagdad med ca 20 al-Qaida affilierte aktivistar. Denne "al-Qaida cella" er framleis aktiv, både når det gjeld logistikk og operasjonar. al-Zarqawi si gruppe koordinerer transport av personell, pengar og forsyningar til og gjennom Irak. Gruppa "har opererert fritt i Bagdad i meir enn åtte månader", i følgje Powells tale.

---

<sup>100</sup> Simpson & Stevenson Swanson, "Prisoner casts doubt on Iraq tie to Al Qaeda: Story at odds with Powell's UN case," *The Chicago Tribune* 11 februar 2003.

<sup>101</sup> Susan Schmidt & Douglas Farah, "Al Qaeda's New Leaders: Six Militants Emerge From Ranks to Fill Void," *Washington Post* 29 oktober 2002, s.A01; "Interview: Terrorzellen in Deutschland," *n-tv.de* 26 april 2002, [www.n-tv.de/3007579.html](http://www.n-tv.de/3007579.html); og Mark Hosenball, "The Iran Connection," *Newsweek* 24 februar - 3 mars 2003, <http://www.msnbc.com/news/876145.asp>

<sup>102</sup> "Terror suspects 'planned German attacks,'" *BBC News* 25 april 2002.

<sup>103</sup> Desse opplysingane bygger på artiklar frå bl a *Newsweek*. Sjå "US trace al Qaeda operative to Iraq," *PTI* 30 september 2002.


<sup>104</sup> CIA høyring for Congressen sitert i Eric Leser, "Despite Efforts by Bush Administration, Link Between Al-Qaida and Baghdad Not Formally Proven (in French)," *Le Monde* (Internettversjon) 15 februar 2003, via FBIS.

al-Zarqawi-gruppa skal ha medverka til attentatet på den amerikanske diplomaten og US AID-tjenestemannen Lawrence Foley i Amman 28 oktober 2002. Ei gruppe som kalla seg *Shurafa' al-Urdun* ("The honourables of Jordan"), påtok seg ansvaret og utstedte eit kommuniké der attentatet vart sagt å vere "in retaliation for the US Administration's stand that supports the Zionist aggression and the shedding of blood in Iraq, Afghanistan, and even everywhere in the world" (sjå appendix 7).<sup>105</sup> Den pågripne gjerningsmannen skal ha vedgått å ha motteke pengar og våpen frå al-Zarqawi si gruppe for operasjonen. Vidare skal al-Zarqawis gruppe ha vore involvert i planlagte terroraksjonar med eksplosiver og/eller giftgass i ei rekke land i Europa, inkludert Frankrike, Storbritannia, Spania, Italia, Tyskland og Russland. I alt 116 mistenkte terroristar knytta til "Zarqawi-nettverket" er blitt pågripne til no (sjå organogram i Appendix 3).

Powell avviste offisielle irakiske utsegner om at dei ikkje kjenner til al-Zarqawi si gruppe. Han viste til at Irak ikkje har vist nokon vilje til å pågripe og utlevere al-Zarqawi, trass i at jordanske styresmakter har kravd dette ved fleire høve.<sup>106</sup>

#### 4.8 Eit bindeledd i Nord-Irak: Ansar al-Islam?

Eit anna kjernekjelde i Powells tale var den sunnifundamentalistiske gruppa *Ansar al-Islam* (AI) som kontrollerer landsbyane Biyara, Tawila og fleire mindre landsbyar i Hawraman-regionen nær grensa mot Iran i Nord-Irak.



Kjelde: *The New York Times* og *The Christian Science Monitor*

Ansar er ei typisk jihadi-salafist gruppe som kombinerer eit strengt puritansk Taleban-liknande styre med ei sterk vektlegging av væpna kamp. Både geriljakrig og terroraksjonar synast å vere


<sup>105</sup> Sitert i "Shurafa al-Urdun' Claims Responsibility for Operation (in Arabic)," *Al-Quds al-Arabi* 29 oktober 2002, s.8, via FBIS.

<sup>106</sup> Eric Leser, "Despite Efforts by Bush Administration, Link Between Al-Qa'ida and Baghdad Not Formally Proven (in French)," *Le Monde* (Internettversjon) 15 februar 2003, via FBIS.

legitime verkemiddel for organisasjonen, inkludert politiske attentat mot politiske leiarar av rivaliserande kurdiske grupper. Ansar er ei av dei minste og mest ytterleggåande islamistgruppene i Nord-Irak.

Ansar al-Islam vart formelt danna i desember 2001, men rørsla er i hovudsak ei vidareføring av fleire mindre radikale islamistgrupper som skilde lag med det største og meir moderate sunni-islamistiske partiet i Nord-Irak, Den islamske rørsla i Irakisk Kurdistan (IMIK). Nye utbrytargrupper vart danna, spesielt etter at IIMIK sluttar fred med PUK-administrasjonen i det nord-austlege Nord-Irak (Teheran-avtalen i mai 1997) og vart med i PUK si regionalregjering.<sup>107</sup> Medlemstalet til Ansar er anslått frå 500 til 1 000, mest sannsynleg rundt 650. Av desse skal eit fåtal (30-150) vere “afghanistan-arabalar” og/eller al-Qaida aktivistar.

Menneskerettsorganisasjonen Human Rights Watch viser til ei lang rekke alvorlege overgrep som Ansar sannsynlegvis er skuldig i. Desse spenner frå religiøs undertrykking, tortur og mishandling under avhøyr, fordriving av landsbybevaruar, henrettning av krigsfanger til politiske attentat og planlagde sjølvmordsaksjonar.<sup>108</sup>



*Ansar al-Islam medlemmer, Foto av Chang W. Lee/The New York Times*

Ansar al-Islam har fått særskild mykje merksemd i Norge fordi gruppa vart danna og leia av ein kurdisk kvoteflyktning til Norge, Najmuddin Faraj Ahmad, mest kjend som Mulla Krekar (eller Mulla Fatih Krekar). Etter han kom til landet, danna han i 1994 eit islamsk trussamfunn, Islamsk Visjon i Norge, der Krekar var imam. Trussamfunnet hadde 352 registrerte tilhengjarar i Norge i 1998. Med lokaler i Storgata 41, midt i Oslo sentrum skal Islamsk Visjon ha blitt ein viktig samlingsstad for ytterleggåande muslimar i Norge.<sup>109</sup> I følgje Nettavisen og Verdens Gang skal

<sup>107</sup> HRW (2003), s.2.

<sup>108</sup> HRW (2003). Sjå også Marie Jego, “Radical Islam Established in Eastern Kurdistan Region of Iraq,” *Le Monde* (Internet Version, in French) 13 november 2002, via FBIS; C J CHIVERS, “Kurds Say Islamic Group With Links to Al Qaeda Plans Suicide Bombings,” *The New York Times* 15 desember 2002; Morten Øverbye, “Lager skrytevideo av henrettelser,” *Verdens Gang* 14 januar 2003; C. J. Chivers, “Kurdish Leader Is Assassinated in Militant Raid,” *The New York Times* 10 februar 2003; “Turkey’s AA Reports 4 Killed in Suicide Bombing by Ansar al-Islam in N-Iraq (FBIS-tittel),” *Anatolia* (Ankara) 2042 GMT 26 februar 2003, via FBIS; og “Iraq: Suspected Islamist blows himself up, kills another in Kurdish town (FBIS-tittel),” *KurdSat* (Al-Sulaymaniyah, in Sorani Kurdish) 1700 GMT 26 februar 2003, via FBIS.

<sup>109</sup> Runa Hestmann Tierno, “Leder terror-gruppe i Irak: Hadde 352 disipler i Norge,” *Nettavisen* 22 august 2002.

Politiets Sikkerhetsteneste ha innleia etterforsking mot Mulla Krekar allereie i januar 2001 og siktinga var basert på at han er:

“en sentral leder i en privat militær organisasjon med et stort antall muslimske ekstremister som medlemmer. Han er bosatt i Norge. Informasjonen peker mot at han har hatt eller har kontakt med Osama bin Laden. Han oppholder seg ikke i Norge, men trolig i Nord-Irak. Hans organisasjon finansieres trolig delvis fra Norge.”<sup>110</sup>

Ansar al-Islam skal i følgje Powell ha fungert som *eit bindeledd mellom Irak og al-Qaida*. Ein irakisk agent med namnet Abu Wa’il, også sagt å vere muftien til Ansar i andre kjelder, skal vere med i Ansar si leiing. Vidare skal al-Zarqawi ha besøkt området og etablert “ein treningsleir for opplæring i eksplosiver og gift,” der blant anna ricin og andre gifter blir utvikla. Med irakisk velsigning skal al-Qaida medlemmer på flukt frå Afghanistan ha funne husly hjå Ansar, og dei er framleis i gruppa sitt område.<sup>111</sup>

Ut ifrå opne kjelder er det uråd å verifisere påstanden om ein hemmeleg allianse mellom Ansar og det irakiske regimet. Samstundes er det fleire forhold som tilseier at påstanden ikkje heilt kan avvisast som grunnlaus. Det er ikkje uvanleg i nyare kurdisk politikk at kurdiske geriljagrupper allierer seg med Bagdad mot sine rivalar. KDP (Det kurdiske demokratiske partiet) i Nord-Irak inngjekk til dømes ein avtale med Bagdad på midten av 1990-talet då Erbil-området vart erobra frå rivalen PUK i samarbeid med irakiske styrkar. I lys av Ansar sitt svært fiendtlege forhold til PUK i Suleymaniyya-provinsen og Bagdad sitt ynskje om å underminere PUK, er eit fornuftsekteskap ikkje heilt utenkjøleg. Ei rekke artiklar om dei hemmelege kontaktane mellom Ansar al-Islam og det irakiske regimet vart publiserte i internasjonale media i april, august og september 2002, hovudsakleg baserte på intervju med tidlegare irakiske etterretningsoffiserar i fangenskap i PUK-kontrollert område.<sup>112</sup> Etter fleire runder med nye intervju og kontrollspørsmål er det sådd noko tvil om fleire av historiene til desse fangene.<sup>113</sup> Eit vitneutsagn til PST i Mulla Krekar-saka som norsk presse har gjengitt, verkar også svært usikkert.<sup>114</sup> PUK har likevel hardnakka hevda at det finst bevis for eit Ansar-samarbeid med Bagdad-regimet, og det finst ei rekke indisier på eit samarbeid som ikkje utan vidare kan

<sup>110</sup> Sitert i Ole Berthelsen & Geir Selvik, “Siktelsen mot Krekar: – Bygger på feil grunnlag,” *Nettavisen* 15 januar 2003. Sjå også Kjetil Stormark, Hans Petter Aass, Kadafi Zaman & Alexander Øystå, “- Møtte al-Qaida og Saddams menn,” *Verdens Gang* 16 januar 2003.

<sup>111</sup> Sjå utdrag av Powell sin tale til FNs tryggingsråd 5 februar 2003 i Appendix 3.

<sup>112</sup> Sjå f eks Scott Peterson, “Iraqi funds, training fuel Islamic terror group,” *The Christian Science Monitor* 2 april 2002; “Prisoners from ‘Ansar al-Islam’ in Iraq’s Kurdistan Point to a Jordanian Called ‘Qadamah’ as the Channel of Communication Between Al-Qa‘ida and Baghdad (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 22 august 2002, s.5, via FBIS; Don Dahler, “Direct Links Detailed: Three Prisoners in N. Iraq Outline Links Between Al Qaeda and Iraq,” *Reporter’s Notebook, ABCNews.com* 27 september 2002; og Michael Howard & Julian Borger, “Al-Qaida running new terror camp, say Kurds,” *The Guardian* 23 august 2002.

<sup>113</sup> Torgeir Larsen, “Ofret i storpolitiske spill,” *Dagbladet* 9 oktober 2002.

<sup>114</sup> Vitne skal ha hevdat at det var eit møte mellom leiinga i Ansar, al-Qaida aktivistar og representantar for Det irakisk Ba‘th-partiet i Makhmoor, Nord-Irak i august 2002. I følgje Nettavisen heiter det i vitneforklaringa at: “Vitnet var i Makhmoor i Irak ca 1 måned før Krekar ble arrestert. Krekar var i møte med Baath-partiet og al-Qaida. Jeg har hørt det gjennom medier, og folk som har fortalt om møtet. Jeg kan ikke si med 100 prosent at det er riktig - jeg har kun hørt det. Radiostasjoner kan kanskje bekrefte dette.” Sitert i Geir Selvik, “Krekar-saken: Al-Qaida-teori basert på rykter,” *Nettavisen* 16 januar 2003. Sjå også Kjetil Stormark, Hans Petter Aass, Kadafi Zaman & Alexander Øystå, “- Møtte al-Qaida og Saddams menn,” *Verdens Gang* 16 januar 2003.

avvisast. Ei lengre reportasje i den anerkjende britiske avisa *The Guardian* skriv til dømes at

“The PUK has also seized some of the TNT used by Ansar in its suicide attacks. The TNT, say Kurdish explosives experts, is produced by the military industrialisation department in Baghdad, and is released only at the say of the head of Iraqi military intelligence. Local newspapers in Kurdistan have quoted villagers in the Ansar area as claiming that trucks laden with arms have arrived from the government-controlled area. There have also been reports of western military advisers visiting the region and seeing members of Iraq’s Republican Guard in the area around Tawela.”<sup>115</sup>

Ein avhoppar med fortid som høgtståande iransk etterretningsoffiser<sup>116</sup> har i eit lengre intervju fortalt om samarbeid mellom den iranske revolusjonsgarden og irakisk etterretning. Dette samarbeidet innebar blant anna felles støtte til Ansar al-Islam. Om dette samarbeidet seier avhopparen følgjande:

“The Guards’ intelligence under Morteza Reza’i established after the war commercial companies to create jobs for the Guards and Pasij men. These companies started to deal with the Babil Company that is chaired by Qusay Saddam Husayn since the mid-1990’s. In addition to smuggling and marketing Iraqi oil, the Iranian companies also smuggled Iraqi dates. Smuggling and trade cooperation between the Guards’ intelligence and Iraq stopped about a year ago. But the Guards’ intelligence is still maintaining some ties with Uday Saddam Husayn and Iraqi intelligence. There are coordination between the two on issues like confining the Kurds and confronting the United States. For example, the Ansar al-Islam organization in Iraq’s Kurdistan has the support and protection of the Guards and the Iraqi regime’s intelligence services.”<sup>117</sup>

Intervjuet med avhopparen understrekar imidlertid at Ansar sitt samarbeid med Iran og Revolusjonsgarden er meir omfattande enn med Irak. Andre kjelder, f eks dokumenta frå rettsaka mot eit mistenkt medlem av den såkalla Hambrug-cellia, Munir Mutassadiq, indikerer også at andre delar al-Qaida allierte grupper, som f eks al-Zarqawis Tawhid, har hatt nærare kontaktar og støttenettverk i Iran enn i Irak.

Påstandene om eit opplæringssenter for bruk av gift og gass i Ansar-leirane er ikkje nye. I august 2002 skreiv fleire internasjonale nyhendemedier om at Ansar “testar effekten av toxin som cyanid gass og ricin på husdyr.”<sup>118</sup> Kurdiske tenestemenn har også hevda at Ansar har vore involvert i smugling av kjemiske våpen frå irakiske styresmakter til al-Qaida, men amerikanske

<sup>115</sup> Sitert i Michael Howard, “Militant Kurds training al-Qaida fighters,” *The Guardian* 23 august 2002.

<sup>116</sup> Hamid Reza Zakeri var inspektør/direktør i Den iranske revolusjonsgarden, hadde ulike postar i Sikkerhetsministeriet i fleire år. Seinare fekk han ei inspektørstilling i tryggingsorganet til kontoret for Den øvste åndelege leiaren med ansvar for sekretariatets tryggleik. Sjå “Iranian Intelligence Official Who Has Fled Abroad: Some of Our Organs Are Cooperating With Iraq To Smuggle Oil. Hamid Zakeri Talks About Some Revolutionary Guards Elements’ Links With al-Qa‘ida (in Arabic),” *al-Sharq al-Awsat* 18 februar 2003, s.7, via FBIS.

<sup>117</sup> “Iranian Intelligence Official Who Has Fled Abroad: Some of Our Organs Are Cooperating With Iraq To Smuggle Oil. Hamid Zakeri Talks About Some Revolutionary Guards Elements’ Links With al-Qa‘ida (in Arabic),” *al-Sharq al-Awsat* 18 februar 2003, s.7, via FBIS.

<sup>118</sup> Sitert i Michael Howard, “Militant Kurds training al-Qaida fighters,” *The Guardian* 23 august 2002. Sjå også Runa Hestmann Tierno, “USA: Ville angripe al Qaida-mål i Irak,” *Nettavisen* 20 august 2002.

tenestemenn skal ikkje ha festa lit til desse rapportane.<sup>119</sup>

#### 4.8.1 Ansar al-Islam og al-Qaida

Rapportane om Ansar sine band til al-Qaida er betre underbygde enn påstanden om ei tilknyting til Bagdad. Den tidlegare leiaren for Ansar al-Islam, Mulla Krekar, nektar for at det finst ei slik tilknyting, men har ved fleire høve både før og etter 11. september uttrykt stor beundring for bin Ladin i kurdisk og internasjonal presse (“juvelen i den muslimske nasjonens krone”).<sup>120</sup> Krekar skal ha studert islamisk lov i Pakistan på 1980-talet under ‘Abdullah ‘Azzam, bin Ladins ideologiske mentor og ein av grunnleggjarane til al-Qaida. Krekar vart også involvert i pengeinnsamling for kurdiske flyktningar i det afghanistan-arabiske miljøet i Pakistan på slutten av 1980-talet.<sup>121</sup> Det er liten tvil om at Ansar og dets forgengarar Jund al-Islam (‘Islams soldatar’) står ideologisk nær al-Qaida og Taleban.

Det finst ei rekke rapportar og augevitneskildringar som hevdar at ikkje-kurdiske arabiske mujahidin frå Afghanistan har søkt tilflukt hjå og slutta seg til Ansar og forgjengaren Jund al-Islam.<sup>122</sup> Arabisk presse har rapportert om at fleire sentrale al-Qaida-aktivistar kom til Ansar/Jund al-Islam etter ordre frå al-Qaida leiinga i Afghanistan.<sup>123</sup> I følgje PUK-administrasjonen, kom ca 75 “afghanistan-arabalar” til Irakisk Kurdistan via Iran i midten av september 2001. Human Rights Watch sine intervju med flyktningar frå Biyara-Tawila området hausten 2002 synast å stadfeste at det på det tidspunktet var arabiske mujahidin i Ansar sine rekkjer.<sup>124</sup> Det same gjer vitneskildringane til ein tyrkisk journalist som besøkte Biyara på same tid.<sup>125</sup> Hausten 2002 meldte PUK sine etterretningsoffiserar om at 100-150 al-Qaida aktivistar var i Ansar sitt område, medan andre anslag har variert frå 30 til 150.<sup>126</sup> Mange rekruttar til Ansar skal ha kome frå land som Egypt, Syria og Jordan.<sup>127</sup> Blant såra og falne Ansar-soldatar

<sup>119</sup> C J Chivers, “Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank,” *The New York Times* 13 januar 2003

<sup>120</sup> Dette sitatet som Mulla Krekar kom med til kurdisk presse før 11 september åtaka, gjentok han i eit intervju med Der Spiegel i februar 2003. Sjå “Interview with Kurdish Leader on Al-Qa‘ida, Some Evidence by US (FBIS-tittel),” *Der Spiegel* (Internettversjon) 10 februar 2003, via FBIS. Her seier han blant anna at “Usama Bin Laden is a good man. He is the jewel in the crown of Islam. He devotes his entire life and money to the teaching of Allah. I have never met him, however. And I also have no contact with him. And the Ansar-e Islam, is definitely not the link between Bin Laden and Husayn, as the Americans believe. I have already made that very clear to the FBI officials who interrogated me twice during my detention in Holland.”

<sup>121</sup> Michael Howard, “Militant Kurds training al-Qaida fighters,” *The Guardian* 23 august 2002; og Muhammad al-Shafi‘i, “Mulla Kraykar: I Met Bin Laden at a Luxurious Villa in Arab Afghans’ Quarter in 1988 (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 1 mars 2003 s.6, via FBIS.

<sup>122</sup> Sjå til dømes HRW (2003), ICG (2003); Abbas al-Badri, “Source in Talabani’s Party Tells Al-Sharq al-Awsat: We Filmed the Funeral of the Four Jordanian Afghans (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 27 november 2001, s.1, via FBIS.

<sup>123</sup> Husni Mahalli, “Another ‘al-Qa‘ida’ and New Mullahs in Iraqi Kurdistan; Will Kurdistan Become [Another] Tora Bora? (in Arabic),” *al-Majallah* 10 februar 2002, via FBIS.

<sup>124</sup> HRW (2003), s.1.

<sup>125</sup> Namik Durukan, “Jihad Will Start if the United States Strikes (in Turkish),” *Milliyet* (Ankara Edition) 3 januar 2003, s.16-17, via FBIS.

<sup>126</sup> C J Chivers, “Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank,” *The New York Times* 13 januar 2003.

<sup>127</sup> Michael Howard & Julian Borger, “Al-Qaida running new terror camp, say Kurds,” *The Guardian* 23 august 2002; og Michael Howard, “Militant Kurds training al-Qaida fighters,” *The Guardian* 23 august 2002.

etter trefningar med PUK har det fleire gonger blitt funne ikkje-kurdiske arabarar.<sup>128</sup> Det amerikanske tidsskriftet *The New Yorker* og godt informerte iranske aviser skriv at afghanistanarabarane i Ansar-kontrollert område danna separate militsar.<sup>129</sup>

Den respekterte avisa *The New York Times* gjorde ei lang rekke intervju med Ansar-fangar og avhopparar. Saman med funn frå Afghanistan festar ein no lit til påstandane om eit visst al-Qaida-Ansar samarbeid.<sup>130</sup> Blant anna skal fleire personar i Ansars leiarskap (“Shura”) ha vore utsendingar til al-Qaida i Afghanistan i 2000 og 2001.<sup>131</sup> Videoklipp frå Ansar sine militære kampar har blitt sendt på CD-rom til al-Qaida-leiinga, truleg for å understøtte søknad om finansiering. Liknande intervjurunder gjort av andre korrespondentar har også kome til at Ansar har vore i kontakt med al-Qaida gjennom besøk til Afghanistan og ved å ta imot “afghanistanarabarar” i Biyara-området, men dei har ikkje funne teikn på “operasjonelt” samarbeid.<sup>132</sup>

Mange kurdisk-irakiske Ansar-medlemmer er eller betraktar seg sjølve som veteranar frå krigen i Afghanistan på 1980-talet. I følgje kjelder i den kurdiske islamistrørsla var eit mindre antal irakiske kurdarar frå Ansar med i krigen under Taleban. Desse kom attende til Nord-Irak hausten 2001. Ansar-fangar i PUK-administrasjonen sin varetekts har også gitt truverdige detaljopplysingar om treninga i al-Qaida leirene i Afghanistan.<sup>133</sup> Det finst også sterke indikasjonar på at forløparen til Ansar, Jund al-Islam, og al-Qaida har samarbeidd. Eit memorandum som vart funne i eit al-Qaida gjestehus i Afghanistan i november 2001, gir instruksar om å vidareføre ei nyopprettet “Islamisk Brigade for Irakisk Kurdistan” og er datert 11 august 2001 (sjå appendix 5).<sup>134</sup> I dokumentet heiter det at den islamske brigaden vil krevje at al-Tawhid, ei samling av fleire radikale islamistgrupper i Nord-Irak, måtte bryte alle band med den sekulære PUK-leiinga og slå seg saman med “Den islamske brigaden”. Målsetjinga for den nye organisasjonen var å sameine dei islamske frontene og verkeleggjere “den heilage kampen”. Kort tid etterpå vart al-Tawhid oppløyst og Jund al-Islam oppretta.<sup>135</sup> Sistnemnde vart den direkte forløparen til Ansar al-Islam som vart etablert tre månader seinare.

Den arabiske avisa *al-Sharq al-Awsat* viser også til fleire dokument som indikerer eit samarbeid

<sup>128</sup> Sjå f eks “The group’s second official in charge, two Palestinians and two Syrians were among the supporters of anti-Islam’s dead (in Sorani Kurdish),” *Kurdistani Nuwe* 0000 GMT 11 desember 2002, via FBIS.

<sup>129</sup> Goldberg (2003), s.46f og Jalal Barzegar, “Emergence of an Extremist Group on the Other Side of Our Western Borders (in Persian),” *Iran* (Teheran) 22 januar 2003, s.3, via FBIS.

<sup>130</sup> C J Chivers, “Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank,” *The New York Times* 13 januar 2003.

<sup>131</sup> The New York Times skriv at i følgje deira kjelder inkluderte dette: Mullah Namo og Omar Barziani, to kurdarar som møtte al-Qaida i Afghanistan; Abu Zubair al-Shami, ein arabar som vart sent til Ansar “som bin Laden sin representant for å utvide al-Qaida”; og Ayub Afghan, ein kurdisk eksplosivekspert som lagar belter til sjølvmordsaksjonistar og underviser i Ansar sine leirar. C J Chivers, “Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank,” *The New York Times* 13 januar 2003.

<sup>132</sup> Kevin McKiernan, “Psy-Ops: Gruesome Video Focuses on Deadly Clashes in Iraq,” *ABCNews.com* 13 januar 2003.

<sup>133</sup> HRW (2003), s.2.

<sup>134</sup> “Memorandum From ‘Iraqi Kurdistan Islamic Brigade’ Found in Al Qaeda Guest House in Kabul,” *The New York Times* 12 januar 2003. Sjå Appendix.

<sup>135</sup> For Jund al-Islams krigserklæring, sjå ‘Abbas al-Badri, “Kurdish Fundamental Movement Threatens To declare Jihad Against Secular parties in Northern Iraq (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* (London) 11 september 2001, s.4, via FBIS.

mellom Ansar/Jund al-Islam og al-Qaida.<sup>136</sup> Eit av dokumenta er frå eit møte i landsbyen Tawila den 1. september 2001 i samband med etableringa av Jund al-Islam. Her heiter det at bin Ladin velsigna den nye organisasjonen med ei pengegåve på ca \$300,000 som vart overført via to al-Qaida aktivistar i London. Dokumentet gir også detaljar om ei gruppe kurdiske aktivistar som vart sende til al-Qaida-leirene i Afghanistan for opplæring den 12. juli 2001. På dette tidspunktet hadde ca 60 væpna al-Qaida soldatar (dvs med trening frå al-Qaida leirene) sluttat seg til Jund al-Islam.<sup>137</sup>

PUKs statsminister har hevda at Ansar al-Islam vart etablert med tanke på denne grunnlaget for ein reservebase for al-Qaida dersom Afghanistan skulle bli utilgjengeleg for nettverket etter WTC/Pentagon-åtaket. Seinsommaren 2002 framkom det rapportar om at Ansar utvikla kjemiske våpen i Nord-Irak, og USA skal ha lagt konkrete planar for eit bombeåtak mot Ansar sine leiarar. Desse skal ha blitt skrinlagde bl a fordi Ansar sitt kjemiske våpenprogram var såpass primitivt at det ikkje representerte nokon direkte fare.<sup>138</sup>

PUK har hatt store problem med å kontrollere Jund al-Islam/Ansar al-Islam.<sup>139</sup> Det kan delvis henge saman med det vanskelege terrenget i området, ei betydeleg iransk støtte til islamistgruppa og rivalisering med andre kurdiske grupper. Ei sannsynleg forklaring på Ansar al-Islams vedvarande styrke er at gruppa får tilsig utanfrå, både av rekrutter, ikkje minst våpenforsyningar og finansiell støtte. I lys av den relativt gode bevæpninga til Ansar al-Islam-militsen (landminer, TNT-sprengstoff, tunge maskin gevær, bombekastarar og flust med ammunisjon) er det grunn til å anta at den eksterne støtta er omfattande.<sup>140</sup> Denne kjem truleg frå irakiske, iranske og private kjelder i Europa. Det er sterke indikasjonar på at Iran har gitt mykje assistanse til Ansar.<sup>141</sup> Den einaste opne vegen ut frå Ansar-kontrollert område er via Iran.<sup>142</sup> Jamvel om iranske styresmakter hevdar dei betraktar Ansar som ei terrorgruppe, kjem det fortsatt betydelege ammunisjonsforsyningar inn til Ansar-kontrollert område i Biyara via Iran og

---

<sup>136</sup> Sjå f eks Abbas al-Badri, "Letter in Pocket of Slain 'Kurdish Taliban' Militiaman Reveals Links to Arab and Foreign Fundamentalist Movements (in Arabic)," *Al-Sharg al-Awsat* 5 oktober 2001, s.2, via FBIS.

<sup>137</sup> Abbas al-Badri, "Al-Sharg al-Awsat Obtains Document that Reveals: Bin Ladin Blessed the Establishment of the Kurdish 'Jund al-Islam' and Sent it a 'Gift' in Dollars (in Arabic)," *Al-Sharg al-Awsat* 28 september 2001, s.5, via FBIS.

<sup>138</sup> "Iraqi Kurd links al Qaeda, local faction," *Washington Times* 23 oktober 2002; og Daniel J. Wakin, "Iran Reportedly Pledges Help in Ousting Qaeda From North Iraq," *The New York Times* 6 november 2002.

<sup>139</sup> Sjå f eks "PUK Attack Jund al-Islam Positions," *Kurdistan News Network*, 04.11.01; og Stefan Smith, "Al-Qaeda linked group still harassing Iraqi Kurds, despite arrest of leader Tuesday," *Agence France Presse* 22 oktober 2002.

<sup>140</sup> Stefan Smith, "Al-Qaeda linked group still harassing Iraqi Kurds, despite arrest of leader Tuesday," *Agence France Presse* 22 oktober 2002.

<sup>141</sup> Avisa Asia Times Online skirv til domes at "Interestingly enough, if there is a clear bridge to be highlighted, it is between Ansar al-Islam and Iran, not Iraq. To compensate for its weak foothold locally, the group has shrewdly built its ties across the border to Tehran, which has provided not only free passage, but also significant amounts of light artillery. The PUK also contends that Iran has provided Ansar with aerial spotting of PUK positions and artillery." Sitert i Ian Urbina, "The Taliban of northern Iraq," *Asia Times Online* 15 februar 2003.

<sup>142</sup> Human Rights Watch sin rapport som baserer seg på intervjuer og feltstudier i Nord-Irak hausten 2002, tek ikkje stilling til Powells utsegner, men konkluderer med "at the only thing that is indisputable is that the group could not survive without the support of powerful factions in neighbouring Iran, its sole lifeline to the outside world." HRW (2003).

skadde Ansarsoldatar blir evakuert til Iran for medisinsk behandling.<sup>143</sup> Finansiell støtteverksemd for Ansar har truleg eksistert i fleire land i Europa. Mulla Krekar var med på å danne trussamfunnet *Islamisk Visjon Norge* i 1995, som mottok i følge NRK Brennpunkt sin undersøking 571 000 kr i statsstøtte i perioden 1995-2000. Mesteparten av desse pengane, over 300 000 kr, vart forsøkt utført til fordel for “religiøs virksomhet i utlandet”.<sup>144</sup> Det finst også truverdige kjelder på at både Ansar og dets forgjengar har motteke finansiell stønad frå al-Qaida-kjelder på fleire millioner kroner.<sup>145</sup>

*Kjeldene for denne studien gir ikkje grunnlag for å seie noko definitivt sikkert om Ansar sine band til al-Qaida og Irak-regimet.* Det som er sikkert er at Ansar al-Islam er ein betydeleg distraksjon for PUK-administrasjonen i den austlege delen av Nord-Irak og kan binde opp store styrkar som elles kunne vore deployert langs grenselinjene mot det Bagdad-kontrollerte Irak. Gitt at indikasjonane på eit samarbeid med al-Qaida er korrekte, vil Ansar også kunne vere eit springbrett for al-Qaida-åtak mot amerikanske og allierte mål i Irak i ein framtidig post-Saddam fase.

#### 4.9 Kor truverdig er Powells tale?

Det har i lengre tid vore misnøye i CIA og FBI der fleire analytikarar har vore kritiske til at leiande tenestemenn har overdrive betydninga av etterretningsrapportar som omhandlar kontaktane mellom Bagdad og al-Qaida.<sup>146</sup> Andre militære ekspertar på Irak har også kritisert den amerikanske administrasjonen for å høyre for mykje på den eksil-irakiske opposisjonen som har interesse av å påvise eit slikt samarbeid.<sup>147</sup> FN-panelet som har ansvaret for oppfølgjinga av sanksjonsregimet mot al-Qaida-nettverket, har også uttala at dei ikkje sit på bevismateriale om eit Irak-al-Qaida samarbeid.<sup>148</sup>

Etter årskiftet 2002-03 har den amerikanske administrasjonen likevel uttala seg med større sjølvtillit om etterretningsmaterialet om irakisk samarbeid med al-Qaida. Grunnene til det er truleg ny informasjon frå tilfangetakne al-Qaida medlemmer og telefonavlytting. Fleire aviser med gode kontaktar i den amerikanske administrasjonen talar om eit nyleg gjennombrot i etterforskinga mot Zarqawi-nettverket.<sup>149</sup> Britiske styresmakter hevdar også at teikna på eit

<sup>143</sup> Ein PUK etterretningskjelde uttala til New York Times at “For the amount of mortars Ansar shells us with each month, they would need six or seven trucks to carry it, [...] Iran is lying when they say, ‘It’s not us.’” Siterat i C J Chivers, “Kurds Face a Second Enemy: Islamic Fighters on Iraq Flank,” *The New York Times* 13 januar 2003,

<sup>144</sup> “Krekar fikk statlig støtte,” *A-Pressen Interaktiv* 23 august 2002.

<sup>145</sup> I følgje den arabisk al-Zaman avisa i London overførte “Abu Baseer, ein jordanar med tilhaldstad i London pengar til Jund al-Islam i Nord-Irak etter instruksjonar frå bin Ladin. Dette dreidde seg om \$150 000.” Omsett og siterat i “Peshmerga Continue Campaign Against Jund Al-Islam,” *Kurdistan Newsline*, 28.09.01, [www.kurds.dk/english/2000/news78.html](http://www.kurds.dk/english/2000/news78.html). Sjå også ‘Abbas al-Badri, “Al-Sharq al-Awsat Obtains Document that Reveals: Bin Ladin Blessed the Establishment of the Kurdish ‘Jund al-Islam’ and Sent it a ‘Gift’ in Dollars (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 28 september 2001, s.5, via FBIS.

<sup>146</sup> James Risen & David Johnston, “Split at C.I.A. and F.B.I. on Iraqi Ties to Al Qaeda,” *The New York Times* 2 februar 2003.

<sup>147</sup> Julian Borger, “White House ‘exaggerating Iraqi threat’: Bush’s televised address attacked by US intelligence,” *The Guardian* 9 oktober 2002.

<sup>148</sup> “No link between Iraq and al-Qaeda: UN,” *Australian Associated Press (AAP)* 22 januar 2003.

<sup>149</sup> “Report: U.S. Alarmed by Use of Al Qaeda Bomb Term,” *Reuters* 12 februar 2003

irakisk samarbeid med al-Qaida er blitt tydelegare.<sup>150</sup>

I følgje pressekjelder, har dei amerikanske vurderingane blitt kritisert av britiske, tyske og franske etterretningskjelder og etterforskjarar som i staden hevdar at al-Qaida og Saddams regime er ideologisk sett på kollisjonskurs og at Irak den siste tida har forsøkt å fjerne spor av tidlegare samarbeid med terrorgrupper.<sup>151</sup> Kort tid før Colin Powells tale vart det kjent at ein tre veker gammal britisk etterretningsrapport hadde konkludert med at ein ikkje lenger såg tydelege teikn på kontaktar og samarbeid mellom al-Qaida og Irak. Dei kontaktane som ein tidlegare hadde registrert, hadde falle saman på grunn av mistillit og uforeinelege ideologiar. Det britiske dokumentet utelukka likevel ikkje at al-Qaida aksjonistar framleis fekk opplæring og anna assistanse i Bagdad-kontrollert Irak, jamvel om bin Ladin betrakta Saddams regime som “vantru”.<sup>152</sup> Påstandene om at det er ein *uoverstigeleg* ideologisk barriere mellom det irakiske regimet og al-Qaida er truleg overdrivne og overser potensialet for ein “konvergens av interesser”, som blant anna bin Ladins siste tale tydeleg opnar for.<sup>153</sup> Dei nye opplysingane i Powells tale burde ikkje vere overraskande i lys av Bagdads årelange tradisjonar i å sjå terror- og opprørsgrupper som eit legitimt verkemiddel i kampen mot statens fiendar.

Det Powells tale ikkje gjer, er å setje irakisk støtte i kontekst ved å samanlikne irakiske kontaktar med al-Qaida med tilsvarende støttenettverk i Pakistan, Iran, Jemen og Saudi-Arabia. Det er f eks mykje som tyder på at Iran har vore ein langt viktigare statssponsor for både Ansar al-Islam og al-Zarqawis gruppe enn Irak. På dette punktet framstår Powells tale meir som eit politisk anklageskrift enn ei nøktern etterretningsvurdering av mogleg statssponsoring av al-Qaida-nettverket.

## **4.10 Irakisk støtte til andre pro-Qaida Islamistgrupper**

### **4.10.1 Sipah-e Sahaba Pakistan**

Den sunni-fundamentalistiske *Sipah-e-Sahaba Pakistan* (SSP) var blant dei fem militante islamistiske grupper som president Pervez Musharraf forbaud i januar 2002.<sup>154</sup> Rørsla har vore skulda for deltaking i ei lang rekke valdsaksjonar og blodige opptøyar i Pakistan, i første rekke mellom ekstreme sunnimuslimske og shiamuslimske grupper. (Shiamuslimene utgjer ca 20 % av Pakistans befolkning på 140 mill.<sup>155</sup>) SSP har markert seg sterkt blant dei pro-Taleban og pro-al-

<sup>150</sup> Shasta Darlington, “Blair Warns Iraq Ties with Al Qaeda Are Growing,” *Reuters* 21 februar 2003.

<sup>151</sup> Richard Norton-Taylor, “UK spies reject al-Qaida link: Intelligence MI5 and MI6 dismiss Iraq terror ‘evidence’,” *The Guardian* 10 oktober 2002; Sebastian Rotella, “Allies Find No Links Between Iraq, Al Qaeda,” *Los Angeles Times* 4 november 2002; Dominic Evans, “Britain Denies Playing Up Al Qaeda Link with Iraq,” *Reuters* 5 februar 2003; og Jean-Pierre Stroobants & Piotr Smolar, “European Intelligence Services Doubt Colin Powell’s Demonstration (in French),” *Le Monde* (internettversjon) 9 februar 2003, via FBIS.

<sup>152</sup> Sjå “Terrorism experts doubt bin Laden, Baghdad link,” *The Globe and Mail* 6 februar 2003, s.A11; og Dominic Evans, “Britain Denies Playing Up Al Qaeda Link with Iraq,” *Reuters* 5 februar 2003.

<sup>153</sup> Sjå teksten til bin Ladins tale i Appendix 1.

<sup>154</sup> For meir detaljar om pakistanske og kashmirske grupper, sjå Laila Bokhari, *Kashmir og radikal islam i Sør-Asia* FFI-Rapport (2003, komande).

<sup>155</sup> “Azam Tariq denies links to Lashkar-e-Jhangvi,” *The News* (Islamabad, internettversjon) 2 februar 2003, via FBIS.

Qaida-gruppene i Pakistan og mobiliserte store demonstrasjonar mot den amerikanske intervensjonen i Afghanistan i 2001.<sup>156</sup> Pakistanske styresmakter er no sikre på at Ramzi Yusuf (sjå kapittel 3) hadde nære kontaktar med fleire leiande Sipah-e-Sahaba-medlem. SSP er ei av dei mest anti-shiittiske gruppene i Pakistan og har delteke i blodige samanstøyt og åtak på shiamuslimske grupper i Pakistan. Religiøse talsmenn for SSP har ofte skulda Iran for å innblanding i desse konfliktane, for å støtte shiittiske grupper i Pakistan, og for å ha delteke i attentat på SPP-leiarar.<sup>157</sup>

Det irakiske regimet skal ha ytt noko støtte for Sipah-e-Sahaba Pakistan som del av den generelle irakiske støtten til anti-iranske grupper.<sup>158</sup> Etter at det braut ut krig med det nye iranske regimet i Teheran i 1980 forsøkte Irak (og USA) å oppmuntre til opprør blant den balochiske (hovudsakleg sunnimuslimske) minoriteten i det austlege Iran.<sup>159</sup> Desse opprøra vart slått ned av Iran, men irakisk etterretning skal ha utvikla nære kontaktar i anti-shiittiske og anti-iranske miljø på begge sider av den iransk-pakistanske grensa i Balochistan. Men sidan Irak er eit av dei få landa utanfor Søraust-Asia som har støtta Indias krav på full suverenitet over heile Kashmir, er det grunn til å tru at det har vore vanskeleg for Irak å knyte nære band til pakistanske islamicistiske grupper.

#### 4.10.2 Abu Sayyaf-geriljaen

Som tidlegare nemnt har det har vore mistanke om irakiske band til Abu Sayyaf-geriljaen. Denne terrorgruppa har vore særleg berykta for kidnapping og i nokre tilfelle halshogging av både innfødde og utanlandske turistar på Filippinane dei seinare åra. Hausten 2002 vart ein irakisk diplomat utvist frå Filippinane etter å ha blitt oppringt av eit Abu Sayyaf-medlem kort tid etter ein terroraksjon i den filippinske byen Zamboanga. Abu Sayyaf vart sagt å stå bak bombeeksplosjonen der ein amerikansk soldat og tre andre vart drepne.<sup>160</sup>

I mars 2003 uttala Hamsiraji Sali, ein lokal Abu Sayyaf-leiar i Basilan og sentrale Mindanao, i eit telefonintervju at gruppa mottok betydeleg finansiell stønad frå irakiske kjelder. Støtta byrja å kome etter at Abu Sayyaf demonstrerte ein kapasitet for større terror- og bortføringsaksjonar i 2000. I følgje Sali mottok Abu Sayyaf omrent 1 mill pesos i året.<sup>161</sup> Det er uråd å verifisere desse påstandene. I lys av deployeringa av amerikanske styrker på Filippinane for å understøtte

<sup>156</sup> “No one will be allowed to use Pakistan’s land against Muslim brothers (på Urdu),” *Nawa-i-Waqt* (Rawalpindi) 29 september 2001, s.8, 7, via FBIS.

<sup>157</sup> “What’s Up?” *Iran Daily* (Teheran, internettversjon) 0001 GMT 11 februar 2001, via FBIS.

<sup>158</sup> B Raman, “Iraq-inspired terror: The odds of reprisal,” *Asia Times Online* 18 januar 2003, [http://www.atimes.com/atimes/Middle\\_East/EA18Ak03.html](http://www.atimes.com/atimes/Middle_East/EA18Ak03.html); og B Raman, “Iraq’s shadow on Balochistan,” *Asia Times Online* 25 januar 2003, [http://www.atimes.com/atimes/South\\_Asia/EA25Df01.html](http://www.atimes.com/atimes/South_Asia/EA25Df01.html)

<sup>159</sup> Eit omfattande separatiskrørsle i Balochistan (som strekkjer seg over eit større område både i Pakistan og i Iran)vart slått brutalt ned av Pakistan og Iran på 1970-talet.

<sup>160</sup> “Xinhua: Philippines TV Says Two Arrested Iraqis May Have Had Terror Agenda (FBIS-tittel),” *Xinhua* in English 1150 GMT 16 februar 2003, via FBIS; “Indonesian daily reports arrest of Iraqi, Somali citizens in Philippines (FBIS-tittel),” *Suara Pembaruan* (Jakarta) (internettversjon) 18 februar 2003, via FBIS; “AFP: Philippines President Says Iraq Should Respect Decision to Expel Diplomat (FBIS-tittel),” *Agence France Presse* (Hong Kong) 0855 GMT 13 februar 2003, via FBIS; og “AFP: Iraqi Diplomat Linked To Terror Group Leaves Philippines (FBIS-tittel),” *Agence France Presse* (Hong Kong) 1623 GMT 13 februar 2003, via FBIS.

<sup>161</sup> “Iraqis aiding us, Abu leader admits,” *Philippine Daily Inquirer* (internettversjon) 2 mars 2003, via FBIS.

styresmaktene sin kamp mot Abu Sayyaf, er det ikkje utenkeleg av Irak ville sjå seg tent med at Abu Sayyaf har ressursar til fortsatt å vere aktive. Andre revolusjonære arabiske regime som Libya, har tidlegare støtta Abu Sayyaf-geriljaen. Gruppa har også samarbeidd nært med al-Qaida på ulike måtar. Blant anna har militærrådgivarar frå al-Qaida besøkt og drive opplæring i Abu-Sayyaf-leirene.

## 5 ANDRE IRAKSTØTTA TERRORGRUPPER

### 5.1 Den iranske opposisjonsrørsla Mujahidin al-Khalq

Den anti-iranske væpna opposisjonsgruppa *Mujahidin al-Khalq* (alternativt *Mujahedin-e Khalq*, forkorta MEK eller MKO, også kjend under andre namn som The National Liberation Army of Iran (NLA), The People's Mujahedin of Iran (PMOI), National Council of Resistance (NCR), Muslim Iranian Student's Society), har vore oppført på Det amerikanske utanriksdepartementet si liste over internasjonale terroristorganisasjonar sidan 1997. MEK er **den desidert største** av dei Irak-støtta terror-/opprørsguppene.<sup>162</sup> Ho får omfattande politisk, finansiell, logistisk og militær støtte av det irakiske regimet, hovudsakleg fordi organisasjonen er den viktigaste væpna opposisjonsgruppa til den islamske republikken Iran. MEK har også vore eit nyttig instrument for Irak i bekjempinga av intern opposisjon.

MEK har røter attende til tidleg 1960-talet og det nasjonalistisk-liberale *Nasjonale Frigjerdingspartiet*. MEKs grunnleggjarar kom frå studentmiljøa der opposisjonen til Shahens vestvende, men høgst autoritære regime, var sterkt. Desse drog inspirasjon frå Dr Ali Shariati sin filosofi (som svært grovt forenkla kan seiast å vere ei blanding av marxisme og islamisme), og vart radikaliserte som følge av den mislykka 1963 revolten mot Shahens styre. Ein væpna ving vart etablert, og medlemmer fekk militærtrening i PLO leirar i Jordan og Libanon.<sup>163</sup>

#### 5.1.1 MEK sin væpna kamp

MEK byrja sin væpna kamp i 1971. På 1970-talet gjennomførte organisasjonen ei lang rekke politiske valdsaksjonar, hovudsakleg retta mot Shahens regime, men også mot amerikansk militært personnel og sivile gjestearbeidarar som arbeidde på forsvarsrelaterte prosjekt i Teheran.<sup>164</sup> MEK støtta også gisseltakinga i Teheran i 1979 då 52 amerikanske ambassadepersonell vart halde fanga i 444 dagar.<sup>165</sup>

<sup>162</sup> "Mujahedeen-e-Khalq: Iranian rebels," *Council of Foreign Affairs' Website on Terrorism* <http://www.terrorismanswers.com/groups/mujahedeen.html>; og *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B.

<sup>163</sup> Colin Robinson, "In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO)," *CDI Terrorism Project* 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism)

<sup>164</sup> Desse anti-amerikanske åtaka inkluderte i følgje Jane's World Insurgency and Terrorism: "In June 1973 the MEK murdered US Colonel Hawkins; In May 1975 the MEK murdered two US air force colonels, Turner and Sheaffer. [...] In August 1976 the MEK murdered three US technicians working on secret defence-related projects." Nokre eller alle av MEK's aksjonar mot amerikanske mål på 1970-talet kan ha vore utført av ei maoistisk utbrytargruppe.

<sup>165</sup> *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B: Background Information on Designated Foreign Terrorist Organizations Mujahedin-e Khalq Organization

MEK deltok aktivt i den islamske revolusjonen i 1977-79 som ein sentral aktør med sine ca 50 000 geriljasoldatar og ein halv million medlemmer/sympatisørar. Då MEK vart utelukka frå alle maktposisjonar av Khomeini sitt regime, vende rørsla seg mot dei nye makthavarane. Store delar av leiarskapet i MEK vart henretta, og fleire tusen av MEK sine tilhengjarar vart anten drepne eller fengsla under masseopptøyene sommaren 1981.<sup>166</sup> I denne konfliktfasen vart det gjennomført fleire blodige terroraksjonar som MEK høgst sannsynleg stod bak. Sidan 1981 har MEK truleg gjennomført minst **tre massedrapsaksjonar** med i alt 157 døde.<sup>167</sup> Som døma nedanfor illustrerer, har MEK tydeleg demonstrert ein vilje til å gjennomføre storstilte valdsaksjonar mot ikkje-militære mål:

- I juni 1981 vart hovudkvarteret til Det islamske republikanske partiet i Teheran sprengt i lufta av ei kraftig bombe der 72 menneske mista livet. Blant dei døde var mange av Irans mest høgtståande tenestemenn, inkludert formann for høgsterettsdomstolen Ayatollah Mohammed Behesti Mohammad Beheshti, president Mohammad-Ali Rajaei og statsminister Mohammad-Javad Bahonar.<sup>168</sup>
- 1 oktober 1982 eksploderte ei lastebilbombe med ca 150 kg TNT ved Iman-plassen i Teheran og drap 60 personar og såra 700. Tre bussar og eit femetasjes hotell i nærleiken vart totalt øydelagde.<sup>169</sup>
- 20 juni 1994 eksploderte ei 5-kilos bombe ved Imam Ali Reza mausoleet i Mashhad i nordaustlege Iran. 25 personar vart drepne og 70 skadde i aksjonen. MEK skal ha påteke seg ansvaret og uttala at det var meint som ei markering av årsdagen til danninga av organisasjonen.<sup>170</sup> Andre kjelder hevdar imidlertid at Ramzi Yusuf-nettverket stod bak denne aksjonen.<sup>171</sup>

I 1981 mista MEK sine basar i grenseområdet mellom Iran-Irak. Mykje av masseoppslutnaden om MEK forsvann, dels på grunn av Iran-Irak-krigen (1980-88) der MEK tok irakisk side. Dei fleste MEK-leiarane etablerte seg i eksil i Paris, men vart tvungne til å forlate Paris og flytte hovudkvarteret sitt attende til Irak i 1986-7. MEK bygde deretter opp basar i grenseområdet til Iran som gjorde det mogleg å gjennomføre raid og væpna aksjonar inn i Iran. I juni 1987 vart rørsla sin nye militærving, The National Liberation Army (NLA) of Iran, etablert.<sup>172</sup> Rørsla fekk mykje pressedeckning i tida rett etter Golfkrigen i 1991 der blant anna den store kvinneandelen i NLA, dei store militärbasane til rørsla i Irak og samanstøyta med iranske styrkar var gjenstand

---

<sup>166</sup> Colin Robinson, “In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO),” *CDI Terrorism Project* 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism)

<sup>167</sup> Her definert som terroråtak som resulterer i 25 eller fleire døde. For statistikk over slike aksjonar, sjå Quillen (2002b).

<sup>168</sup> Quillen (2002a), s.283.

<sup>169</sup> Quillen (2002b), s.295.

<sup>170</sup> Quillen (2002b), s.298; og “Bomb Kills 25 in Holy Place in Iranian City,” *The New York Times* 21 juni 1994, s.7.

<sup>171</sup> Bl a i følgje vitneutsegnet til Abdul Shakur, ein av Ramzi Yusuf sine pakistanske medarbeidarar. Sjå Kamran Khan, “Ramzi’s Terror Network,” *The News* (Islamabad) 27 mars 1995, s.1, 10, via FBIS; og Reeve (1999).

<sup>172</sup> Colin Robinson, “In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO),” *CDI Terrorism Project* 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism)

for stor mediointeresse.<sup>173</sup>



Bilete av MEKs kvinneavdelingar Kjelde: [http://www.iran-e-azad.org/english/nla/nla\\_brief.html](http://www.iran-e-azad.org/english/nla/nla_brief.html)

MEK sine leiarar er ekteparet Miryam og Masud Rajavi, begge busette i Irak. Masud Rajavi har leia militærvingen til rørsla sidan midten på 1970-talet. I oktober 2001 var det rapportar om at MEK hadde fått ein ny militærleiar, Moshgan Parsaii, for ei toårsperiode, men det er usikkert om dette rokker ved maktposisjonen til Rajavi-ekteparet.<sup>174</sup> Miryam leier Det iranske motstandsrådet (NRCI), den politiske delen av rørsla, medan Masud er øvertkommanderande for ‘Den nasjonale frigjøringshæren’.

### 5.1.2 Militærbasar i Irak

Irak utøver stor kontroll over MEK og har anvendt organisasjonen for å fremje eigne interesser vis-a-vis Iran, men også til tryggingsoppgåver internt i Irak.<sup>175</sup> Svingingane i MEK-åtak mot iranske mål (sjå nedanfor) følgjer i stor grad irakiske utanrikspolitiske interesser. Under den kurdiske og shiamuslimske oppreisten mot Bagdad-regimet våren 1991 bistod MEK i å slå ned opprøret. MEK skal også ha delteke i fleire irakiske åtak mot PUK i 1993 og 1996.<sup>176</sup> I offisielle

<sup>173</sup> Sjå f eks Jonathan Wright, “Army of Iranian Exiles Fields Women Tank Crews,” *Reuters* 2 juni 1991; Alan Cowell, “Facing Iran, an Army With Resolve and Day Care,” *The New York Times* 5 juni 1991; Mitch Leopard, *CNN* 10 mai 1991; and Tom Aspell, *NBC* 26 mai 1999.

<sup>174</sup> “Armed Iranian opposition movement elects new chief,” *Agence France Presse* 18 oktober 2001

<sup>175</sup> “Support for the Mujahedin-e-Khalq (MEK),” *US State Department, International Information Programs*, <http://www.usinfo.state.gov/regional/nea/iraq/iraq991.htm>

<sup>176</sup> *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B; og Abedin (2003).

fråsegner nektar MEK for at rørsla var med på å slå ned den irakiske “intifadaen” i 1991, at ho er nøytral andsynes Irakkonflikten, og at ho “aldri blandar seg inn i Iraks interne forhold.”<sup>177</sup> US State Department skriv imidlertid i sin årlege rapport om statssponsa terrorisme for 2000 at det irakiske regimet “deployed MEK forces against its domestic opponents.”<sup>178</sup>

US State Department estimerer at MEK har mellom 15-20 basar på irakisk territorium og mange tusen menn og kvinner under våpen. IISS sin årlege publikasjon *The Military Balance* estimerer gruppa til å ha 6000-8000 menn og kvinner under våpen. Den militære styrken til rørsla inkluderer ein divisjons storleik av tunge våpen som består av ca 250 stridsvogner og pansra personellkøyretøy, i tillegg til helikopter og artilleri.<sup>179</sup> Frihamna i Irak og denne konvensjonelle militærkapasiteten til gruppa er eineståande samanlikna med dei aller fleste terrorgrupper. Dette inneber at gruppa har stor slagkraft som terrorgruppe og medfører ein betydeleg fare dersom motivasjonen til gruppa skulle endre seg.

MEK har sitt hovudkvarter i Bagdad, men har ei rekke militärbasar rundt om i landet. I følgje det amerikanske utanriksdepartementet ligg ein av MEK sine største basar nær byen Falluja, ca 40 km vest for Bagdad (sjå biletet nedanfor). Dette er eit stort militärkompleks hovudsakleg bygd med inntekter frå den illegale oljeeksporten.<sup>180</sup> Bygginga av denne basen byrja i 1998. Området dekkjer eit 6,2 km<sup>2</sup> stort område som inneheld innsjøar, gardar, brakker, administrative bygningar og andre fasiliteter. Totalt kan basen huse 3 000-5 000 personell.



<sup>177</sup> Sjå f eks “Statement by People's Mojahedin Organization of Iran on 2 February,” *Mojahedin* (internettutgåve) 2 februar 2003, via FBIS.

<sup>178</sup> US State Department, “Overview of State-Sponsored Terrorism,” *Patterns of Global Terrorism 2000* (April 2001), <http://www.usis.usemb.se/terror/rpt2000/overviewstate.html>

<sup>179</sup> “Support for the Mujahedin-e-Khalq (MEK),” US State Department, *International Information Programs*, <http://www.usinfo.state.gov/regional/nea/iraq/iraq991.htm>; og Colin Robinson, “In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO),” CDI Terrorism Project 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism)

<sup>180</sup> “Support for the Mujahedin-e-Khalq (MEK),” US State Department, *International Information Programs*, <http://www.usinfo.state.gov/regional/nea/iraq/iraq991.htm>

*Til venstre: Satelittbilete av MEK-hovudkvarteret i al-Faluja, Irak. Til høgre: UNMOVIC inspektørar ved inngangen til ein MEK-leir i Irak i januar 2003 Kjelde: US State Department og Kjelde: Middle East Intelligence Bulletin 5 (2).*

I november 2001 rapporterte irakiske opposisjonskjelder om at *Istikhbarat*, ein av dei mange irakiske etterretnings- og tryggingsorganisasjonane, leia av Qusay Saddam, dreiv opplæring av MEK aktivistar for krigføring i byområde, geriljataktikk og attentat.<sup>181</sup>

Andre MEK basar kan ha vore mykje større. Ei jordansk avis beskrev ein av MEK sine basar i Irak i 1991 slik:

“The sprawling 600-square-kilometre base of Mujahedeen-e Khalq (People's Warriors), the main Iranian opposition group which traces its origins to 1964, is a statelet of its own: It has its own roads and traffic rules-including speed limits and one-way lanes-power and water supply systems, prefabricated houses, barracks, operation rooms, training fields with tanks, missile launchers, armoured personnel carriers and an assortment of hundreds of different types of well-maintained vehicles and communication equipment....”<sup>182</sup>

Rapportar frå den irakiske opposisjonen og frå iranske nyhendemedia har fleire gonger hevdat det irakiske regimet planlegg å utstyre MEK med kjemiske våpen og benyttar seg av MEK sine militærleirar for å skjule irakiske masseøydeleggingsvåpen. To avhopparar skal ha sett MEK-personell ikledd vernedraktar frakte missil og tungt artilleriskyts i 1998.<sup>183</sup> I følgje UNSCOM-inspektørane skal dei ha møtt mykje motstand ved forsøk på inspeksjonar av MEK-leirane.<sup>184</sup> Etter at UN Monitoring, Verification and Inspection Commission (UNMOVIC) vart etablert og inspektørane returnerte til Irak i 2002, har minst ein MEK-leir blitt inspisert.

### 5.1.3 MEKs eksterne støttenettverk og sympatisørar

MEK har også eit stort internasjonalt støtteapparat i mange land, først og fremst i USA, Canada og Europa. Rørsla har etablert ei rekke frontorganisasjonar for å samle inn finanzielle bidrag frå dei iranske eksilmiljøa. Det er sterke mistanker om at MEK har brukta midler innsamla i USA og Europa for humanitære formål, til våpeninnkjøp.<sup>185</sup> MEKs viktigaste frontorganisasjon, Det iranske nasjonale motstandsrådet (NCRI) har organisert mange protestdemonstrasjonar mot Iran i Europa og USA. I oktober 1999 klarte organisasjonen å samle nærare 10 000 demonstrantar i

<sup>181</sup> “Saddam’s opponents: The Monafeqin are being trained in urban warfare on the instructions of Qusay Saddam (in Persian),” *Nowruz* (Teheran) 27 november 2001, via FBIS.

<sup>182</sup> P Vavekanand, “Mujahedeen-e-Khalq Waiting on the Wings,” *Jordan Times* 22 mai 1991.

<sup>183</sup> Colin Robinson, “In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO),” *CDI Terrorism Project* 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism); Aaron Sands, “Saddam’s Deadly Secret,” *The Ottawa Citizen* 17 november 2001; “Iran: Iraq said planning to arm MKO with chemical weapons (FBIS-tittel),” *Iranian Students News Agency* (Teheran) 26 januar 2001, via FBIS; og Abedin (2003).

<sup>184</sup> Tidlegare UNSCOM talmann Ewen Buchanan uttala f eks at “We always used to have problems with the mujahedin [MEK] camps.” Sitert i *The Ottawa Citizen* 17 november 2003.

<sup>185</sup> Sjå til dømes “Seven Accused of Aiding Terrorism Seek Dismissal of Charges,” *Los Angeles Times* 12 mars 2002; og “Ridiculous claims by the ruling religious fascism in Iran and the search of Iranian refugees’ homes in Germany,” Text of statement issued by People’s Mojahedin Organization of Iran on 18 December in *Mojahedin* (Internettversjon) 18 desember 2001, via FBIS.

gatene i Paris for å protestere mot president Khatamis besøk.<sup>186</sup> I september 2001 forsøkte MEK-sympatiserande demonstrantar å kaste målingsspann mot bilen til den iranske utanriksministeren som då var på besøk i Brussel.<sup>187</sup>

MEK har fleire gonger vist seg i stand til å koordinere store simultane aksjonar mot mål i mange land. I april 1992, til dømes, gjennomførte MEK åtak på iranske ambassadar i 13 ulike land som svar på ei eskalering av konflikten med Iran.<sup>188</sup> Denne eskaleringa var likevel eit unntak og konflikten mellom MEK og iranske styrkar har vanlegvis ikkje blitt eksportert ut av konfliktområdet. Dette kan lett endre seg i framtida dersom MEK mister sine basar nær grensene til Iran.

MEK vart først designert som terrorgruppe av USA i 1997 og NRCI kom på same liste i 1999. I Europa har MEK og fleire av dets frontorganisasjonar også blitt forbode det siste året. Storbritannia inkluderte MEK på lista over 21 forbodne terrorgrupper i mars 2001, og i 2002 vart MEK inkludert på EU si liste over forbodne terrorgrupper. Frontorganisasjonen Det nasjonale motstandsrådet (NRCI) har framleis eit politisk kontor i Paris.<sup>189</sup>

På grunn av MEK/NCRI sin pro-demokratiske profil, og sterke motstand mot ‘pretestyret’ i Teheran, har rørsla vunne betydeleg sympati og støtte i konservative amerikanske krinsar. Dette vart meir tydeleg etter at rørsla forlét si tidlegare marxistiske orientering og byrja å profilere seg som ein forkjempar for kvinne- og minoritetsrettar. (MEKs væpna styrkar blir sagt å innehalde ein tredjedel kvinner, sjå bileta ovanfor). Den politiske støtten og sympatiens for MEK inkluderer også medlemmar av Den amerikanske kongressen. Det nasjonale motstandsrådet (NRCI) har framleis kontor i Washington, jamvel om organisasjonen i prinsippet har vore forbode etter amerikanske antiterrorlover sidan 1999.<sup>190</sup> I august 2001 oppfordra 30 senatorar Bush administrasjonen å oppheve designasjonen av MEK som ei terrorgruppe. Tilsvarande oppfordringar har blitt publiserte i amerikanske aviser heilt opp til i dag. Ingen ringare enn USAs noverande statsadvokat John Ashcroft, deltok i ein støttedemonstrasjon saman med Det nasjonale iranske motstandsrådet i New York i 2000 i samband med at president Khatami skulle tale i FNs hovudforsamling.<sup>191</sup> Representantar for det britiske parlamentet har også vore sterkt sympatisk innstilte til NCRI/MEK og er blitt kraftig kritisert av Iran for dette.<sup>192</sup>

<sup>186</sup> “Potentially violent activities in Berlin, July 8th and 10th,” *US Army Europe News Release* 7 juli 2000, [http://www.hqusareur.army.mil/nurevision%20files/htmllinks/Press\\_Releases/2K/July/20000707-1.htm](http://www.hqusareur.army.mil/nurevision%20files/htmllinks/Press_Releases/2K/July/20000707-1.htm)

<sup>187</sup> “Iran: Attempt to throw paint at Foreign Minister in Brussels ‘failed’ (FBIS-tittel),” *IRNA* (Teheran) 11 september 2001, via FBIS.

<sup>188</sup> Aksjonane i Europa var eit svar på at ein iransk offensiv i grenseområdene. Eit tidlegare MEK-raid vart gjengjelda med eit iransk luftåtak med åtte iranske jagarfly som bomba ein MEK-base på irakisk territorium. Sjå *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B

<sup>189</sup> “Mojahedin-e Khalq Criticizes London (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 2 mars 2001, s.3, via FBIS; “IRNA: UK minister says labelling MKO as terrorist group ‘fully justified’ (FBIS-tittel),” *IRNA* (Teheran) 23 oktober 02, via FBIS; “Iran: Rajavi Links Attack on Iraq Camp to UK’s Terrorism Act (FBIS-tittel),” *Al-Sharq al-Awsat* 3 mars 2001, via FBIS; og “Iranian Agency Cites Lebanese Report on MKO Leaders Seeking Safe Haven in Europe (FBIS-tittel),” *IRNA* (Teheran) 1001 GMT 19 februar 2003, via FBIS.

<sup>190</sup> “Ashcroft knyttet til iransk ‘terror-gruppe’,” *NTB* 27 september 2002.

<sup>191</sup> *Ibid.*

<sup>192</sup> “Hypocrites come under the protection of the British House of Commons (in Persian),” *Resalat* (Teheran) 28 mars 2001, via FBIS.

### 5.1.4 Gerilja- og terroråtak på 1990-talet

Terroraksjonane til MEK har i første rekke retta seg mot mål i Iran, både væpna grenseraid, **politiske attentat mot iranske tenestemenn og offiserar**, samt bombeåtak og væpna åtak på regjeringsbygg i iranske byar. (Oljeinstallasjonar i Iran skal også ha blitt angripe av MEK, bl a vart to oljerørledningar i Det sørlege Iran øydelagde i 1993.) I juni 1998 gjennomførte MEK tre bombeaksjonar i Teheran der tre menneske vart drepne. MEK stod bak politiske drap på Asadollah Lajevardi, tidlegare direktøren for Evin Prison i 1998 og (nestkommanderande) generalstabssjef General Shirazi i april 1999. I 2000 på årsdagen for den iranske revolusjonen, avfyrt MEK medlemmer **bombekastargranatar mot presidentpalasset** til Muhammad Khatami. Ein sivilperson vart drepen og fem andre såra.<sup>193</sup> I februar 2000 eskalerte MEK kampanjen sin mot iranske mål, ”Operation Great Bahman”, med ei lang rekke åtak. I 2000-01 var MEK involvert i regulære bombekastaråtak og raid mot iranske militære mål, politieiningar og regjeringsbygg nær den iran-irakiske grensa.<sup>194</sup> I løpet av 2002 har MEK også påteke seg ansvaret for fleire terroraksjonar i Iran, blant anna eit åtak mot hovudkvarteret til revolusjonsgarden i Teheran i august 2002.<sup>195</sup>

### 5.1.5 Mot eit sluttspel for MEK?

Dei seinare åra har MEK blitt sterkt kritisert for å ha blitt ei **kult-liknande rørsle**, med rigid kontroll over livet til den einskilde medlem og der det politisk-ideologiske grunnlaget er Masud Rajavis sekulære tolkning av Koranen. Det blir hevd at ideologien til MEK skifter noko uforutsigbart, nærmest i takt med leiarens humør.<sup>196</sup> Utviklinga mot ei **sekt** byrja i Paris-perioden i 1981-86.<sup>197</sup> Det skal ha vore veksande misnøye i organisasjonen i Irak. Fleire kjelder viser til at mange MEK medlemmer i Irak har forsøkt å forlate organisasjonen dei siste åra, men har istaden blitt arresterte av irakiske tryggingstyrkar. Trass i det generelle amnestiet for alle politiske fangar, som nyleg vart kunngjort, sit mange MEK medlemmer og/eller avhopparar framleis i irakiske fengsel.<sup>198</sup>

Etterkvart som ei USA-leia krig mot Irak synast meir og meir uunngåeleg, er MEKs framtid meir usikker enn nokonsinne. I følgje MEK-leiaren Masud Rajavi står organisasjonen overfor

<sup>193</sup> *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B; “Mujahedeene-e-Khalq: Iranian rebels,” Council of Foreign Affairs’ website on Terrorism <http://www.terrorismanswers.com/groups/mujahedeene.html>

<sup>194</sup> *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B; “Iranian Source: Yesterday’s Explosions Are Baghdad’s Announcement of the End of Its Truce With Tehran (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 8 januar 2001, s.1, via FBIS; “Iranian intelligence reports operations by Mojahedin-e Khalq 28 januar 2001,” *Middle East Intelligence Bulletin* 3 (2) februar 2001, [http://www.meib.org/articles/0102\\_irb.htm#irb6](http://www.meib.org/articles/0102_irb.htm#irb6); og “Iran: Iran stages exhibition on arms, ammunition seized from Mojahedin-e Khalq (FBIS-tittel),” *Vision of the Islamic Republic of Iran Network* 4 27 april 2001, via FBIS.

<sup>195</sup> “Iran: Mojahedin-e Khalq claim responsibility for explosion (FBIS-tittel),” *Voice of the Islamic Republic of Iran Radio* 19 mai 2002; og “Statement by the Press office of the People’s Mojahedin of Iran on August 6,” *Iran Mojahedin website* 6 august 2002, via FBIS.

<sup>196</sup> “Mujahedeene-e-Khalq: Iranian rebels,” Council of Foreign Affairs’ website on Terrorism <http://www.terrorismanswers.com/groups/mujahedeene.html>

<sup>197</sup> Colin Robinson, “In the Spotlight: Mujaheddin-e Khalq Organization (MEK or MKO),” *CDI Terrorism Project* 11 september 2002, [www.cdi.org/terrorism](http://www.cdi.org/terrorism)

<sup>198</sup> “Radio Iraq’s Report on Condition of Mojahedin-e Khalq (in Persian),” *Hayat-e Now* (Teheran) 2 november 2002 s.7

tre val: Trekkje seg ut av Irak, gjennomføre eit forkjøpsangrep mot Iran eller hjelpe det irakiske regimet i å slå attende dei amerikansk-leia invasjonsstyrkene.<sup>199</sup> Ei masseevakuering av dei mellom 6 000-10 000 i organisasjonen er ikkje ei realistisk løysing, jamvel om det skal ha vore planar om ei evakuering av fleire hundre MEK medlem via Jordan. Fleire MEK toppleiarar har allereie søkt tilflukt i Europa. Ein høgtståande MEK-delegasjon har nyleg vore på rundreise i Europa og møtt parlamentsmedlem i Frankrike, Belgia, Nederland og Danmark, truleg i eit forsøk på å finne ein tilfluktstad for Rajavi-ekteparet og andre personar i MEK-leiinga.<sup>200</sup>

Fleire observatørar hevdar at MEK truleg vil gjennomføre eit massivt åtak med fleire tusen mann mot Iran, eventuelt mot Nord-Irak, på same tid som krigen mot Irak startar. I lys av MEKs relativt svake militære kapasitet, vil ein slik offensiv framstå omtrent som ein kollektiv sjølvmordsaksjon, ikkje ulikt MEK-offensiven “Ewig Lys” mot Iran i kjølvatnet av våpenkvila mellom Iran og Irak i juli 1988. I denne kampanjen vart 2 000 av den 7 000 store MEK-styrken vart nedslakta, og mange fleire tilfangetekne og seinare henretta. Ein ny “martyroperasjon” vil ta merksemda bort frå at leiarsjiktet hoppar av til Europa og kunne gi symbolsk kapital til rørsla si framtid i diasporaen. Åtaket vil også setje Iran på den amerikanske agendaen.

I januar og februar 2003 vart MEK-styrkar deployerte langs demarkasjonslinja mot Det sjølvstyrte Nord-Irak, samt i lokalene til Ba‘th-partiet i fleire irakiske byar, truleg med det føremålet å bistå det irakiske regimet i å slå ned eventuelle opprør. I følgje Mahan Abedin i *Middle East Intelligence Bulletin* er det ikkje usannsynleg at mange MEK-soldatar vil slåss på irakisk side mot ein amerikansk invasjonsstyrke, trass i MEK-leiarskapet sin pro-vestlege retorikk.<sup>201</sup> I ein framtidig krig kan USA likevel kome til å spare MEK-leirane slik dei allierte styrkane gjorde under Golfkrigen i 1991. Uansett utfall vil MEK kome mellom barken og veden, og rørsla vil kunne bli eit betydeleg terrortrussel i eit post-Saddam Irak.

## 5.2 Sekulære palestinske grupper

Det har historisk sett vore nære band mellom Irak og palestiniane. Irakiske styrkar deltok i dei arabisk-israelske krigane i 1948 og i 1967, og ein irakisk styrke i Jordan truga med å intervenere for å forhindre at Jordan slo ned det palestinske geriljanærværet i landet i 1970. Den palestinske frigjeringsrørsla PLO (som består av ei rekke separate fraksjonar), har i kortare periodar på 1970-talet hatt hovudkvarteret sitt i Irak. Relasjonane til Ba‘th-regimet i Bagdad har likevel vore problematiske for PLO leiinga, ikkje minst fordi Irak har støtta palestinske utbrytargrupper. I forkant av Golfkrigen 1990-91 var PLOs tilhøve til Irak nært. Bagdad stilte til dømes eit eige fly til disposisjon for PLO leiinga, og PLOs formann Yasir Arafat reiste til Bagdad for å mekle mellom Irak og Kuwait etter den irakiske invasjonen i august 1990.<sup>202</sup> Dei TV-overførte biletene av Arafats omfamning av Saddam Husayn hadde dramatiske konsekvensar for PLO og palestinske gjestearbeidarar i Kuwait og dei andre Golfstatene. Etter krigen vart heile det

<sup>199</sup> I følgje ein tale av Rajavi i juli 2002. Sjå Abedin (2003).

<sup>200</sup> *The Daily Star* (Beirut) 18 februar 2003 og “Iranian Agency Cites Lebanese Report on MKO Leaders Seeking Safe Haven in Europe (FBIS-tittel),” *IRNA* (Teheran) 1001 GMT 19 februar 2003, via FBIS.

<sup>201</sup> Abedin, (2003).

<sup>202</sup> Gowers & Walker (1991).

palestinske diaspora-samfunnet i Kuwait på ca 400 000 deportert, og den arabiske finansielle støtta til PLO gjekk kraftig ned.

På 1990-talet har PLO og Det palestinske sjølvstyret (PNA) halde seg på trygg avstand frå det irakiske regimet. Likevel er det viktige band mellom dei to. Den palestinske politistyrken på Vestbreidden vart delvis bygd opp rundt militærpersonellet frå den Irak-baserte *al-Aqsa Brigaden* til *Den palestinske frigjeringshæren* (PLA eller Jaysh al-Tahrir al-Filastini). PLA var PLOs konvensjonelle militærstyrke i eksil, som vart spreidd rundt i ulike arabarstatar etter at PLO måtte evakuere frå Beirut i 1982.<sup>203</sup> Det er ein stor palestinsk eksilbefolkning i Irak (kanskje 70 000) og det har vore ei rekke sympatidemonstrasjonar med Irak på Vestbreidden og i Gaza.

Under ein solidaritetskongress med Irak arrangert i Damaskus i oktober 2002 der Iraks visestatsminister Tariq ‘Aziz også deltok, foreslo PFLP, ein av PLO fraksjonane, at titusener av arabarar skulle reise til Irak og forsøke å danne “eit menneskeleg skjold” for å forsvare Irak mot åtak.<sup>204</sup> Ideen om menneskelege skjold har i første rekke blitt framsett og følgd opp av dei mange vestlege og amerikanske solidaritetsdelegasjonane til Irak.

Irak har med andre ord hatt høve til å dra på ein større sympatisk palestinsk diaspora i ein framtidig konflikt med ein USA-leia koalisjon. Som vi skal sjå nedanfor har Irak ved tidlegare høve benytta seg av palestinske grupper for å tilrettelegge for internasjonale terroraksjonar, og har ei lang historie i å understøtte denne type terrorgrupper. Det siste tiåret har likevel palestinske grupper vore svært lite aktive på den internasjonale arena, og det er derfor mindre sannsynleg at Irak framleis har eit slagkraftig nettverk av palestinske grupper som kan anvendast mot vestlege mål utanfor Irak sine grenser. Det er også viktig å merke seg at dei mest betydelege palestinske terrorgruppene dei siste to åra (al-Aqsa Martyr Brigadene, Hamas, PIJ, PFLP og DFLP) ikkje har tette organisatoriske band til Irak. Sidan utbrotet av *al-Aqsa Intifadaen* i september 2000 har Irak likevel søkt å knyte tettare band til palestinske grupper bl a gjennom finansiell stønad til familiene til falne palestinske martyrar, der sjølvmordsaktivistane sine etterlatne ofte har fått dei største utbetalingane.

### 5.2.1 ANO - Abu Nidal Organisasjonen

Terrorgruppa *Abu Nidal Organisasjonen* vart sett på som ei av dei farlegaste internasjonale terrorgruppene på 1980-talet.<sup>205</sup> Ho har operert under namn som *Fatah Revolutionary Council* som var det opprinnelege offisielle namnet til gruppa, *Arab Revolutionary Brigades*, *Black September* ved aksjonar mot jordanske mål, og *Revolutionary Organization of Socialist Muslims*

---

<sup>203</sup> For meir detaljar, sjå Lia (2002), s.161ff.

<sup>204</sup> Forslaget vart framsett av foreslo Mahir Tahir, politiske sjefen for PFLP sitt kontor i Damaskus. “Let Arabs form human shields to protect Iraq: Palestinian activist,” *Agence France Presse* 9 oktober 2002.

<sup>205</sup> Jonathan C. Randal, “Abu Nidal Battles Dissidents,” *Washington Post* 10 juni 1990, s.A24, [www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm](http://www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm)

ved aksjonar mot britiske mål.<sup>206</sup>



Til venstre: biletet av eit EgyptAir-fly som ANO kapra på Valletta, Malta i 1985. I midten: scener fra den internasjonale flyplassen i Roma 27. desember 1985 etter eit ANO-åtak mot innsjekkingsskrankene til det israelske flyselskapet El Al. Til høgre: eit fotografi av den medieskye leiaren for ANO frå 1983 (Kjelder: AP Photo/Pardi og La Strada).

Gruppa var danna av Sabri Khalil al-Banna alias **Abu Nidal** (“kampens far”), son av ein prominent palestinsk familie frå Jaffa som endte opp som flyktningar på Vestbreidden i kjølvatnet av krigen i 1948. Abu Nidal var med i det radikale pan-arabiske Ba‘th-partiet på 1950-talet. Offisielle kjelder i ANO hevdar Abu Nidal var med på å danne den palestinske (Arafat-leia) Fatah-rørsla då han studerte til ingeniør og arbeidde i den saudi-arabiske oljeindustrien på 1950- og tidleg 1960-talet.<sup>207</sup> Han steig raskt i gradene i Fatah-rørsla i første halvdel av 1970-talet. I 1974 braut han med PLO og Arafat, då sistnemnde antyda at PLO ville vere villige til å etablere ein stat på Vestbreidden og Gaza, og dermed implisitt anerkjenne Israel innanfor pre-1967-grensene. ANOs ideologiske agenda var å bekjempe Israel og den sionistiske koloniseringa av Palestina gjennom ein pan-arabisk revolusjon. Organisasjonen har vore innbitt motstandar av ei forhandlingsløysing. ANO si målutveljing og aktivitetar har likevel bore sterkt preg av interessene til gruppa sine statssponsorar, og i mindre grad eit ideologiske program.

I følgje amerikanske kjelder, skal ANO ha stått bak ei rekke spektakulære terroråtak verda over. Den betydelege aksjonsradiusen til gruppa er best illustrert ved det faktum at ho har gjennomført terroraksjonar i 20 statar. Måla for ANO inkluderte USA, Storbritannia, Frankrike, Israel, moderate palestinske leiarar i PLO. Fleire arabiske statar, først og fremst Jordan, vart også blant ANOs erklærte “fiendestatar”. Fleire jordanske ambassadørar vart drepne av ANO i politiske attentat mellom 1983 og 1994. Blant ANOs mest kjende terroraksjonar er dei koordinerte åtaka mot El Al-skrankene ved flyplassene i Roma og Wien i desember 1985; åtaka mot jødiske skular og synagogar i Antwerpen, Paris, Wien og Istanbul; mot ein turistbåt (City of Poros dagstursbåt) i Hellas, og kapringa av eit Pan Am-fly i Karachi.<sup>208</sup> ANO har ikkje ramma amerikanske eller europeiske mål sidan 1989. I palestinsk samanheng er ANO særleg berykta for å ha stått bak politiske drap på meir enn 11 framståande PLO-medlem, inkludert attentata på

<sup>206</sup> Patterns of Global Terrorism-2001 (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B; og Noriyuki Katagiri, “In the Spotlight: Abu Nidal Organization (ANO),” CDI Terrorism Project 9 oktober 2002, [www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm](http://www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm)

<sup>207</sup> Radwan Aqil, “Fatah-the Revolutionary Council: Abu-Nidal Did Not Commit Suicide; We will Soon Name His Successor (in Arabic),” *Al-Nahar* (internettversjon) 25 august 2002, via FBIS.

<sup>208</sup> Patterns of Global Terrorism-2001 (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B

ein av PLOs grunnleggjarar Salah Khalaf, mest kjent under aliaset **Abu Iyad** og PLOs sikkerhetssjef Hayil ‘Abd-al-Hamid (alias Abu Hawl) i Tunis i januar 1991. ANO stod også bak drapet på PLOs representant til Paris i 1978 og ein framståande fredsaktivist i PLO Isam Sartawi i Lisboa i 1983. Det har også vore ei rekkje politiske attentat mot PLO og Fatah-leiarar i Libanon på 1990-talet som ANO har stått bak.<sup>209</sup> Gruppa har angripe palestinske og arabiske mål oftare enn israelske, noko som har skapt grunnlag for skuldingar om at ANO har vore ein reiskap for Israel.

ANO har operert på vegne av ei rekkje arabiske sponsorar og har i større grad enn dei fleste andre palestinske terrorgrupper blitt sett på som ei “leigesoldat”-gruppe.<sup>210</sup> Gruppa har motteke generell stønad i form av tilfluktstad, trening, logistisk bistand, og finansiell hjelp, men har også hatt tett oppfølging for gjennomføringa av spesifikke aksjonar. Grunnlaget for ANO sin vedvarande styrke vart ofte sagt å vere Abu Nidals “personlege karisma”, ein stor formue estimert på mellom \$20 til \$200 mill og evna til å tiltrekke seg nye statssponsorar.<sup>211</sup>

Abu Nidal byrja truleg å arbeide for irakisk etterretning medan han framleis var representant for Fatah i Bagdad.<sup>212</sup> **I 1974-83 hadde ANO hovudkvarteret sitt i Bagdad**, og det irakiske regimet hadde avgjerande innverknad på ANO i den tidlege formative fasen. I 1983, midt under den iransk-irakiske krigen vart ANO kasta ut av landet då Irak søkte amerikansk støtte i krigen mot Iran.<sup>213</sup> (Irak vart då fjerna frå US State Department si liste over statar som støtta terrorisme, noko som mogleggjorde amerikansk militærstøtte til Irak i krigen mot Iran<sup>214</sup>).

ANO opererte ei periode med hovudkvarter i **Syria** fram til 1986-87. Då gav Syria etter for sterkt amerikansk press, og ANO vart nøydd til å flytte basene sine ut av Syria. Etter at den iransk-irakiske krigen var over i 1988, gjenopptok Irak samarbeidet med ANO. Ei gruppe på 45 ANO-fida ‘iyyin, leia av Abu Nidal kom til Bagdad i slutten av 1988. ANO-aktivistar mottok spesialopplæring i ein militærleir i al-Karadah-området. ANO måtte likevel operere under strengare restriksjonar i Irak enn på 1970-talet. Dei hadde likevel eit politisk kontor i Bagdad på heile 1990-talet.<sup>215</sup> I følgje det sørkoreanske politiet skal ANO også ha hatt eit visst samarbeid med Nord-Korea i 1991-92 som blant anna bestod i utveksling av agentar og opplæring.<sup>216</sup> Andre venlegsinna land var Sudan (der Abu Nidal hadde tenestegjort som PLOs representant) og Algerie. På slutten av 1980-talet vart ANO mykje svekka på grunn av interne rivningar og

---

<sup>209</sup> Sjå f eks “Israel and PLO near security accord,” *Middle East Economic Digest* 22 november 1993; Robert Fisk, “Toll mounts in war over Arafat’s peace,” *Independent*, 11 august 1992; og “Fatah’ will release 97 prisoners from ‘Abu Nidal’ (in Arabic),” *al-Quds* 26 juni 1993, s.7.

<sup>210</sup> “Abu Nidal Organization,” *Council of Foreign Affairs’ Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com](http://www.terrorismanswers.com)

<sup>211</sup> Jonathan C. Randal, “Abu Nidal Battles Dissidents,” *Washington Post* 10 juni 1990, s.A24,

[www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm](http://www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm)

<sup>212</sup> “Abu Nidal Organization,” *Council of Foreign Affairs’ Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com](http://www.terrorismanswers.com)

<sup>213</sup> Noriyuki Katagiri, “In the Spotlight: Abu Nidal Organization (ANO),” *CDI Terrorism Project* 9 oktober 2002, [www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm](http://www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm)

<sup>214</sup> Jay Peterzell, “Terrorism: The Life and Crimes of a Middle East Terrorist,” *Time Magazine* 14 januar 1991.

<sup>215</sup> “Information About a ‘Foreign Connection’ Behind Abu-Nidal’s Assassination in Baghdad (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 20 august 2002, s.1, via FBIS; og U.S. Department of State, “Iraq,” *Patterns of Global Terrorism 1995* (April 1996), <http://nsi.org/Library/Terrorism/terror95.html>

<sup>216</sup> “ROK: Eighty Possible Foreign Terrorists in ROK; DPRK Terrorist Ties (FBIS-tittel),” *KBS-1 Radio Network* (Seoul) 0320 GMT 3 oktober 1996, via FBIS.

blodige utreinskingar i organisasjonen, som bl a førte til ei rekke attentat, nærmere 400 døde ANO-medlem og etablering av eit rivaliserande leiarskap. Desse feidene svekka ANOs gode tilhøve til Algerie etter at algirske styresmakter arresterte eit ANO-team som stod bak attentatet på ein ANO avhoppar. Rundt 1990 offentleggjorde ANO-avhopparar eit vell av dokumentasjon som avslørte detaljar omkring ANOs rekrutteringsteknikkar, bankkonti i Sveits og Austrikk, våpenhandel, tilfluktsstader og eit nettverk av celler i Europa, Den arabiske verda, og i Sør-Aust Asia.<sup>217</sup>

På 1990-talet skal ANO-leiinga ha hatt meir eller mindre permanent tilhaldstad i **Libya** fram til 1998. Som eit ledd i forsøka på å få ein slutt på dei internasjonale sanksjonane mot Libya slo regimet ned på ANO sine aktivitetar i landet. Mange ANO-medlem i Libya vart arresterte og fleire vart deporterte til dei palestinske sjølvstyrte områda. ANO sine konti og verdiar vart beslaglagde.<sup>218</sup> Abu Nidal flytta då til **Egypt** der ANO framleis hadde verdiar og eit politisk kontor. I følgje eit ANO-dokument publisert i arabisk presse, skal gruppa ha hatt nære kontaktar med den egyptiske generalen Muhammad ‘Abd-al-Salam al-Mahjub, “to whom we were bound by the comradeship of the struggle for more than 30 years.”<sup>219</sup> Han skal ha blitt arrestert av egyptisk politi i juli 1998 og halden i ei form for husarrest på eit sjukehus i Kairo.<sup>220</sup> Til liks med Libya førte Egypt ein kampanje mot ANO med arrestasjonar, deporteringar til Gaza og Jordan, konfiskasjonar av eigedom, verdiar, dokument etc. Abu Nidals nærvær i Kairo vart forsøkt halden hemmeleg.<sup>221</sup>

**I desember 1998 kom ANO-leiaren attende til Irak** via Iran på eit jemenittisk pass. ANO har hatt eit visst nærvær fram til 16 august 2002 då Sabri al-Banna døde i Bagdad. Kva som forårsaka dødsfallet er framleis eit mysterium. Nokre kjelder hevdar han skal ha begått sjølvmord, medan andre seier han vart utsett for eit politisk attentat. Mykje tyder imidlertid på at irakiske styresmakter arresterte og henretta Abu Nidal, kanskje for å forhindre at hans nærvær skulle bli ei unødvendig belastning.<sup>222</sup> I 1999-2000 truga Abu Nidal med å avsløre nye detaljar

<sup>217</sup> Jonathan C. Randal, “Abu Nidal Battles Dissidents,” *Washington Post* 10 juni 1990, s.A24, [www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm](http://www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm)

<sup>218</sup> ‘Ali al-Salih, “Abu-Nidal Movement Announces That Its Cadres Have Been Arrested and Its Funds Confiscated in Libya (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 25 Jan 1999, s.1, via FBIS.

<sup>219</sup> ‘Ali al-Salih, “Abu-Nidal Appeals to Mubarak To Intervene and Stop the Egyptian Liaison Channel’s Harassment of his Movement. The First Official Admission by the Fatah-the Revolutionary Council Leader of a Relationship with Egypt (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 22 oktober 1999, s.4, via FBIS.

<sup>220</sup> Egyptiske styresmakter har nekta for at Abu Nidal var i landet. Midtaustenkjennaren og forfattaren Patrick Seale hevda at Abu Nidal hadde tilbydd dei egyptiske styresmaktene å anvende ANO sine ressursar i kampen mot den radikale islamistrøsla i Egypt. Abu Nidal skal imidlertid ha blitt plassert under husarrest i Kairo. Sjå “‘Amr Musa Denies Abu-Nidal in Egypt (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 27 august 1998, s.5, via FBIS; “Egypt Denies al-Hayah Report Abu Nidal Present in Cairo (FBIS-tittel),” *Agence France Presse* 16 mars 1999, via FBIS; “Egypt: AFP - Diplomats Say Egypt Let Abu-Nidal Flee to Iraq (FBIS-tittel),” *Agence France Presse* 1427 GMT 9 januar 1999, via FBIS; og Nora Boustany & Thomas W. Lippman, “Egypt Seizes Terrorist Abu Nidal,” *Washington Post* 26 august 1998, s.A01.

<sup>221</sup> Abu Nidals nærvær var ei belastning for det egyptiske regimet. Abu Nidal forlét Kairo i desember 1998. I september 1999 vart ANO sine kontor i Kairo stengde og bankkonti og verdiar for \$4 mill beslaglagde. Sjå ‘Ali al-Salih, “Abu-Nidal Appeals to Mubarak To Intervene and Stop the Egyptian Liaison Channel’s Harassment of his Movement. The First Official Admission by the Fatah-the Revolutionary Council Leader of a Relationship with Egypt (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 22 oktober 1999, s.4, via FBIS.

<sup>222</sup> Irakiske tryggingssstyrkar storma Abu Nidal sitt hus i Bagdad den 14 august, to dagar før erklæringa om hans sjølvmord kom. Abu Nidal døde frå fire skot mot hovudet, noko som forsterka spekulasjonane om ei regelrett

om Libyas rolle i Lockerbiesaka.<sup>223</sup> Det irakiske regimet kan ha frykta at nye opplysingar om tidlegare irakisk støtte til terroraksjonar ville kome ut dersom Abu Nidal vart utvist frå landet.

I september 2002, kort tid etter Abu Nidals død, vart ein av grunnleggjarane av ANO, Abd al-Rahman Isa, kidnappa frå heimen sin i Amman. Isa var ein av Abu Nidals næreste medarbeidarar; han var generalsekretær for ANOs “Avdeling for tryggleik og informasjon” i perioden 1983-89, då denne avdelinga hadde ansvaret for dei såkalla “eksterne militære operasjonane”, dvs terroraksjonar i Europa.<sup>224</sup> ANO-leiinga tolka bortføringa av Isa som eit yttelegare forsøk på å “gravleggje dei løyndommane og det farlege arkivet han sat på” i lys av den prominente stillinga hans i ANO.<sup>225</sup>

I dag har ANO, under namnet Fatah Revolutionary Council, kanskje sitt mest betydelege nærvær i dei palestinske flyktningeleirane i Libanon der misnøyen med PLO leiarskapet og Osloavtalene har vore stor.<sup>226</sup> Amerikanske kjelder hevdar ANO framleis har ein styrke på nokre hundre mann i tillegg til “eit begrensa internasjonalt støtteapparat”.<sup>227</sup> Finansielle problem og interne rivningar har redusert slagkrafta til organisasjonen. Det same har bortfallet av viktige statssponsorar og strengare tiltak mot rørsla i Libya og Egypt frå slutten av 1990-talet. Bortfallet av leiaren skapar uvisse om ANOs framtid, jamvel om ANO kjelder i Beirut har erklært (etter Abu Nidals død) at ein ny leiar vil bli utnemnd.<sup>228</sup> ANO si framtid avheng av om rørsla er i stand til å omstille seg til ei verd der private støttenettverk er blitt viktigare enn statssponsorar og der pan-arabiske ideologiske rørsler har litra gjennomslagskraft til samanlikning med radikal islam.

ANO bør likevel ikkje avskrivast heilt. Gruppa har finansiert noko av aktivitetane sine gjennom utpressing, og frontorganisasjonar, har framleis aktive tilhengjarar og kan framleis ha utappa finansielle ressursar i utlandet. I januar 2000 foretok austerrisk politi ein arrestasjon i samband med forsøk på å trekke \$7,5 mill ut av ein bankkonto som det var sterkt mistanke om at ANO

---

henretting. Nokre kjelder, bl a den britiske *Foreign Report*, hevdar at Arafat-loyale Fatah styrkar i Bagdad stod bak drapet på Abu Nidal for å straffe ANO-attentatet på PLO-leiaren Abu Iyad i 1991. Sjå Dafna Vardi, “Arafat’s People Killed Abu-Nidal (in Hebrew),” *Ma’ariv* (Tel Aviv) 29 august 2002; “Information About a ‘Foreign Connection’ Behind Abu-Nidal’s Assassination in Baghdad (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 20 august 2002, s.1; og Noriyuki Katagiri, “In the Spotlight: Abu Nidal Organization (ANO),” *CDI Terrorism Project* 9 oktober 2002, [www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm](http://www.cdi.org/terrorism/ano-pr.cfm)

<sup>223</sup> Ali al-Salih, “Abu-Nidal Movement Denies Link Between Arrest of Its Cadres and Efforts To Resolve Lockerbie Crisis (in Arabic),” *Al-Sharq al-Awsat* 26 Jan 1999, s.5, via FBIS; og “Terrorist Chief Incriminated (in German),” *Der Spiegel* 15 mai 2000, s.180, via FBIS.

<sup>224</sup> Isa braut med Abu Nidal på slutten av 1980-talet og etablerte for ei tid ein konkurrerande organisasjon med mål om å styre Abu Nidals leiarskap. Sjå “Who Kidnapped Abd-al-Rahman Isa, Abu-Nidal’s Confidante, Abu-Nidal Organization’s Second-in-Command, Last to Meet Abu-Nidal Before Killed (in Arabic),” *Al-Majallah* (London) 20-26 oktober 2002, s.62, 63, via FBIS.

<sup>225</sup> *Ibid*

<sup>226</sup> På 1990-talet gjorde libanesisk politi fleire våpenfunn som ANO var haldne ansvarleg for. ANO sine offisielle fråsegner kjem frå talsmenn i Libanon. Sjå f eks “Abu-Nidal Arms Cache Seized From Nursery School,” *Agence France Presse* 1528 GMT 8 mai 1995, via FBIS; og Radwan Aqil, “Fatah-the Revolutionary Council: Abu-Nidal Did Not Commit Suicide; We will Soon Name His Successor (in Arabic),” *Al-Nahar* (internettversjon) 25 august 2002, via FBIS.

<sup>227</sup> *Patterns of Global Terrorism-2001* (Office of the Coordinator for Counterterrorism, 21 mai 2002), Appendix B.

<sup>228</sup> Radwan Aqil, “Fatah - the Revolutionary Council: Abu-Nidal Did not Commit Suicide; We Will Soon Name His Successor,” *Al-Nahar* (Beirut) 25 august 2002, via FBIS.

disponerte. Ei påfølgjande rettsak i Wien mot det mistenkte ANO-medlemmet førte til at ANO utstedte truslar mot Austerrike. Det er ein typisk ANO-taktikk som på 1980-talet skal ha ført til fleire tilfelle av frigiving av pågripne ANO-agentar i Europa.<sup>229</sup> Den rumenske etterretninga (SRI) skal også ha registrert at ANO framleis er aktive og “infiltrerar” andre palestinske dissidentgrupper i landet, jamvel om ANO ikkje har noko sentralt hovudkvarter eller “territoriell struktur” i Romania.<sup>230</sup>

### 5.2.2 PLF – Palestinas frigjeringsfront/Abu Abbas-fraksjonen

Ei anna palestinsk gruppe som har motteke stønad frå Irak er Den palestinske frigjeringsfronten (Jabhat al-Tahrir al-Filastiniyyah, “Palestine Liberation Front” (PLF)).<sup>231</sup> Gruppa vart opphaveleg dannaa av Ahmad Jibril i 1961 og var seinare med i dannninga av den meir kjende PFLP grappa i desember 1967. Jibril braut imidlertid raskt med PFLP og dannaa sin eigen organisasjon PFLP-GC i 1968. PLF vart dannaa først i 1976 då Muhammad Zaidan, meir kjend som **Abu Abbas**, braut ut av PFLP-GC delvis som eit resultat av usemje om Syrias militærintervensjon i Libanon som Jibril støtta men Abu Abbas var imot. PLF vart raskt anerkjend som ein fraksjon i PLO. På 1980-talet vart det nye interne rivingar i organisasjonen, og gruppa var delt mellom fleire rivaliserande leiarskap. Abu Abbas-fraksjon var den mest slagkraftige i terrorsamanheng. Den 7 oktober 1985 kapra ei gruppe på fire menn det italienske cruiseskipet Achille Lauro på veg mellom Egypt og Israel. Kapringa vekte mykje harme, også internt i PLO, og PLF vart kasta ut av Tunisia der PLO hadde sitt hovudsete. Leiarskapet i PLF reiste då til Irak og har hatt **hovudkvarteret sitt i Bagdad sidan 1980-talet**. Irak blir betrakta som ein av PLFs viktigaste støttespelarar. I Powell sin tale til FNs tryggingsråd 5 februar 2003, blir det hevda at Bagdad framleis trenar PLF medlemmer I bruk av skytevåpen og sprengstoff.<sup>232</sup>

PLF er inga viktig terrorgruppe i dag. Medlemsmassen er estimert frå alt mellom 50 til 500. Gruppa har ikkje gjort seg særleg gjeldande sidan mai 1992 då ho gjennomførte eit mislykka åtak mot den israelske badebyen Eilat. Abu Abbas uttrykte støtte for PLOs fredsdiplomati i Osloprosessen og stemte for endringa av PLOs Charter i april 1996. Utbrotet av det palestinske opprøret mot den israelske okkupasjonen (al-Aqsa Intifadah) i september 2000 synest å ha bidrege til å aktivisere PLF etter mange års dvale på terrorfronten. PLF har lenge hatt eit *politisk* nærvær i dei okkuperte/sjølvstyrte områda, men i november 2001 vart 15 medlemmer av ei PLF

<sup>229</sup> “Abu Nidal Group Leader Arrested in Vienna,” *Agence France Presse* 1505 GMT 14 januar 2000, via FBIS; “500,000 Schilling Security (in German),” *Die Presse* (Wien) 28 Apr 2000, s.11, via FBIS; Roland Prinz, “Austria Says It Has Received Threats from Abu Nidal Terrorist Group,” *Associated Press* 19 oktober 2000; “Abu Nidal Organization,” *Council of Foreign Affairs’ Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com](http://www.terrorismanswers.com); US State Department, “Overview of State-Sponsored Terrorism,” *Patterns of Global Terrorism 2000* (April 2001), <http://www.usis.usemb.se/terror/rpt2000/overviewstate.html>; og Jonathan C. Randal, “Abu Nidal Battles Dissidents,” *Washington Post* 10 juni 1990, s.A24, [www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm](http://www.washingtonpost.com/wp-srv/world/terror/abunidal/abunidal061090.htm)

<sup>230</sup> Radu Tudor, “Terrorism in Romania - Dissident Palestinian Organizations Active in Romania Since Eighties (in Romanian),” *Ziua* (Bucharest, internettversjon) 15 februar 2002, via FBIS.

<sup>231</sup> Grace Chu, “In the Spotlight: The Palestine Liberation Front (PLF),” *CDI Terrorism Project* 26 august 2002, <http://www.cdi.org/terrorism/plf-pr.cfm>

<sup>232</sup> “Text of Powell speech to the UN Security Council ,” 5 februar 2003, [http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2729525.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2729525.stm)

celle arresterte av israelske styresmakter. Etterforskningen skal ha vist at fleire av desse hadde fått spesialopplæring i Irak for å gjennomføre væpna aksjonar i Israel og hadde planlagt aksjonar i Jerusalem, Tel Aviv og mot Ben Gurion flyplassen.<sup>233</sup> Rumensk etterretning (SRI) skal også ha sett teikn på at PLF samlar informasjon om moglege amerikanske og israelske mål verda over.<sup>234</sup>

### 5.2.3 15. mai-organisasjonen

15. mai-organisasjonen vart etablert i 1979 på levningane etter ei PFLP-utbrytargruppe.<sup>235</sup> Denne gruppa var aldri medlem av PLO, og mottok betydeleg finansiell og logistisk stønad frå Irak i første halvdel av 1980-talet samt tett oppfølging til visse operasjonar. Truleg av denne grunnen kunne gruppa stable på beina eit overraskande stort internasjonalt nettverk, jamvel om organisasjonen hadde få medlemmer. Gruppa gjennomførte blant anna terroråtak med bomber godt skjult i passasjerkoffertar om bord på fly.<sup>236</sup>

15. mai-organisasjonen var leia av Muhammad al-'Umari, meir kjend som Abu Ibrahim, og påtok seg ansvaret for ei rekke terroraksjonar i Vest-Europa, inkludert eit bombeåta mot eit hotell i London i 1980, mot El Al sine kontor i Roma og Istanbul i 1981, og israelske ambassadar i Aten og Wien same året. 15. mai-organisasjonen retta også åtaka sine mot spesifikke amerikanske mål. I 1982 i kjølvatnet av Israels invasjon av Libanon, planta 15 mai organisasjonen spesialkonstruerte bomber skjult i passasjerkofferter ombord på tre amerikanske fly. Ein av desse gjekk av og drap ein passasjerar og såra 15 andre på eit Pan Am-fly mellom Tokyo og Hawaii.<sup>237</sup> Etter mykje press frå USA gav irakiske styresmakter i 1984 ordre om at 15 mai organisasjonen skulle innstille all verksemd frå irakisk territorium, og Abu Ibrahim var pensjonert. Muhammad Rashid, ein av hans mest sentrale operative leiatarar, fortsette likevel å planlegge og utføre anti-amerikanske aksjonar under leiing av ein PLO fraksjon.<sup>238</sup> Jamvel om gruppa formelt vart oppløyst, er den tidlegare leiaren Abu Ibrahim framleis i Irak og har fått opphaldsløyve og vern av regimet.

### 5.2.4 ALF - Den arabiske frigjeringsfronten

Den arabiske frigjeringsfronten (Arab Liberation Front (ALF)) er ein mindre pro-irakisk fraksjon i PLO og har i stor grad støtta Arafat og Fatah si linje i fredsprosessen. ALF har kome i søkjelyset under det palestinske opprøret fordi organisasjonen truleg har hatt ein rolle i den irakiske finansieringa til støtte for det palestinske opprøret (al-Aqsa Intifada) som byrja i

<sup>233</sup> Grace Chu, “In the Spotlight: The Palestine Liberation Front (PLF),” *CDI Terrorism Project* 26 august 2002, <http://www.cdi.org/terrorism/plf-pr.cfm>; og Julie Stahl, “Israel Nabs Saddam Hussein’s Paymaster To Palestinians,” *CNSNews.com* 9 oktober 2002.

<sup>234</sup> I Romania skal PLF ha ca 25 medlemmer og sympatisørar. Desse er involvert i ulike støtteaktivitetar for PLF (propaganda, rekruttering, pengeinnsamling, logistisk støtte. Sjå Radu Tudor, “Terrorism in Romania - Dissident Palestinian Organizations Active in Romania Since Eighties (in Romanian),” *Ziua* (Bucharest, internettversjon) 15 februar 2002, via FBIS.

<sup>235</sup> Wadi Haddad's Popular Front for the Liberation of Palestine-Special Operations Group, forkorta PFLP- SOG.

<sup>236</sup> Jay Peterzell, “Terrorism: The Life and Crimes of a Middle East Terrorist,” *Time Magazine* 14 januar 1991

<sup>237</sup> I 1987 vart Abu Ibrahim og to andre medlemmer i 15 mai organisasjonen sikta i ein amerikansk rett for bombinga. For fleire detaljar sjå *ibid.*

<sup>238</sup> *Ibid.*

september 2000. Israelske etterretningskjelder hevder å ha bevis for at det irakiske regimet har overført ca \$15 mill til familiane til palestinske sjølvmordsaktivistar og til andre palestininarar som har blitt såra eller drepne i samanstøyt med dei israelske okkupasjonsstyrkane. Dei største utbetalingane skal ha vore \$25 000 per familie. Desse opplysingane skal ha blitt stadfesta i avhør av Rakat Salim, ALF sin generalsekretæren som vart arrestert av israelske styrkar 2. oktober 2002 i Ramallah på den okkuperte Vestbreidden. Arrestasjonen kom i kjølvatnet av israelske konfiskeringar av dokument frå hovudkvarteret til Det palestinske sjølvstyret (PNA), som visstnok skal ha avslørt PNA sine nære band til Irak og Iran. Palestinske talsmenn avviser dette på det sterkeste.<sup>239</sup> Rakat Salim har vore politisk rådgivar for Arafat sidan 1997. Dersom Israel er i stand til å påvise svært tette band mellom PNA og Irak, vil det kunne skade PNA si sak. I oktober 2002 hevda den israelske hærleiringa at

“There is tight cooperation between Saddam Hussein and Yasser Arafat. [...] He is cooperating with Iraq. We have documents that show it clearly. We arrested the representative of Saddam Hussein who was operated personally by Taha Yassin Ramadan, the closest friend and aide of Saddam Hussein.”<sup>240</sup>

ALF er heilt ubetydeleg involvert i direkte terroraksjonar mot israelske mål samanlikna med andre palestinske fraksjonar som al-Aqsa Martyr-brigadene, Hamas, Islamsk Jihad, DFLP og PFLP. Om irakisk finansiell bistand til familiane til “falne martyrar” — som omfattar både sjølvmordsaktivistar, steinkastande demonstrantar og tilfeldig forbipasserande ofre — utgjer “samarbeid om terror” er vel noko tvilsamt. Slik bistand kjem også fra mange andre kjelder, ikkje minst frå dei rike Golf-statene. Det irakiske regimet har imidlertid valt å honorere familiane til sjølvmordsbombarar med større beløp enn familiane til andre falne. I løpet av 2002 har den israelske regjeringas forsøkt å delegitimere PNA og det palestinske opprøret ved å påvise tette band mellom PNA og Irak eller Iran. I følgje israelske aviser, har regjeringa sendt ein 400 siders rapport til Washington om det irakiske regimet si involvering i anti-israelske terroraksjonar og samarbeid med PNA og Arafat.<sup>241</sup>

Det er derimot mindre tvil om at ALF har hatt nære kontaktar med det irakiske Ba‘th-partiet som er det statsberande partiet i Irak. ALF og (den palestinske avdelinga av) Ba‘th-partiet deler kontor i Ramallah på Vestbreidden. ALF har også arrangert sympatidemonstrasjonar i Gaza for Irak, blant anna 10 september 2002.<sup>242</sup>

### **5.3      Hamas, Palestinsk Islamsk Jihad, og Hizbulah**

I følgje utanriksminister Colin Powell sin tale til FNs tryggingsråd 5 februar 2003 skal det

<sup>239</sup> “Irak finansierer selvmordsbomber,” *Jyllands-Posten* 8 oktober 2002; Julie Stahl, “Israel Nabs Saddam Hussein’s Paymaster To Palestinians,” *CNSNews.com* 9 oktober 2002; “PA weighs legal action against CBS for linking Arafat to Iraq, Iran,” *Jerusalem Post* 9 oktober 2002; Ned Parker, “Israel looks to play Saddam card with Palestinians,” *Agence France Presse* 18 oktober 2002; og Steve Weizman, “Israel: Iraqi VP Helped Palestinians,” *AP* 10 oktober 2002.

<sup>240</sup> Amos Gilad, Israel’s koordinator for dei okkuperte områda for sitert i Ned Parker, “Israel looks to play Saddam card with Palestinians,” *Agence France Presse* 18 oktober 2002.

<sup>241</sup> Ned Parker, “Israel looks to play Saddam card with Palestinians,” *Agence France Presse* 18 oktober 2002.

<sup>242</sup> *Ibid.*

irakiske regimet ha vore involvert i betydeleg støtte til dei islamistiske palestinske terrorgruppene Hamas og Palestinsk Islamisk Jihad: "Hamas, for example, opened an office in Baghdad in 1999, and Iraq has hosted conferences attended by Palestinian Islamic Jihad. These groups are at the forefront of sponsoring suicide attacks against Israel."<sup>243</sup> Hamas og PIJ har likevel hatt langt mindre kontakt med Bagdad enn Iraks erkefiende Iran, jamvel om irakisk støtte til islamistgrupper har auka dei seinare åra.<sup>244</sup> Dette gjeld i enda større grad den libanesiske hovudsakleg shiamuslimske Hizbulah-rørsla. Statssponsorane til Hizbulah er først og fremst Iran og i mindre grad Syria. I tillegg har Hizbulah oppnådd betydeleg legitimitet i vertslandet Libanon der rørsla har alle hovudbasane sine, er representert i parlamentet og driv mykje sosial-religiøse verksemrd. Hizbulah har ein ståande geriljastyrke (*al-muqawama alislamiyya*, eller Den islamske motstandsrørsla), i den sørlege delen av landet på grensa mot Israel. Sidan Irak tradisjonelt har hatt eit særslig fiendtleg tilhøve til Hizbulahs hovudsponsor, Iran, og har ført ein svært hardhendt politikk mot den irakiske shiamuslimske opposisjonen, er det lite truleg at kontaktane mellom Bagdad og Hizbulah er nære.

Amerikanske politikarar har imidlertid lenge åtvara mot farene for at Irak skal kunne utstyre terrorgrupper, spesielt Hizbulah (og Hamas), med masseøydeleggingsvåpen. I midten av november 2002 tok den demokratiske formannen i Senatets etterretningskomité, Bob Graham og hans republikanske motpart Richard Shelby, til orde for USA burde gjennomføre preventive åtak på Hizbulah og Hamas basar i Midtausten før ein militærintervensjon mot Irak med det føremål å forhindre at desse to terrorgruppene skulle fungere som leveringsmiddel for irakiske masseøydeleggingsvåpen.<sup>245</sup> Desse fråsegnene reflekterer truleg ynskjene til dei dominerande pro-israelske kretene i den amerikanske kongressen som ynskjer at USA skal bruke si militærmakt for å forsvare israelske tryggingsinteresser i Midtausten.

#### 5.4     PKK - Kurdistans arbeidarparti

**Det kurdiske arbeidarpartiet** eller **PKK** som er ei forkorting av det kurdiske namnet på rørsla, *Partiya Karkeren Kurdistan*, vart etablert i 1973 og har sidan midten på 1980-talet kjempa mot den tyrkiske sentralregjeringa for større sjølvstende for den kurdiske befolkninga i Tyrkia. Det har vore ein brutal krig som har kosta ca 35 000 menneskeliv, der fleire tusen landsbyar har blitt raserte og etnisk reinska og pro-tyrkiske militser stundom har fått frie tøyler til å ta lova i eigne hender.<sup>246</sup>

PKK har benytta geriljakrig og terrorisme i denne kampen, inkludert drap av kurdiske sivile som ikkje samarbeider med PKK, kidnapping av utanlandske turistar i Tyrkia, bombe- og granatåtak mot turistmål i Istanbul og tyrkiske badestader, sjølvordsaksjonar og åtak på tyrkiske

---

<sup>243</sup> "Text of Powell speech to the UN Security Council ,," 5 februar 2003, [http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2729525.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2729525.stm)

<sup>244</sup> "State Sponsors of Terrorism: The Case of Iraq," *TerrorismCentral Newsletter* 15 februar 2003.

<sup>245</sup> Maxim Kniazkov, "US Congress leaders push for military action against Hezbollah, Hamas," *Agence France Presse* 18 november 2002.

<sup>246</sup> For etnisk reinsking, vigilantisme og sjølvtekt av pro-tyrkiske militser, sjå Karl Vick, "In Kurdish Turkey, a New Enemy: Village Guards, Empowered During War, Turn Guns on Returnees," *Washington Post* 31 oktober 2002, s.A18.

diplomatiske representasjoner i utlandet. Etter kraftige militære tilbakeslag og tilfangetakinga av PKK leiaren Abdullah Ocalan ("Apo") i februar 1999 har PKK trekt dei fleste styrkane sine (estimert til ca 5 000) attende til Nord-Irak. Ein reknar med at ca 300 PKK geriljasoldatar framleis er inne å tyrkisk territorium.<sup>247</sup> Den noverande PKK-leiaren Osman Ocalan hevdar å ha 7 000 man under våpen i Nord-Irak.<sup>248</sup> Leiarskapet har erklært ein stans i den væpna kampen og at geriljarørsla skal omformast til eit politisk parti. I april 2002 annonserte ei PKK forsamling i Brussel at PKK no har innstilt alle sine aktivitetar og ville bli etterfølgd av ein ny organisasjon med namnet "Congress for Freedom and Democracy in Kurdistan (KADEK)".<sup>249</sup>

Syria var ein sentral statssponsor for PKK heilt fram til 1999, då Damaskus etter intenst militært press frå Tyrkia, utviste Ocalan og reduserte PKK-nærværet i landet. Både Syria, Irak, Iran og Hellas har gitt finansiell stønad til PKK. Trass i den generelle nedgangen i statssponsoring av terrorisme, hevdar tyrkiske styresmakter at Irak har heldt fram med å støtte PKK og kurdisk separatisme i Tyrkia, medan Iran har gitt logistisk støtte og trening til PKK.<sup>250</sup> (Iran forbaud PKK og erklærte gruppa som ein terroristorganisasjon i april 2002 etter at Tyrkia sa seg villig til å forby MEK.) Det er få operasjonelle kontaktar mellom PKK og andre terrorgrupper, men tidlegare medan PKK sitt hovudkvarter låg i Damaskus, vart PKK-medlem trenar av palestinske venstreradikale terrorgrupper med tilhaldstad i Syria (DFLP, PFLP, PFLP-GC og ANO).<sup>251</sup> Gruppa si søkjing etter større internasjonal legitimitet er ikkje særleg eigna til å skape grunnlag for eit samarbeid med det islamistiske al-Qaida nettverket.

Terrorfarene frå PKK/KADEK er først og fremst knytta til den politisk-militære situasjonen under og etter ein USA-leia intervensjon. Dersom Tyrkia gjer alvor av sine truslar om å invadere Nord-Irak for å eliminere PKK og eventuelt okkupere Kirkuk, er det store sjansar for at PKK/KADEK vil bruke alle nødvendige verkemiddel for å forhindre dette. Ein kan då ikkje utelukke PKK organiserte terroraksjonar, gisseltaking, kapring av ambassadar etc i Europa for å rette søkelyset mot kurdarane sin situasjon. Det er mange døme på slike valdelege "markeringsaksjonar" av PKK-aktivistar i Europa. I 1993 utførte PKK ein koordinert kampanje med eldpåsetjing og vandalisme mot tyrkiske diplomatiske og kommersielle kontor i seks vest-europeiske hovudstader. I Norge okkuperte PKK Tyrkias ambassade i Oslo i 1992. Kjennarar av det kurdiske eksilmiljøet i Europa meiner likevel at sjansane for kurdiske valdsaksjonar i Europa er små i lys av 11 september og det sterke ynskjet om å bli akseptert av EU-landa som ein

<sup>247</sup> Karl Vick, "In Kurdish Turkey, a New Enemy: Village Guards, Empowered During War, Turn Guns on Returnees," *Washington Post* 31 oktober 2002, s.A18.

<sup>248</sup> Selcuk Gultasli, "Belgian senator: PKK has asked for a federal state," *Turkish Daily News* 13 Feb2002, [http://www.kurden.de/sites/index\\_englisch.htm](http://www.kurden.de/sites/index_englisch.htm).

<sup>249</sup> "Kurdistan Workers' Party," *Council of Foreign Affairs' Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html](http://www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html); og "Turk Kurdish rebels declare defense zones in Iraq," *Reuters* 19 september 2002.

<sup>250</sup> Sjå Republic of Turkey, Embassy in Washington, "Turkish Foreign Policy and Press Releases," <http://www.turkey.org/news2000/e033000.htm> For meir om PKKs forhold til Iran, sjå "PKK in Iran: Village Guard or Liberator?" *Kurdish Media* 29 august 1999.

<sup>251</sup> "Kurdistan Workers' Party," *Council of Foreign Affairs' Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html](http://www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html)

legitim representant for kurdarane i Tyrkia.<sup>252</sup> EU valde likevel i mai 2002 å setje PKK og KADEK på lista over forbodne terroristorganisasjonar.<sup>253</sup>

## 6 IRAKISKE MOTSTANDSORGANISASJONAR

Anti-irakiske terror- og opprørsgrupper har spela ei viktig rolle i konflikten mellom Iran og Irak dei siste tiåra. Medan Irak har vore MEKs mest trufaste støttespelarar gjennom snart 20 år, har Iran svara på dette trugsmålet med å støtte opp under ulike opprørs- og terrorgrupper som har retta åtaka sine mot Ba‘th-regimet i Bagdad. I 1982 vart *The Supreme Council for the Islamic Revolution of Iraq* (SCIRI) etablert i nær samarbeid med det iranske regimet. SCIRI har fungert som ein paraplyorganisasjon for fleire irakiske shiamuslimske opposisjonsgrupper. Ved sida av SCIRI er truleg *al-Da‘wa al-Islamiyya* (arabisk for “Det islamske kallet”) og *al-‘Amal al-Islami* (“Den islamske aksjonsfronten”) dei viktigaste shiamuslimske opprørsgruppene i Irak. Alle rørslene har til dels betydelege væpna styrker som har drive aktiv geriljakamp inne i Irak. Dei kurdiske opposisjonsrørslene i Nord-Irak er også blitt skulda for deltaking i politiske valdsaksjonar mot Irak. Dei har likevel vore langt mindre aktive på Bagdad-kontrollert område enn dei shiamuslimske gruppene.<sup>254</sup>



Frå venstre: ei avdeling frå SCIRI sine væpna styrker (Badr Corps), logoen til SCIRI og Sayyid Muhammad al-Baqir al-Hakim, leiaren for SCIRI.

Ein profil av desse og andre irakiske opposisjonsgruppene er utanfor rammene av denne studien.<sup>255</sup> Her skal vi berre merke oss at den væpna kampen til dei shiamuslimske gruppene stort sett har vore konsentrert omkring dei iransk-irakiske grenseområda eller i Irak. Det er

<sup>252</sup> Foredrag av Fiona B Adamsom frå Stanford University og Vera Eccarius-Kelly frå Siena College ved International Studies Conference Annual Convention, Portland, Oregon, 26 februar 2003.

<sup>253</sup> “Kurdistan Workers’ Party,” *Council of Foreign Affairs’ Website on Terrorism*, [www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html](http://www.terrorismanswers.com/groups/kurdistan.html)

<sup>254</sup> MEK har til dømes skulda PUK for å bortføre og henrette mange MEK-medlem på vegne av den iranske tryggingstenesta. MEK har særskild nemnt eit tilfelle der 10 MEK aktivistar vart drepne rett etter Golfkrigen i 1991. Sjå Abedin (2002).

<sup>255</sup> For profilar av desse gruppene, sjå International Crisis Group, *Iraq Backgrounder: What Lies Beneath* (ICG Middle East Report N°6, 1 oktober 2002), <http://www.intl-crisis-group.org/projects/showreport.cfm?reportid=786>. Sjå også Jaber (2003) og websidene [www.daawaparty.com/](http://www.daawaparty.com/); [www.sciri.org/](http://www.sciri.org/); og [www.amalisami.org/](http://www.amalisami.org/). Websida til Da‘wa skal vere kontrollert av ei utbrytargruppe i al-Da‘wa.

likevel fleire historiske døme på større terroråtak i andre land, der irakiske opposisjonsgrupper har påteke seg ansvaret. Den 15. desember 1981 vart ei bilbombe detonert mot den irakiske ambassaden i Beirut der 61 personar mista livet, inkludert den irakiske ambassadøren til Libanon.<sup>256</sup> Eit anna døme er terroraksjonane med lastebilbomber mot den amerikanske og franske ambassadane i Kuwait den 12. desember 1983. Aksjonen vart gjennomført av sjølvmordsaktivistar frå *al-Da‘wa al-Islamiyya* som protesterte mot fransk og amerikansk støtte til Irak.<sup>257</sup>

Dei irakisk-shiittiske motstandsgruppene har i ei årrekke teke på seg ansvaret for skyteåtak, bilbomber, attentat og attentatforsøk retta mot det irakiske regimet. Heimesidene til SCIRI og Den islamske aksjonsfronten inneheld lange skildringar av “den væpna motstanden”.<sup>258</sup> I ein annan politisk kontekst er det svært sannsynleg at desse “motstandsaktivitetane” ville blitt betrakta av omverda som terrorisme.<sup>259</sup>

Fleire av dei shiittiske opposisjonsgruppene, spesielt *al-Da‘wa al-Islamiyya* og Den islamske aksjonsfronten, har uttala seg imot ein USA-leia invasjon av Irak. Dei trekte seg ifrå opposisjonskonferansen i London i desember 2002 i protest mot “dei amerikanske nikkedokkene”.<sup>260</sup> *Al-Da‘wa*-representantar har uttala at ein amerikansk bakkeinvasjon er unødvendig og at opposisjonen kan frigjere Irak åleine dersom USA gir noko luftstøtte.<sup>261</sup> USA har vore svært skeptiske til *al-Da‘wa* på grunn av rørsla sine kontaktar med det libanesiske Hizbulah. Dei shiittiske gruppene har også eit nært samarbeid med den iranske revolusjonsgarden og etterretninga. Dette gjeld først og fremst SCIRIs væpna ving, *Badr-styrkane*, som er organisatorisk tilknytta den iranske revolusjonsgarden.<sup>262</sup> Dei shiamuslimske organisasjonane har betydelege kapasitetar som geriljaorganisasjonar og har ein politisk infrastruktur og internasjonale støttenettverk utanfor regionen.<sup>263</sup> Det er ein viss fare for at desse

<sup>256</sup> Tre grupper påtok seg ansvaret for åtaket: Army for the Liberation of Kurdistan, the Iraqi Liberation Army – General Command, og ein irakisk islamistgruppe med namnet *al-Da‘wah* (arabisk for ‘kallet’).

<sup>257</sup> Anderson & Sloan (2002), s.xxxxx.

<sup>258</sup> “The latest news Of Iraq,” *The Supreme Council For Islamic Revolution In Iraq - SCIRI*, <http://ourworld.compuserve.com/homepages/sciri/> og <http://www.amalisami.org/qwat/s30x9h56.htm>. Sjå også “Shi‘as in Iraq,” <http://www.jafariyanews.com/iraqshia.htm>

<sup>259</sup> Sjå f eks utsegna til ein av leiarane for SCIRI i juli 2002 til ei iransk avis at “Incidentally, the dissidence and resistance of Iraqi Islamists are the most significant and dynamic resistance inside the Iraqi territory. Only during last year the Presidential Palace of Iraq was hit by 122 mm Kathiusha missiles four times; and the targets hit were the hall for secret meetings of Saddam, and the home of Saddam’s younger daughter Hela. Other outstanding actions registered in the record book of Iraq’s Islamic Resistance Movement in the past year include: attack against the military airport of Baghdad, attack at the Voice and Vision Organization, the State Intelligence Organization of Iraq, the HQ of Monafeqin Terrorist Organization [MKO], other headquarters of Ba‘ath Party and Iraqi Army, and also attempted assassinations of Ahmad al-Sa‘adun, ‘Adie Saddam Hussein [Saddam’s son], Mohammad Hamzeh al-Zubeidi, the Iraqi vice president, ‘Ezzat Ebrahim al-Dowri, Al-Samerayee Saddam’s chief advisor, and finally during the past few days the failed assassination of Qasi, another son of Saddam and his heir apparent.” Sitert frå letter by Seyyed Mohsen Hakim, member of the Supreme Islamic Revolution Assembly of Iraq: “Comments About an Article (in Persian),” *Nowruz* (Teheran) in Persian 02 Jul 2002 s.6, via FBIS.

<sup>260</sup> Daniel Williams, “Iraq’s Shiites Describe Reign of Fear: Visitors, Exiles in Syria Tell of Tight Grip in Restive South,” *The Washington Post* 14 januar 2003, s.A01

<sup>261</sup> *Ibid.*

<sup>262</sup> Sjå f eks Abedin (2002).

<sup>263</sup> For ein oversikt over SCIRI sin politiske representasjon i Europa, sjå “Our Offices,” SCIRI Homepage, [www.sciri.org/](http://www.sciri.org/)

gruppene vil oppfatte ein amerikansk invasjonsstyrke som ei illegitim okkupasjonsmakt og at dette på sikt kan gi grobotn for framtidige valdsaksjonar mot amerikanske og allierte mål i eit post-Saddam Irak.

## 7 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Denne rapporten har undersøkt terrortrusselen i samband med Irak-konflikten. Fokuset har vore på terrorgrupper med tidlegare eller neverande band til det irakiske regimet, jamvel om den irakiske etterretningstenesta også har vore ein aktør i internasjonale terrorisme. Irak har knapt nok gjennomført internasjonale terroraksjonar mot vestlege mål sidan attentatforsøket på eks-president George Bush i 1993. Irakisk etterretningsverksemid mot eksil-irakiske miljø har likevel vore ein merkbar trussel i ei rekkje land og har manifestert seg i form av trakkaseringar, truslar og attentat.

Irak under Saddam Husayn har hatt nære relasjonar til fleire terroristorganisasjonar med global rekjkjevidde. Abu Nidal-gruppa (ANO) som hadde hovudkvarteret sitt i Bagdad frå 1974-83, er det mest kjende historiske døme. Sidan 1987 har Irak hatt svært nære band til den iranske opposisjonsrørsla Mujahidin al-Khalq (MEK) som på mange måtar kan sjåast på som ein del av regimets maktapparat. MEK har tidlegare stått bak svært blodige terroraksjonar. Rørsla har eit stort internasjonalt støttenettverk og vil sannsynlegvis hamna mellom barken og veden ved ein USA-leia krig mot Irak. Jamvel om rørsla framleis har mektige støttespelarar i USA og Europa, har ho tapt mykje terrenge i det nye internasjonale klimaet etter 11. september. Det er truleg sterke anti-vestlege straumdrag internt i rørsla, og den internasjonale terrortrusselen frå denne gruppa er truleg undervurdert.

Påstandene om eit samarbeid mellom Irak og al-Qaida har stått sentralt i debatten om ein krig mot Irak er folkerettsleg or moralsk forsvarleg. Denne studien tek ikkje opp denne debatten, men imøtegår den utbreidde oppfatninga om at Irak og radikale islamistgrupper ikkje kan samarbeide fordi dei er på kollisjonskurs ideologisk sett. Irak har mest sannsynleg hatt kontaktar med og gitt stønad til fleire radikale islamistiske terrorgrupper, inkludert al-Qaida og al-Qaida-affilierte grupper som Abu Sayyaf-geriljaen på Filippinane, Sipah-e-Sahaba-rørsla i Pakistan, og den kurdiske Ansar al-Islam-gruppa i Nord-Irak. Det er også mykje som tyder på at al-Qaida-leiinga ikkje ser det som ideologisk problematisk å slåss på same side som det irakiske regimet, så lenge det eksisterar ein “konvergens av interesser”. Det sentrale spørsmålet er i kor stor grad det irakiske regimet vil og kan utstyre al-Qaida og andre islamistgrupper med våpen, trening og logistisk støtte. I lys av dei mange indikasjonane som finst på eit eksisterande samarbeid, er det ikkje usannsynleg at Irak vil kunne auke kapasiteten til fleire al-Qaida-allierte islamistgrupper.

I eit post-Saddam Irak vil fleire aktørar enn al-Qaida kunne framstå som ein reell terrortrussel. I tillegg til attverande delar av det irakiske Ba'th-partiet og tryggingsapparatet, vil fleire irakiske opposisjonsgrupper kunne ha både motivasjon og kapasitet til å gjennomføre terroraksjonar mot amerikanske og allierte styrkar. Dei væpna pro-iranske opposisjonsrørslene SCIRI og *al-Da'wa al-Islamiyya* har tidlegare gjennomført ei lang rekke væpna aksjonar inne i Irak. Dei kan

tenkjast å ville halde fram motstandskampen dersom det nye regimet ikkje gir dei tilstrekkeleg politisk spelerom. Den kurdiske islamistgruppa Ansar al-Islam kan også bli eit springbrett for nye al-Qaida-aksjonar mot amerikanske og allierte mål.

Desse eventuelle nye terrortruslane i eit post-Saddam Irak vil likevel vere lokale og rette seg mot mål i Irak. Jamvel om ein krig i Irak høgst sannsynleg vil auke terrorfaren på kort sikt, er det umogleg å seie noko sikkert om i kva grad Irak-konflikten vil stimulere til meir *internasjonal* terrorisme på lengre sikt. Dette vil avhenge av krigsutfallen, det nye politiske regimet i Irak og ikkje minst i kva grad USA er villig til å endre den *generelle* orienteringa i Midtaustenpolitikken sin.

## Litteraturliste

Abedin M (2003): "The MKO and the War on Iraq," *Middle East Intelligence Bulletin* 5 (2) februar-mars 2003, [www.meib.org/articles/0302\\_iraq.htm](http://www.meib.org/articles/0302_iraq.htm)

Abedin M (2002): "Iranian Views on Regime Change in Iraq," *Middle East Intelligence Bulletin* 4 (11) (november-desember 2002), [http://www.meib.org/articles/0211\\_ir1.htm](http://www.meib.org/articles/0211_ir1.htm)

Anderson S K & Sloan S (2002): *Historical Dictionary of Terrorism* (Lanham, Maryland & London: The Scarecrow Press, Inc, Second Edition).

Anonymous (2002): *Through Our Enemies Eyes: Osama bin Laden, Radical Islam, and the Future of America* (Washington: Bassey's Inc.)

Bjørgo T (2003): "Terrortrusselen under krig mot Irak – den forrige og den kommende," Foredrag på Sundal Collier, 29. januar 2003.

Goldberg J (2003) "The Unknown: The C.I.A. and the Pentagon take another look at Al Qaeda and Iraq," *The New Yorker* 10 februar 2003, s.40-47.

Gowers A, Walker T (1991): *Behind the Myth: Yasser Arafat and the Palestinian Revolution* (London: Corgi Books/Transworld Publishers).

Hegghammer T, Hansen A S, Knudsen J (2003): *Terrorism and Peace Enforcement – Does 'Muscular' Peacekeeping Impact on Patterns of International Terrorism?* FFI-Rapport (upublisert utkast).

Hegghammer T (2003): "Islamisk terror og krigen mot Irak," B E Rasch, J Haaland Matlary & P K Mydske (red.), *Spillet om Irak* (Oslo: Abstrakt Forlag).

Human Rights Watch (2003): "Ansar al-Islam in Iraqi Kurdistan," *Press Release*, [www.hrw.org/backgrounder/mena/ansarbk020503.htm](http://www.hrw.org/backgrounder/mena/ansarbk020503.htm)

International Crisis Group (2003): "Radical Islam In Iraqi Kurdistan: The Mouse That Roared?" *Iraq Briefing* 7. februar 2003, [www.intl-crisis-group.org/projects/middleeast/iraq\\_iran\\_gulf/reports/A400885\\_07022003.pdf](http://www.intl-crisis-group.org/projects/middleeast/iraq_iran_gulf/reports/A400885_07022003.pdf)

Jaber F A (2003): "Clerics, Tribes, Ideologues and Urban Dwellers in the South of Irak: the Potential for Rebellion," *Adelphi Paper* No.354 (Oxford: International Institute of Strategic Studies, spesialutgåve, redaktørar Toby Dodge og Steven Simon, januar 2003).

Lia B (2002): *Building a Police Without a State: The PLO, the Donor Community, and the Establishment of the Palestinian Police and Security Forces* (Upublisert manus, innlevert for bedømming til dr. philos.-graden ved Universitetet i Oslo, November 2002).

Lia B & Å Kjøk (2001): *Islamist Insurgencies, Diasporic Support Networks, and Their Host States: The Case of the Algerian GIA in Europe*, FFI-Rapport 2001/03789.

Makiya K (1998): *Republic of Fear: The Politics of Modern Iraq* (Berkeley, Los Angeles & London: University of California Press).

Mylroie L (2002): *Study of Revenge: Saddam Hussein's Unfinished War Against America*, (Washington, D.C.: The AEI Press).

Mylroie L (2001): "Iraqi Complicity in the World Trade Center Bombing and Beyond," *Middle East Intelligence Bulletin* 3 (6) juni 2001.

Quillen C (2002a): "A Historical Analysis of Mass Casualty Bombers," *Studies in Conflict and Terrorism* 25 (5) (september-oktober 2002), s.279-292.

Quillen C (2002b): "Mass Casualty Bombings Chronology," *Studies in Conflict and Terrorism* 25 (5) (september-oktober 2002), s.293-302.

Qutb S (1978) *Milestones* (Beirut, Damaskus: International Islamic Federation of Student Organizations).

Piscatori J (red.) (1991): *Islamic fundamentalisms and the Gulf crisis* (Chicago, Ill.: American Academy of Arts and Sciences).

Reeve S (1999): *The New Jackals Ramzi Yousef, Osama bin Laden, and the Future of Terrorism* (Boston: Northeastern University Press).

Rogers P (2002): *Iraq: Consequences of a War*. (Oxford: Oxford Research Group Briefing

Paper, oktober 2002).

Zaydan A (2003): *bin Ladin bila qina ‘: liqa ’at hazzarat nashraha Taliban* (Beirut: al-Sharikah al-‘alamiyyah lil-kitab).

## DOKUMENTASJON

### A.1 Lydbandopptak med bin Ladin på TV-stasjonen al-Jazira 11 februar 2003

“Bin Laden tape: Text,” *BBC News* 12 February, 2003, 00:56 GMT,  
[http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle\\_east/2751019.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/2751019.stm)

“In the name of God, the merciful, the compassionate. A message to our Muslim brothers in Iraq, may God's peace, mercy, and blessings be upon you. O you who believe fear Allah, by doing all that He has ordered and by abstaining from all that He has forbidden as He should be feared. Obey Him, be thankful to Him, and remember Him always, and die not except in a state of Islam [as Muslims] with complete submission to Allah. We are following up with great interest and extreme concern the crusaders' preparations for war to occupy a former capital of Islam, loot Muslims' wealth, and install an agent government, which would be a satellite for its masters in Washington and Tel Aviv, just like all the other treasonous and agent Arab governments. This would be in preparation for establishing the Greater Israel. Allah is sufficient for us and He is the best disposer of affairs. 'Unjust war' Amid this unjust war, the war of infidels and debauchees led by America along with its allies and agents, we would like to stress a number of important values: First, showing good intentions. This means fighting should be for the sake of the one God. It should not be for championing ethnic groups, or for championing the non-Islamic regimes in all Arab countries, including Iraq. God Almighty says: "Those who believe fight in the cause of Allah, and those who reject faith fight in the cause of evil." So fight ye against the friends of Satan: feeble indeed is the cunning of Satan. Second, we remind that victory comes only from God and all we have to do is prepare and motivate for jihad. God Almighty says: "Oh ye who believe! If ye will help the cause of Allah, He will help you and plant your feet firmly." We must rush to seek God Almighty's forgiveness from sins, particularly the grave sins. Prophet Muhammad, God's peace be upon him, said: "Avoid the seven grave sins; polytheism, sorcery, killing, unless permitted by God, usury, taking the money of orphans, fleeing from combat, and slandering innocent faithful women." Also, all grave sins, such as consuming alcohol, committing adultery, disobeying parents, and committing perjury. We must obey God in general, and should in particular mention the name of God more before combat. 'Media machine' Abu-al-Darda, may God be pleased with him, said: "Perform a good deed before an attack, because you are fighting with your deeds." Third, we realized from our defence and fighting against the American enemy that, in combat, they mainly depend on psychological warfare. This is in light of the huge media machine they have. They also depend on massive air strikes so as to conceal their most prominent point of weakness, which is the fear, cowardliness, and the absence of combat spirit among US soldiers. Those soldiers are completely convinced of the injustice and lying of their government. They also lack a fair cause to defend. They only fight for capitalists, usury takers, and the merchants of arms and oil, including the gang of crime at the White House. This is in addition to crusader and personal grudges by Bush the father. Trench warfare We also realized that one of the most effective and available methods of rendering the air force of the crusader enemy ineffective is by setting up roofed and disguised trenches in large numbers. I had referred to that in a previous statement during the Tora Bora battle last

